




Rapport
3 – 2000

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Landbruksavdelinga



**Biologiske undersøkingar
i fjellgardane og seterdalane
i Grøvuvassdraget, Sunndal kommune**

Statusrapport for kulturlandskapet

John Bjarne Jordal

**Biologiske undersøkingar
i fjellgardane og seterdalane
i Grøvuvassdraget, Sunndal kommune.**

Statusrapport for kulturlandskapet.



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbruksavdelinga**



**Sunndal kommune
kulturetaten**

Adresse til forfattaren:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45
epost: bijordal@online.no

Rapporten kan tingast frå:

Sunndal kommune, kulturetaten
Rådhuset
6600 Sunndalsøra
tlf. 71 69 91 70

eller

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbruksavdelinga
6404 Molde
tlf. 71 25 80 00

Denne rapporten kan refererast som:

Jordal, J. B., 2000: Biologiske undersøkingar i fjellgardane og seterdalane i Grøvvuvassdraget, Sunndal kommune. Statusrapport for kulturlandskapet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, rapport nr. 3-2000. 84 s. ISSN 0906-0363. ISBN 82-91585-12-1.

Framsidefoto:

Kulturlandskapet i Grøvvuvassdraget er uvanleg artsrikt, og er høgt prioritert i ein nasjonal rapport om bevaring av verdifulle kulturlandskap. Biletet viser ei blomstereng ved gammelhusa i Svøu. Denne rapporten gjer opp status for dei biologiske verdiane i området. Fråflyttingsspørkset trugar, og det er ei stor utfordring å ta vare på desse verdiane for framtida. Foto: Øivind Leren.

FØREORD

Sunndal kommune har i dag mykje kulturlandskap som er meir eller mindre vedlikehalde. Ein ser ein tendens til at kulturlandskap som er lite brukta fort gror att. Vi treng gode svar på korleis ein tek vare på desse områda som kulturlandskap med dei kvalitetane som ligg i dei. Kulturlandskapet tek ikkje vare på seg sjølv.


I Sunndal kommune står mykje av kulturlandskapet i fare for å bli sterkt endra på grunn av endra bruk. Det har tidlegare vore drøfta å laga ein forvaltningsplan for kulturlandskapet i fjellgardane. Dette er dels for å styrke omsynet til jordbruksnæringa og busetnaden i området, og dels for å vita kva kultur- og naturverdiar ein forvaltar på det einskilde bruk.

Kulturetaten i Sunndal har engasjert John Bjarne Jordal til å fylla opp hola i kunnskapen om kulturlandskapsverdiane i området. Han har i to sesongar reist rundt og registrert interessante plantesamfunn på gammal kulturmark, m. a. gamle slåtteenger og beite, særleg slike som har vore lite pløgd og lite gjødsla.

Den biologiske undersøkinga som blir presentert her skal vera basisen i den endelege forvaltningsplana for området. Vidare skal det vera ein mal for arbeid med ei kulturlandskapsplan for heile kommunen, og inngå som ein del i denne. Grøvvassdraget er eit av dei utvalde områda i nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal, og store delar av området ligg innanfor områda i «Verneplan for Dovrefjell». Området har fleire gardsbruk, men aktiviteten inna jord- og skogbruket er minkande. Dette vil få konsekvensar for kulturlandskapet, og det er og sett i gang eit prosjekt med områdetiltak for dei involverte gardsbruka.

Takk til politikarane i Sunndal som greier å sjå verdien av dette, til John Bjarne for eit godt utført arbeid, og takk til Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen som tek rapporten inn mellom sine.

Sunndalsøra, desember 2000




Oddbjørn Svisdal

*Kulturvernkonsulent
i Sunndal kommune*

INNHOLD

| | |
|-------------------------------------|----|
| INNHOLD..... | 5 |
| SAMANDRAG..... | 7 |
| INNLEIING..... | 9 |
| MATERIALE OG METODAR..... | 11 |
| RESULTATOVERSIKT..... | 14 |
| OMRÅDESKILDRINGAR FJELLGARDANE..... | 31 |
| OMRÅDESKILDRINGAR LINDALEN..... | 44 |
| OMRÅDESKILDRINGAR REPPDALEN..... | 46 |
| OMRÅDESKILDRINGAR GRØVUDALEN..... | 47 |
| OMRÅDESKILDRINGAR GEITÅDALEN..... | 56 |
| OMRÅDESKILDRINGAR GRØDALEN..... | 58 |
| OPPSUMMERING, TILRÅDINGAR..... | 61 |
| LITTERATUR..... | 64 |
| VEDLEGG 1 - PLANTELISTER..... | 66 |
| VEDLEGG 2 - SOPPLISTER..... | 74 |



Kart over undersøkingsområdet.

SAMANDRAG

Generelt

Området som er omfatta av rapporten er kulturlandskap i Grøvvassdraget ned til Snøgutu og Svorundøya. Ein nyttar namnet fjellgardane om gardane i området (Jenstadgardane, Lundlia, Svisdalgardane, Svøu, Tøftvangen, Hafsåsgardane og Røymogardane) og plassar i nærleiken av desse. Det øvrige kulturlandskapet blir gjerne omtala som seterdalane (Lindalen, Reppdalen, Grøvudalen, Geitådalen, Grødalen vestover til Mælesetra). I samband med det planarbeidet som pågår i samband med utviding av Dovrefjell nasjonalpark m.m. er kulturmark på og nær gardar og plassar i fjellgardane i Sunndal kommune undersøkt med omsyn på vegetasjon, flora og soppflora. Fuglefaunaen er og omtala der den er kjent. Tidlegare undersøkingar i seterdalane i Grøvvassdraget er innarbeidde. Oppdraget er utført for og betalt av Sunndal kommune.

Feltarbeid

Dei fleste bruk og plassar i vassdraget er undersøkt i 1999. Seterdalane er undersøkte i samband med tidlegare prosjekt. Det er i alt undersøkt 48 lokalitetar. Vegetasjon, flora, soppflora og fuglefauna er skildra.

Definisjonar

Undersøkinga er konsentrert omkring *naturbeitemarker* og gamle *slåtteenger*, som i jordbrukslandskapet har vist seg å vera mest interessant med omsyn på biologisk mangfald. Dette er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbeite og kultureng der ein gjødslar og pløyar som ein del av drifta. Naturbeitemarker og naturenger har ei rekke spesielle artar av planter og sopp. *Naturengplanter* er planter knytt til naturbeitemarker, dei toler lite gjødsling og lite attgroing. *Seterplanter* er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda. Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i seterområda og i engsnøleie i fjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengplanter". *Beitemarksopp* er sopp knytt til naturbeitemarker, dei toler på same måte som naturengplantene lite gjødsling og lite attgroing.

Verdsetting

Vegetasjonstypar og forekomst av naturengplanter og seterplanter (artstal og artsutval) er brukt til å verdsetta lokalitetane eller områda. Driftshistorie og tilstand (hevd/attgroing) er og med i vurderinga. Brukte kategoriar er A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig) (DN 1999a). Forfattaren har data for over 500 kulturlandskapslokalitetar i fylket. Av 17 lokalitetar i Møre og Romsdal over 200 meter over havet, og med meir enn 20 naturengplanter, ligg heile 16 i undersøkingsområdet. Av 28 innlandslokalitetar i fylket med sum naturengplanter + seterplanter på meir enn 25 ligg heile 26 i undersøkingsområdet. Fjellgardane og seterdalane i området står dermed i ei særstilling når det gjeld artsrikdom, og har ei rekke planter og vegetasjonstypar som ikkje finst elles i fylket, eller som berre har spreidde og små førekommstar andre stader. 10 av desse artane står på den norske raudlista (artar som er truga eller sårbare pga. menneskeleg påverknad). Det som trugar dei er opphøyr av tradisjonell jordbruksdrift i form av slått eller beiting. *Seterdalane i Grøvvassdraget og gardsbruka og plassane i fjellgardane utgjer til saman eit kulturlandskapsområde som er heilt eineståande i fylket, og som truleg har få parallellar elles.*

Skjøtsel

Skjøtsel av artsrike kulturlandskap har heilt til dei siste åra vore ei sak for den einskilde grunneigar/brukar. Artsrike naturbeitemarker og gamle ugjødsla slåtteenger går no raskt ut av bruk dersom ikkje det offentlege grip inn i sterkare grad. Årsaka til dette er den generelle utviklinga i landbruket, der arbeidsintensive arbeidsmetodar og lågproduktive areal etter kvart har liten plass. Det er ei utfordring for det offentlege i samarbeid med grunneigarar/brukarar å koma fram til måtar å ta vare på desse artsrike kulturmarkstypane. Både kommunen og Fylkesmannen bør kunne bidra økonomisk slik at også arbeid som er økologisk viktig, men lite lønsamt, kan halda fram. I eit mykje brukt utfartsområde for lokalbefolking og turistar bør og kunnskapen om det tradisjonelle kulturlandskapet og innsatsen for å ta vare på det spreiaast til ålmenta og skular ved ulike informasjonstiltak.

Jordbruksdrift, utmarksbeite og seterdrift må bevarast

Presset i retning stordrift og høg effektivitet er sterkt. I tillegg opplever husdyrbruket mange andre problem, som sjukdom, rovdyr, forfall i gjerdehaldet m.m. I eit område som fjellgardane er det lett at dei vanskelege rammevilkåra fører til pessimisme, nedlegging og fråflytting. Ei slik utvikling vil ha mange uønskte konsekvensar. Om beitinga i seterdalane skal halda fram, er det i naudsynt at dei totale rammevilkåra ikkje blir for vanskelege. I dette ligg m. a. at einartsforvaltning av t. d. rovdyr ikkje må stå over og stengja for ei heilskapleg områdeforvaltning som tek tilstrekkeleg omsyn til alle biologiske og kulturelle verdiar, inkludert jordbrukslandskapet. I ei slik heilskapleg områdeforvaltning bør ein ha som førsteprioritet å bevare busettaden og jordbruksdrifta i fjellgardane, og kulturpåverknaden i form av beiting og tradisjonell seterdrift i Grøvdalen. Dei andre seterdalane er og verdfulle, men kan ha noko lågare prioritet. Dei verkemidla ein nyttar og dei tiltaka ein set inn bør vera sterke nok til å nå desse måla. *Dei biologiske verdiane i området er eit resultat av mange hundre års kontinuerleg bruk, og det er svært viktig å sikra at denne kontinuiteten ikkje blir broten.*

INNLEIING

Rapporten presenterar resultat frå biologiske undersøkingar av gammal kulturmark i fjellgardane i 1999. Seterdalane i Grøvvassdraget er undersøkt tidlegare av rapportforfattaren m. fl., og resultatet av dette er også innarbeida i den føreliggjande rapporten.

Formålet med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om verdifulle kulturlandskap i og omkring fjellgardane i Sunndal kommune. Dessutan ønskjer ein å få samla alt som er kjent om biologiske tilhøve i kulturlandskapet i heile vassdraget (inkludert seterdalane) på ein stad (statusrapport). Det er også viktig å peike på faktorar og tiltak som er naudsynte for å bevara kvalitetane i desse områda. Rapporten skal halda eit fagleg forsvarleg nivå, og samstundes vera eit reiskap for forvaltninga og grunneigarane.

Når det gjeld tidlegare undersøkingar som berører biologiske tilhøve tilknytta kulturmark i Grøvvassdraget kan følgjande nemnast:

- Dahl (1892, 1893): rapportar om botaniske oppdagingsreiser på 1890-talet, mest om fjellplanter, litt om vegetasjonen i dalbotnen i Grøvudalen
Nordhagen (1938): populær gjennomgang av floraen generelt i området
Mogstad (1964): beitegranskingar i vassdraget
Jordal m. fl. (1974, 1975): oppsummerer det som er kjent om virveldyrfaunaen i området, inkl. kulturlandskapet
Hagen (1976a, 1976b): hovudfagsoppgåve om floraen i Grøvudalen, Reppdalen og Geitådalen, rapport om det same
Holten (1979): botaniske undersøkingar i Grødalen og Lindalen
Aune & Holten (1980): botaniske undersøkingar i Grødalen i samband med planer om kraftutbygging (mest vestre del)
Rekdal (1980): beitegranskingar i vassdraget med vekt på Grøvudalen
Bevanger & Jordal (1981): oppsummering av fuglefaunaen i Drivavassdraget, inkl. ein del data om kulturlandskapet i Grøvvassdraget
Aksjon varig vern av Grøvu (1983): artikkelsamling om ulike tema frå vassdraget, både flora, fauna, beitetilhøve og seterdrift
Holten & Wilman (1996): botaniske undersøkingar i Grødalen som ledd i EU-prosjekt om klimaendring, lite om kulturlandskap
Elven m. fl. (1996): samanstilling av kjent botanisk kunnskap om området
Jordal & Sivertsen (1992), Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1997, 1998b): omhandlar eigne kulturlandskapsundersøkingar, særleg i fjelldalane

Den føreliggjande rapporten kjem etter omfattande eigne registreringar av gammal kulturmark elles i fylket i perioden 1992-99, der over 500 lokalitetar er oppsøkt og undersøkt (jfr. t. d. Jordal & Gaarder 1999). Det er stort sett same metode som er brukt over heile fylket. Dette gjer det lett å setta lokalitetane i fjellgardane og seterdalane inn i eit større perspektiv både når det gjeld vegetasjon, artsutval og driftshistorie. Seterdalane er og samanlikna med tilsvarende undersøkingar i andre sentrale fjellstrokk i Sør-Norge (Gaarder & Jordal 1996, Jordal & Gaarder 1996).

Nokre begrep:

Naturbeitemarker og *naturenger* er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbeite og kultureng der ein gjødslar og pløyar som ein del av drifta. Naturbeitemarker og naturenger har ei rekke spesielle artar av planter og sopp.

Grasmarkssopp er soppartar som på ulikt vis er knytt til grasmarker, for det meste som nedbrytarar av organisk materiale. *Beitemarkssopp* er grasmarkssopp som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarker og naturenger. Av rundt 141 slike artar som er kjent frå Norge, er til no 102 artar funne i Møre og Romsdal.

Engplanter er planter som er knytt til engsamfunn, dvs. gras- og urterike plantesamfunn i ope lende utan eller med liten tresetting, og dermed mykje lysinnstråling. *Naturengplanter* er engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing. *Seterplanter* er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda. Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i seterområda og i engsnøleie i fjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengplanter". I fylket vårt har vi tidlegare definert 79 planteartar som naturengplanter og 43 som seterplanter (Jordal & Gaarder 1995).

MATERIALE OG METODAR

Utval av lokalitetar, forarbeid

Utvælet av lokalitetar er gjort av prosjektleiar John Bjarne Jordal i samråd med kulturvernkonsulent Oddbjørn Svisdal i kulturetaten i kommunen.

Feltarbeid

Feltarbeidet er utført av John Bjarne Jordal. Det er i 1999 undersøkt 25 lokalitetar (gardsbruk og plassar) i fjellgardane. På lokalitetane er det notert hovudtrekk ved vegetasjonstypar, noverande bruk og tilstand (hevd/attgroing), husdyrslag m.m. Det er tatt opp plantelister, og eventuell beitemarkssopp er registrert. Fuglefunaen er tatt med der det er gjort interessante observasjonar. Sidan rapportmanus har blitt liggjande utrykt ei tid, er det gjort litt supplering i samband med observasjonar gjort på private turar i 2000, m. a. er 2 nye lokalitetar skildra.

Namnsetting av artar, dokumentasjon

Namnsetting av planter følgjer Lid & Lid (1994). Namnsetting av fagervokssopp (*Hygrocybe*) følgjer Boertmann (1995). Raudskivesopp er bestemt ved hjelp av Noordeloos (1992, 1994). Alle andre soppartar er bestemt ved hjelp av Hansen & Knudsen (1992, 1997). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996). Sjeldne eller interessante soppartar og karplanter er tekne vare på i tørka tilstand, og blir sendt til Botanisk Museum i Oslo.

Områdeskildring

I fjellgardane er dei ulike bruka omtala for seg. Innanfor kvart bruk kan det finnast fleire ulike verdifulle lokalitetar, men desse er omtala under same overskrift, fordi eit bruk oftast er ei forvaltingseining dersom det blir tale om å gå inn med tiltak. Måten lokalitetane er skildra på er beskrevne av Jordal & Gaarder (1997). Den føreliggjande rapporten innholdt dei fleste opplysningar som er tilrådd av DN (1999a). Bygningar og andre kulturspor er nemnt av og til. Dei verdifulle lokalitetane er avmerka på økonomisk kart i målestokk 1:5000 som er overlevert kommunen.

Vegetasjon

Vegetasjonen er klassifisert som beskrive av Fremstad (1997), med ein del eigne justeringar og forklaringar. Dei viktigaste registrerte vegetasjonstypane er:

- B2c kalklågurtbjørkeskog
- C2a høgstaudebjørkeskog
- C2c lågurtutforming (av høgstaudebjørkeskog), kalla gras- og urterik fjellbjørkeskog i rapporten
- E3 gråor-bjørk-viersumpskog
- F1a rasmark, tørr gras-urt-utforming
- F2c berg, baserik utforming
- G2 blåtopp-eng
- G3 sølvbunke-eng
- G4 frisk fattigeng
- G4a engkvein-gulaks-eng
- G4c fjelltimotei-seterrapp-eng
- G5 finnskjegg-sauesvingel-eng
- G5c sauesvingel-eng

- G7b tørreng, dunhavre-eng
- G8 flekkmure-sauesvingel-eng
- G12c våt/fuktig, middels næringsrik eng, mjødurt-utforming
- G13 skogstorkenebbeng
- G14 frisk næringsrik gammeleng
- M2 rik fastmattemyr
- M3 ekstremrik fastmattemyr
- R3a reinrose-gras-lavrabb, bergstorr-sauesvingel-rabbitust-utforming
- S1 alpin røsslynghei
- S6b fattig høgstaude-eng og -kratt, urterik utforming
- S7 rik høgstaude-eng og -kratt
- T3b rikt engsnøleie, fjellsøleie-fjellrapp-utforming
- T4 musøyresnøleie

Naturtypar

Naturtypar er beskrive som tilrådd i DN-handboka (DN 1999a). Ein registrerer her ikkje vanlege naturtypar, men meir det som i andre samanhengar blir omtala som nøkkelbiotopar. Ein nøkkelbiotop er eit område som inneheld ein eller fleire naturtypar med viktig/sjeldan artsinventar og/eller viktig funksjon. Ein nøkkelbiotop inneheld ofte eit biologisk mangfald som er uvanleg i landskapet elles. Dei viktigaste registrerte nøkkelbiotoptypane er:

Kulturlandskap:

- Slåtteenger
- Naturbeitemark
- Hagemark
- Skogsbeite
- Fuktenger
- Kalkrike enger

Ferskvatn:

- Fossesprøytonar

Skog:

- Kalkskog
- Bjørkeskog med høgstauder

Verdsetting

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekommstar eller er i framgang

Det viktigaste som er vektlagt er utvalet av vegetasjonstypar, naturengplanter, seterplanter og beitemarkssopp. I tillegg må ein vurdera kunnskapsgrunnlaget (er lokaliteten godt nok undersøkt?), storleiken, førekomst av sjeldne eller truga artar m.m. Her viser vi til Jordal & Gaarder (1995, 1997, 1998b) og Jordal (1997). Verdettingsmetoden samsvarar med tilrådingane i DN-handboka, og har dels vore underlagsmateriale for denne. Det har vore

vanskeleg å framskaffa gode grunnlagsdata på beitemarkssopp i undersøkingsområdet, på grunn av mykje tørke og tidleg frost. Beitemarkssopp er derfor lite vektlagt i denne rapporten.

Kategoriar og kriteriar

Ein viser her berre til verdettingskriteria i DN (1999a). Kategoriene her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike.

For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte. Kriteria for desse kategoriene gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar med klare biologiske verdiar, men som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig.

Avvik fra DN-handboka i denne rapporten

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på følgjande punkt:

- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig).

Dette kriteriet gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- | | |
|--------------------------|--|
| A (svært viktig) | velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling (i låglandet gjerne med raudlisteartar i kategori truga eller sårbare) |
| B (viktig) | lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande |
| C (lokalt viktig) | lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller därleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling. |

RESULTATOVERSIKT

Generelt

Innsamla biologiske rådata i form av artslister for lokalitetane er presenterte i vedlegg attast i rapporten:

- Vedlegg 1 inneholder lister over plantefunn på kvar lokalitet.
- Vedlegg 2 inneholder lister over soppfunn på kvar lokalitet.

Ein del bearbeidde nøkkeldata som er viktige for verdsetting av lokalitetane er presenterte i dette kapitlet. Dette gjeld følgjande tabellar:

- Tabell 1 inneholder ei oversikt over ein del geografiske data for dei lokalitetane som er undersøkte: lokalitetsnamn, dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1:50000), UTM-koordinatar (WGS84 for alle lokalitetar) og høgd over havet.
- Tabell 2 inneholder oversikt over observerte planteartar, og inndeling i naturengplanter, seterplanter og andre til bruk ved verdsetting
- Tabell 3 inneholder oversikt over observerte soppartar med poengtal til bruk ved verdsetting og eventuell raudlistestatus
- Tabell 4 viser oversikt over fugleartar med tilknyting til kulturlandskap i vassdraget
- Tabell 5 viser alle lokalitetane sorterte kommunevis med talet på plante- og soppartar, truga artar, og verdivurdering
- Tabell 6 viser lokalitetar med soppfunn sorterte etter avtakande tal poeng for beitemarkssopp
- Tabell 7 viser funn av raudlisteartar
- Tabell 8 viser oversikt over norske ansvarsartar som er funne i undersøkingsområdet

Generelle lokalitetsdata

Tabell 1. Undersøkte lokalitetar med dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1: 50 000), UTM-koordinatar for midtpunktet i lokaliteten, høgd over havet i meter(nøyaktigkeit ± 10 m).

| Lokalitetsnamn | Datoar for besøk | Kartblad | UTM | Høgde |
|----------------------|--|---------------------|------------|---------|
| Svorundøya | 16.07.1999 | 1420 II Romfo | NQ 041 329 | 270 |
| Jenstad: Bruøya | 16.07.1999 | 1420 II Romfo | NQ 036 322 | 290 |
| Jenstad: Haugen | 16.07.1999, 28.09.1999 | 1420 II Romfo | NQ 035 309 | 460-480 |
| Jenstad: hovedbruket | 16.07.1999, 09.08.1999 | 1420 II Romfo | NQ 034 307 | 420-490 |
| Jenstad: Oppistu | 16.07.1999 | 1420 II Romfo | NQ 036 306 | 490-520 |
| Åmotan: Vettlenget | 09.08.1999 | 1420 II Romfo | NQ 031 308 | 340 |
| Lundlia | 20.07.1999 | 1419 I Storskrymten | NQ 032 297 | 620-650 |
| Svisdal: Bortstu | 14.07.1999 | 1420 II Romfo | NQ 026 314 | 500-650 |
| Svisdal: Lykkja | 16.07.1999, 28.09.1999 | 1420 II Romfo | NQ 028 316 | 540-640 |
| Svisdal: Nestu | 30.08.1994, 14.07.1999 | 1420 II Romfo | NQ 026 313 | 500-650 |
| Svisdal: Osphjellen | 09.08.1999 | 1420 II Romfo | NQ 031 311 | 440 |
| Svøu | 28.06.1994, 30.08.1994, 28.06.1998, 14.07.1999, 26.06.2000 | 1420 II Romfo | NQ 026 309 | 520-620 |
| Svøu: Johanslia | 14.07.1999 | 1420 II Romfo | NQ 024 309 | 600-640 |

Tabell 1 forts.

| Lokalisetsnamn | Datoar for besøk | Kartblad | UTM | Høgde |
|----------------------------------|---|---------------------|------------|---------|
| Hafsåsen: Åsattløgu | 06.09.1993, 28.06.1994, 22.08.1994, 18.09.1994, 25.08.1995, 27.08.1996, 02.09.2000 | 1420 II Romfo | MQ 993 321 | 800 |
| Hafsåsen: Øststu | 17.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 988 317 | 770 |
| Hafsåsen: Trøa & Bortategjerdet | 17.09.1999 | 1420 II Romfo | MQ 993 318 | 720-760 |
| Hafsåsen: Bjørklund | 19.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 988 312 | 730 |
| Hafsåsen: Skålvolen | 19.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 987 309 | 720 |
| Hafsåsen: Hagaslettet | 19.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 980 305 | 770 |
| Hafsåsen: Leirgrova | 19.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 974 298 | 770 |
| Hafsåsen: Sivertslettet | 19.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 971 301 | 860 |
| Røymo: Ivarstu | 20.07.1999 | 1419 I Storskrymten | MQ 984 298 | 720 |
| Røymo: Kristenstu | 20.07.1999 | 1419 I Storskrymten | MQ 985 298 | 720 |
| Røymo: Utistu | 20.07.1999 | 1419 I Storskrymten | MQ 983 297 | 720 |
| Lindalen: Gammelsetra | 25.08.1994, 26.07.1995, 25.08.1995 | 1420 II Romfo | NQ 060 300 | 810 |
| Lindalen: Middagshjellan | 05.08.1993, 25.08.1995 | 1419 I Storskrymten | NQ 044 293 | 780 |
| Reppdalen: Reppdalssetra | 05.09.1996 | 1419 I Storskrymten | NQ 017 267 | 900-930 |
| Grøvudalen: Nosa | 28.09.1999 | 1419 I Storskrymten | MQ 971 288 | 880 |
| Grøvudalen: Slett overfor Hallen | 28.09.1999 | 1419 I Storskrymten | MQ 972 283 | 830 |
| Grøvudalen: Hallen | 31.07.1994, 25.08.1995, 27.08.1996, 16.09.1997 | 1419 I Storskrymten | MQ 973 283 | 780 |
| Grøvudalen: Myrasetra | 27.08.1996 | 1419 I Storskrymten | MQ 967 276 | 810-850 |
| Grøvudalen: Styggmarkja | 27.08.1996 | 1419 I Storskrymten | MQ 966 271 | 840 |
| Grøvudalen: Bukta | 01.09.1992, 26.08.1996, 16.09.1997 | 1419 I Storskrymten | MQ 964 263 | 830-840 |
| Grøvudalen: Nysetra | 26.08.1995, 26.08.1996, 16.09.1997, 25.07.1998, 02.09.2000 | 1419 I Storskrymten | MQ 961 254 | 840 |
| Grøvudalen: Flysetra | 26.08.1995, 27.08.1996 | 1419 I Storskrymten | MQ 953 237 | 840 |
| Grøvudalen: Gammelsetra | 21.08.1981, 10.09.1981, 29.07.1989, 01-02.09.1992, 26.08.1995, 27.08.1996, 16.09.1997, 26.07.1998, 02.09.2000 | 1419 I Storskrymten | MQ 948 238 | 850 |
| Grøvudalen: Haualykka | 03.09.2000 | 1419 I Storskrymten | MQ 943 227 | 860 |
| Grøvudalen: Kongsvoll | 13.08.2000 | 1419 I Storskrymten | MQ 936 235 | 1280 |
| Grøvudalen: Storvollen | 26.08.1995, 26.08.1996, 03.09.2000 | 1419 I Storskrymten | MQ 946 222 | 870 |
| Grøvudalen: Fægran | 26.08.1996 | 1419 I Storskrymten | MQ 960 204 | 940 |
| Geitådalen: Hafsåssetra | 18.08.1994 | 1420 II Romfo | MQ 950 303 | 900 |
| Geitådalen: Fahlesetra | 17.08.1994 | 1419 I Storskrymten | MQ 933 296 | 950 |
| Grødalens: Nylykkja | 19.07.1999, 28.09.1999 | 1420 II Romfo | NQ 015 325 | 720 |
| Grødalens: Tøftvangen | 20.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 996 335 | 720 |
| Grødalens: Gjerdavangen | 20.07.1999 | 1420 II Romfo | MQ 994 337 | 720 |
| Grødalens: Vangan | 13.08.1993, 21.08.1993, 27.08.1993, 06.09.1993, 23.08.1994, 18.09.1994, 25.08.1995 | 1420 II Romfo | MQ 981 339 | 740 |
| Grødalens: Gammelsetra N | 26.07.1995, 25.08.1995 | 1420 II Romfo | MQ 973 363 | 750 |
| Grødalens: Gammelsetra S | 26.07.1995, 25.08.1995 | 1420 II Romfo | MQ 972 361 | 750 |
| Grødalens: Hovensemsetra | 26.08.1994 | 1420 II Romfo | MQ 929 385 | 720 |
| Grødalens: Mælesetra | 26.08.1994 | 1420 II Romfo | MQ 920 388 | 720 |

Biologiske data

Artsoversikt grasmarkssopp

Tabell 2. Liste over grasmarkssopp funne på kulturmark i Grøvuvassdraget sitt nedbørfelt (ca. 92 artar) med latinsk og norsk namn, artspoeng (P) og raudlistekategori (K) som grunnlag for verdsetting av lokalitetar. Alle artar med 1-8 poeng kallast beitemarkssopp (sjå innleininga), og er nokså spesialisert til naturbeitemarker. Artar med 0 poeng reknast ikkje som beitemarkssopp. Lista følgjer Jordal (1997) og Bendiksen m. fl. (1997).

Forklaring på forkortingar:

P - artspoeng for beitemarksopp, K - raudlistekategori, R - sjeldan (rare), DC - hensynskrevande (declining, care demanding)

| Latinsk namn | Norsk namn | P | K |
|----------------------------------|-------------------------------|---|----|
| <i>Agaricus campestris</i> | beitesjampinjong | 0 | |
| <i>Arrenia acerosa</i> | stilkmosekantarell | 0 | |
| <i>Bolbitius vitellinus</i> | halmsopp | 0 | |
| <i>Bovista nigrescens</i> | stor eggroyksopp | 0 | |
| <i>Calocybe carneae</i> | rosafagerhatt | 0 | |
| <i>Calvatia excipuliformis</i> | stilkroyksopp | 0 | |
| <i>Calvatia utriformis</i> | ruterøyksopp | 0 | |
| <i>Clavaria argillacea</i> | torvköllesopp | 0 | |
| <i>Clavaria tenuipes</i> | | 0 | R |
| <i>Clavulinopsis corniculata</i> | gul småfingersopp | 2 | |
| <i>Clavulinopsis helvola</i> | gul småköllesopp | 1 | |
| <i>Clavulinopsis laeticolor</i> | stilkroyksopp | 2 | |
| <i>Clitocybe clavipes</i> | klubbetraktsopp | 0 | |
| <i>Clitocybe fragrans</i> | kvit anistraktsopp | 0 | |
| <i>Clitocybe gibba</i> | sommartraktsopp | 0 | |
| <i>Clitocybe vibecina</i> | grå mjøltraktsopp | 0 | |
| <i>Clitocybe sp.</i> | traktsopp-art | 0 | |
| <i>Clitopilus scyphoides</i> | dvergmjølsopp | 0 | |
| <i>Collybia dryophila</i> | bleik flathatt | 0 | |
| <i>Conocybe sp.</i> | kjeglesopp-art | 0 | |
| <i>Coprinus sp.</i> | blekksopp-art | 0 | |
| <i>Cystoderma amianthinum</i> | okergul grynhatt | 0 | |
| <i>Cystoderma granulosum</i> | raudbrun grynhatt | 0 | |
| <i>Entoloma asprellum</i> | blåstilka raudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma caeruleopolitum</i> | glasblå raudskivesopp | 1 | DC |
| <i>Entoloma conferendum</i> | stjernespora raudskivesopp | 0 | |
| <i>Entoloma fernandae</i> | filtraudskivesopp | 0 | |
| <i>Entoloma griseocyaneum</i> | lillagrå raudskivesopp | 2 | DC |
| <i>Entoloma infula</i> | bleikskiva raudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma jubatum</i> | semska raudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma juncinum</i> | striperaudskivesopp | 0 | |
| <i>Entoloma lividocyanulum</i> | | 2 | |
| <i>Entoloma longistriatum</i> | | 1 | |
| <i>Entoloma melanochroum</i> | | 2 | |
| <i>Entoloma papillatum</i> | vorteraudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma poliopus</i> | tjøreraudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma pseudoturci</i> | | 2 | |
| <i>Entoloma sericellum</i> | silkeraudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma sericeum</i> | beiteraudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma serrulatum</i> | mørktanna raudskivesopp | 1 | |
| <i>Entoloma subarctica</i> | | 0 | |
| <i>Entoloma sp.</i> | | 1 | |
| <i>Galerina sp.</i> | | 0 | |
| <i>Geoglossum arenarium</i> | sandjordtunge | 0 | |

| Latinsk namn | Norsk namn | P | K |
|-----------------------------------|-----------------------|---|----|
| <i>Geoglossum starbæckii</i> | vanleg jordtunge | 2 | |
| <i>Hemimycena delectabilis</i> | lutvranghette | 0 | |
| <i>Hygrocybe ceracea</i> | skjørvokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe citrinopallida</i> | eggegul vokssopp | 0 | |
| <i>Hygrocybe coccinea</i> | mønjevokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe conica</i> | kjeglevokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe helobia</i> | brunfnokka vokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe insipida</i> | liten vokssopp | 2 | |
| <i>Hygrocybe lacmus</i> | skifervokssopp | 2 | DC |
| <i>Hygrocybe laeta</i> | seig vokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe laeta var. flava</i> | seig vokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe miniata</i> | liten mønjevokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe mucronella</i> | bitter vokssopp | 2 | DC |
| <i>Hygrocybe nitrata</i> | lutvokssopp | 2 | |
| <i>Hygrocybe persistens</i> | spissvokssopp | 4 | DC |
| <i>Hygrocybe pratensis</i> | engvokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe reidii</i> | honningvokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe russocoriacea</i> | russelærsvokssopp | 2 | DC |
| <i>Hygrocybe salicisherbaceae</i> | fjellvokssopp | 2 | |
| <i>Hygrocybe turunda</i> | mørkskjela vokssopp | 2 | DC |
| <i>Hygrocybe virginea</i> | snøkvit vokssopp | 1 | |
| <i>Hygrocybe xanthochroa</i> | | 0 | |
| <i>Laccaria laccata</i> | vanleg lakssopp | 0 | |
| <i>Laccaria proxima</i> | stor lakssopp | 0 | |
| <i>Lycoperdon nigrescens</i> | mørk vorterøyksopp | 0 | |
| <i>Lycoperdon perlatum</i> | pærerøyksopp | 0 | |
| <i>Lycoperdon sp.</i> | royksopp-art | 0 | |
| <i>Marasmius oreades</i> | nelliksopp | 0 | |
| <i>Melanoleuca cognata</i> | vårmunkehatt | 0 | |
| <i>Melanoleuca subalpina</i> | kvit fjellmunkehatt | 1 | |
| <i>Mycena flavoalba</i> | elfenbeinshette | 1 | |
| <i>Mycena leptocephala</i> | lita luthette | 0 | |
| <i>Mycena pura</i> | reddikhette | 0 | |
| <i>Panaeolus acuminatus</i> | slank flekkskivesopp | 0 | |
| <i>Panaeolus fimiputris</i> | gjødselringssopp | 0 | |
| <i>Panaeolus foenisecii</i> | slåttesopp | 0 | |
| <i>Panaeolus sphinctrinus</i> | vanleg flekkskivesopp | 0 | |
| <i>Psilocybe iniquilina</i> | grasfleinsopp | 0 | |
| <i>Psilocybe merdaria</i> | stor møkkfleinsopp | 0 | |
| <i>Psilocybe montana</i> | raudbrun fleinsopp | 0 | |
| <i>Psilocybe semilanceata</i> | spiss fleinsopp | 0 | |
| <i>Rickenella pseudogrisella</i> | flekkmosenålehatt | 0 | |
| <i>Rickenella setipes</i> | fiolett nålehatt | 0 | |
| <i>Russula nana</i> | fjellkremle | 0 | |
| <i>Stropharia albocyanea</i> | bleikgrøn kragesopp | 1 | |
| <i>Stropharia cyanea</i> | blågrøn kragesopp | 0 | |
| <i>Stropharia semiglobata</i> | sitronkragesopp | 0 | |
| <i>Trichoglossum hirsutum</i> | svartlodnetunge | 2 | |

Kommentarar til nokre soppartar

Raudlista det er vist til, er Bendiksen m. fl. (1997). Denne er seinare tatt opp i den generelle raudlista til DN utan endringar (DN 1999b). Forekomst og utbreiing i fylket er teke frå Jordal & Gaarder (1997, 1998a,b,c) og seinare upubliserte funn.

Clavaria tenuipes

Dette er ein liten kvitaktig køllesopp som vart funnen på bekkekanten ved Tverråa innafor Gammelsetra i Grøvudalen i 1992. Han står som sjeldan på raudlista og er funnet berre to-tre gonger i Norge (Sivertsen m. fl. 1994).

***Clitopilus scyphoides* Dvergmjølsopp**

Dette er ein liten kvit skivesopp som veks på mosearten putehårtjerne. Denne mosearten er litt kalkrevande og er relativt vanleg i engsamfunn og tørrbakkar i undersøkingsområdet. Dvergmjølsopp er berre funnen på Åsattløgu i Hafsåsen og ved Gammelsetra i Grøvudalen. Dette er dei einaste funna i fylket.

***Entoloma caeruleopolitum* Glasblå raudskivesopp**

Glasblå raudskivesopp er ein beitemarkssopp som er kjent frå ei rekke lokalitetar i Møre og Romsdal, av desse Vangan i Grødalen og Åsattløgu i Hafsåsen. Arten er lite kjent i Norge utanom Møre og Romsdal, og står førebels som hensynskrevande på raudlista.

***Entoloma griseocyaneum* Lillagrå raudskivesopp**

Denne raudskivesoppen er beskrive som ein "karaktärart för ängarna" i ei undersøking av tradisjonelle ljåslättenger i Medelpad i Sverige (Lindström m. fl. 1992). I Møre og Romsdal er han funnen på 10 lokalitetar, alle verdifulle og artsrike. I undersøkingsområdet er han berre funnen på Jenstad, om lag der kraftlinia kryssar turiststien til Åmotan.

***Geoglossum starbaeckii* Vanleg jordtunge**

Dei fleste jordtunger er berre funne i låglandet. Vanleg jordtunge vart funne i 2000 ved klebersteinsberget ved Nysetra. Dette er den høgstliggjande lokaliteten for denne arten i Møre og Romsdal.

***Hygrocybe citrinopallida* Eggegul vokssopp**

Dette er ulikt dei fleste andre artane i slekta fagervokssopp ein fjellart som finst i hei og snøleie på snaufjellet. I undersøkingsområdet vart han funnen i heivegetasjon i ope lende ved Bukta i Grøvudalen. Rapportorfattaren har elles funne han på Svarthaugen ved Lindalen.

***Hygrocybe lacmus* Skifervokssopp**

Skifervokssopp står som hensynskrevande på raudlista og er kjent frå 21 lokalitetar i fylket. I undersøkingsområdet vart han funnen på Vangan i Grødalen og Gammelsetra i Grøvudalen.

***Hygrocybe nitrata* Lutvokssopp**

Dette er ein beitemarkssopp som synest å førekoma med auka hyppigkeit i seterområda, og kan dermed kallast ein seterart blant beitemarkssoppene (Jordal 1997). Han er kjent frå Vangan i Grødalen og Gammelsetra i Lindalen, og elles frå ei rekke andre lokalitetar i fylket.

***Hygrocybe persistens* Spissvokssopp**

Spissvokssopp er ein kalkrevande beitemarkssopp (hensynskrevande på raudlista) som er funnen i Hallen og Kvanngrova i Grøvudalen, forutan eit titals andre stader i fylket.

***Hygrocybe salicisherbaceae* Fjellvokssopp**

Fjellvokssopp er ein lite kjent art som er funnen naturbeitemark i Grøvudalen (Gammelsetra og Haualykja), og dessutan eit par stader i Vinstradalen i Oppdal (Jordal & Gaarder 1996). Det er få andre funn i Norge (Marstad & Enzensberger 1998, Jordal & Gaarder 1998c).

***Hygrocybe turunda* Mørkskjella vokssopp**

Mørkskjela vokssopp står som hensynskrevande på raudlista. Dette er også ein seterart blant beitemarkssoppane (Jordal 1997). Han er kjent frå 5 lokalitetar i undersøkingsområdet (tabell 6), og elles eit titals andre lokalitetar i fylket.

Hygrocybe xanthochroa

Dette er ein nær slektning av eggegul vokssopp (sjå ovanfor), og lite kjent i Norge. I undersøkingsområdet vart han berre funnen ved Nysetra i Grøvudalen, i litt heiprega vegetasjon.

***Trichoglossum hirsutum* Svartlodnetunge**

Dei fleste jordtunger er berre funne i låglandet. Svartlodnetunge er funnen ein gong på Åsattløgu i Hafsåsen, og det er det høgstliggjande funnet av denne arten i landet. Arten er funnen ca. 10 andre stader i fylket.

Artsoversikt planter

Tabell 3. Liste over planteartar (307 artar) som vart funne på kulturmark i Grøvuvassdraget sitt nedbørfelt. Artar med 1-tal bakom (og feite typar) blir rekna som naturengplanter (43 artar) og er særleg knytt til gammal kulturmark som ikkje blir pløgd eller gjødsla (sjå innleiinga). Artar med 2-tal bakom (og kursiv) blir rekna som seterplanter (42 artar). Seterplanter er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda. Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i seterområda og i engsnøleie i fjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengplanter". *raudlisteart

| | | | | | | | | | |
|-----------------------|---|--------------------------|---|--------------------------|---|--------------------|---|---------------------|---|
| agnorstorr | 0 | finnskjegg | 1 | haustmarinøkkel | 1 | myrtust | 0 | smårøyrkvein | 0 |
| aksfrytle | 2 | firkantperikum | 0 | hegg | 0 | norsk malurt | 0 | småsmelle | 0 |
| alm | 0 | <i>fjellarve</i> | 2 | hengjeaks | 0 | norsk vintergrøn | 0 | småsyre | 0 |
| aurikkelsvæve | 1 | <i>fjellaugnetrost</i> | 2 | hengjevang | 0 | nysyrrlik | 0 | småsøte | 2 |
| aurskrinneblom | 0 | <i>fjellbakkestjerne</i> | 2 | hundegras | 0 | ormetelg | 0 | småvier | 0 |
| bakkemynte | 0 | fjellbunke | 0 | hundekjeks | 0 | osp | 0 | snauveronika | 0 |
| bakkestjerne | 0 | <i>fjellfiol</i> | 2 | hundekveke | 0 | paddesiv | 0 | <i>snomure</i> | 2 |
| bakkesøte | 1 | <i>fjellfrøstjerne</i> | 2 | høy mole | 0 | perlevintergrøn | 0 | snøsildre | 0 |
| bakkeveronika | 1 | <i>fjellkattefot</i> | 2 | hårfrytle | 0 | polarvier | 0 | <i>snøsøte</i> | 2 |
| balderbrå | 0 | fjellkreling | 0 | <i>håstorr</i> | 2 | prestekrage | 1 | sotstorr | 0 |
| beitemarikåpe | 0 | fjellkurle | 0 | hårsvæve | 1 | rabbesiv | 0 | stemorsblom | 0 |
| beitesvæve-gr. | 0 | <i>fjellvein</i> | 2 | hårsvæve-gr. | 1 | <i>rabbetust</i> | 2 | <i>stivstorr</i> | 2 |
| bekkeblom | 0 | <i>fjellmarikåpe</i> | 2 | jonsokkoll | 1 | raud jonsokblom | 0 | stjernesildre | 0 |
| bekkestjerneblom | 0 | <i>fjellmarinøkkel</i> | 2 | jåblom | 1 | raudklover | 0 | stjernestorr | 0 |
| berggull | 0 | fjellminneblom | 0 | karve | 0 | raudknapp | 1 | stor myrfiol | 0 |
| bergrublom | 2 | <i>fjellnøkleblom</i> | 2 | kastanjesiv | 0 | raudsildre | 0 | stormarimjelle | 0 |
| bergkrinneblom | 1 | <i>fjellrapp</i> | 2 | kattefot | 1 | raudsvingel | 0 | stormaure | 0 |
| bergstorr | 0 | <i>fjellsnelle</i> | 2 | kjeldemarikåpe | 1 | reinfann | 0 | stornesle | 0 |
| bergveronika | 2 | <i>fjellsnelle</i> | 2 | kjeldeurt | 0 | <i>reinmjelt</i> | 2 | stortviblad | 0 |
| bjørnbrodd | 0 | fjellstjerneblom | 0 | kjertelaugnetrost | 1 | reinrose | 0 | strandøyr | 0 |
| bjørnnskjegg | 0 | fjellstorr | 0 | knereverumpe | 0 | rogne | 0 | strutsveng | 0 |
| bjørk | 0 | fjellsvæve | 0 | kornstorr | 1 | rose-art | 0 | sumphaukeskjegg | 0 |
| blankstorr | 0 | fjellsyre | 0 | krattmjølke | 0 | rosenrot | 0 | sumppmaure | 1 |
| bleikstorr | 0 | <i>fjelltimotei</i> | 2 | kreling | 0 | rukkevier | 0 | svartstorr | 0 |
| bleikvier | 0 | <i>fjellistel</i> | 2 | krusetistel | 0 | rundskolm | 1 | <i>svarttopp</i> | 2 |
| blindurt | 2 | <i>fjellveronika</i> | 2 | krypsoleie | 0 | ryllik | 0 | særbustorr | 0 |
| blokkebær | 0 | flaskestorr | 0 | kvann | 0 | rypebær | 0 | solvbunke | 0 |
| blåbær | 0 | flekkmarihand | 0 | kvassdå | 0 | røsslyng | 0 | solvture | 1 |
| blålkokke | 1 | flekkmure | 1 | keke | 0 | sandarve | 0 | solvvier | 0 |
| blåkoll | 0 | frynestorr | 0 | <i>kvitbladtistel</i> | 0 | sandfiol | 1 | takhaukeskjegg | 0 |
| blåmjelt | 0 | fugletelg | 0 | kvitkløver | 0 | sauesvingel | 1 | tepperot | 1 |
| blårapp | 0 | fuglevikke | 0 | kvitlyng | 0 | sauetelg | 0 | tettegras | 0 |
| blåtopp | 0 | furu | 0 | kvitmaure | 1 | selje | 0 | timotei | 0 |
| breeve | 2 | følblom | 0 | kvitsymre | 0 | seterarve | 2 | triltunge | 1 |
| bringebær | 0 | gaukesyre | 0 | lappvier | 0 | setergråurt | 2 | toppklokke | 0 |
| brudespore | 1 | geitram | 0 | liljekonvall | 0 | <i>setermjelt</i> | 2 | torvull | 0 |
| bråtestorr | 1 | geitsvingel | 1 | linbendel | 0 | setermjølke | 0 | <i>trefingerurt</i> | 2 |
| burøt | 0 | gjeldkarve | 1 | linnea | 0 | seterstorr | 2 | trillingsiv | 0 |
| bustnype | 0 | gjerdevikke | 0 | lintorskemunn | 0 | sisselrot | 0 | trådsiv | 0 |
| dubbestorr | 0 | gjetartaske | 0 | <i>lodnerublom</i> | 2 | skjermsvæve | 0 | tunarve | 0 |
| dunhavre | 1 | gran | 0 | lundrapp | 0 | skjørlok | 0 | tunbalderbrå | 0 |
| dunkjempe | 1 | grasstjerneblom | 0 | lækjeveronika | 1 | skogbukne | 0 | tungras | 0 |
| duskull | 0 | greplyng | 0 | lovetann | 0 | skoggrårt | 0 | tunrapp | 0 |
| dvergbjørk | 0 | groblad | 0 | maiblom | 0 | skogmarihand | 0 | turt | 0 |
| dvergråurt | 2 | <i>grønkurle</i> | 2 | marikåpe | 0 | skogrøyrkevin | 0 | <i>tuvearve</i> | 2 |
| dvergjamne | 1 | gronstorr | 0 | marinøkkel | 1 | skogsiv | 0 | tviskjeggveronika | 0 |
| dvergmispel | 0 | grønvier | 0 | markjordbær | 0 | skognnelle | 0 | tyrihjelm | 0 |
| dvergsnelle | 2 | grøvdalsvalmue | 0 | markrapp | 0 | skogstjerne | 0 | tysk mure | 0 |
| einer | 0 | gråor | 0 | mjuk kråkefot | 0 | skogstjerneblom | 0 | tytebær | 0 |
| engfiol | 1 | gråstorr | 0 | mjodurt | 0 | skogstorkenebb | 0 | tågebær | 0 |
| engfrytle | 1 | gulaks | 1 | mjolbær | 0 | skogsvinerot | 0 | ullvier | 0 |
| enghumleblom | 0 | guldå | 0 | mogop | 0 | skogvikke | 0 | vanleg arve | 0 |
| engkvein | 0 | <i>gullmyrklegg</i> | 2 | molte | 0 | skoresildre | 0 | vassarve | 0 |
| engrapp | 0 | gullris | 0 | musøyre | 0 | skrubbær | 0 | vendelrot | 0 |
| engreverumpe | 0 | gulmaure | 1 | myrfiol | 0 | skvallerkål | 2 | vill-lauk | 1 |
| engsmelle | 0 | <i>gulmjelt</i> | 0 | myrfrytle | 0 | slirestorr | 2 | vrangdå | 0 |
| engsnelle | 0 | gulsildre | 0 | myrhatt | 0 | slokje | 0 | vårpengeurt | 0 |
| engsoleie | 0 | gulskolm | 0 | myrklegg | 0 | slåttestorr | 0 | vårskrinneblom | 0 |
| engsvingel | 0 | gulstorr | 0 | myrmjølke | 0 | smyle | 0 | åkerminneblom | 0 |
| engsyre | 0 | handmarinøkkel* | 1 | mysraulauk | 0 | småbergknapp | 0 | åkersnelle | 0 |
| evjesoleie | 0 | harerug | 1 | mysrnelle | 0 | småengkall | 1 | | |
| finnmarkssiv | 0 | harestorr | 0 | myrtrevier | 0 | småmarimjelle | 0 | | |

Kommentarar til nokre planteartar

Fjellmarinøkkel (*Botrychium boreale*)

Arten er funnen på 7 lokalitetar (vedlegg 1). Utanom Grøvuvassdraget er det få funn av denne arten i fylket. Han finst helst på setervollar, og på slåtteenger ved dei høgastliggjande gardane, men kan og veksa i lysopen skog, heiør og rasmark på kalkgrunn.

Handmarinøkkel (*Botrychium lanceolatum*)

Dette er både ein raudlisteart og ein norsk ansvarsart. Han er liten og avhengig av kontinuerleg og god hevd i form av slått eller beiting. Arten er funnen på 2 lokalitetar (Utistu på Røymo og Tøftvangen i Grødalen), begge desse er slått og beita. Utanom Grøvuvassdraget var det berre kjent eitt funn av denne arten i fylket, på Smøla (Jordal & Gaarder 1998a), inntil arten vart funnen i øvre Romsdalen i 2000 (Jordal & Stueflotten under arbeid).

Marinøkkel (*Botrychium lunaria*)

Arten er funnen på 27 lokalitetar (vedlegg 1). Grøvuvassdraget har dei viktigaste og største bestandane av denne arten i fylket, men han er også kjent fra eit 20-tals andre lokalitetar dei seinare åra. Den største kjente bestanden av arten i fylket finst i Nestu i Svisdal, med anslagsvis 300-600 individ på eit lite område.

Haustmarinøkkel (*Botrychium multifidum*)

Arten er sjeldan, med tre kjende funn i fylket. Desse er Middagshjellan og ved kvernhuset ved Lindøla, pluss Kabbensetra øvst i Romsdalen (alle eigne funn). Arten har figurert på eit raudlisteutkast av Elven (1997), men har ikkje vorte med på den offisielle raudlista. Arten står også på Bernkonvensjonen si liste I, over såkalla "strictly protected flora species", som Norge har forplikta oss til å følgja.

Snøsøte (*Gentiana nivalis*)

Denne arten er hyppig i undersøkingsområdet, og er funnen på 22 lokalitetar, alle kalkrike. Med sine intenst blå blomstrar er han kjent og verdsett av mange, også kalla "Kristi blå auge". Utanom kulturlandskapet finst han også i kalkrike engsnøleie og kalkrike heiør. Arten er sjeldan elles i fylket.

Bakkesøte (*Gentianella campestris*)

Bakkesøte er ein karakterart for verdifulle, ofte noko kalkrike kulturlandskapsområde. Han er svært vår for attgoing og forsvinn når strølaget (daudgras m.m.) blir meir enn 3-3,5 cm tjukt. Han er derfor på veg ut t. d. i Reppdalen. Bestandane i Grøvuvassdraget er dei viktigaste i fylket, arten er her funnen på 23 lokalitetar, dels i betydelege mengder. Den tettaste bestanden er funnen på ein lokalitet tilhøyrande Nestu i Svisdal, med opp mot 40 planter pr kvadratmeter. Utanom undersøkingsområdet er arten funnen på berre ti-femten lokalitetar i fylket det siste tiåret.

Småsøte (*Gentianella tenella*)

Småsøte er ein liten art som er vanskeleg å oppdaga, men underteikna har knegått nokså mykje aktuelt terreng og funne han på 5 lokalitetar (dalbotnen i Grøvdalen og Vangan i Grødalen). Sannsynlegvis finst han fleire stader. Arten er ei kalkrevande fjellplante (seterplante) og knapt funnen elles i fylket (Gjærevoll 1990, fylkesgrenser ikkje innteikna).

Grøvudalsvalmue (*Papaver radicatum* ssp. *groevudalense*)

Denne arten er ikkje først og fremst knytt til kulturlandskap, men heller til ustabil sand, grus og naken morenemasse i Reppdalen, Åmotan, Grøvudalen, Geitådalen og Grødal (oppsummert av Jordal & Gaarder 1998a). Han er likevel funnen i tilknyting til ope beite landskap på Nysetra og Gammelsetra i Grøvudalen. Arten er endemisk (finst berre her) og er derfor ein norsk ansvarsart. I tillegg er det ein raudlisteart.

Fjellnøkleblom (*Primula scandinavia*)

Dette er ei kalkkrevande fjellplante (og seterplante) som er funnen 5 stader i eng- og beitesamfunn (Nestu i Svisdal og dalbotnen i Grøvudalen). Han finst elles spreidd i Grøvudalen i bergveggar m.m. (Hagen 1976b).

Bakkeveronika (*Veronica arvensis*)

Bakkeveronika er ei tørrbakkeplante som førekjem sparsamt i tørre enger både på kysten og i innlandet (øvre Romsdal, øvre Sunndal). Ho vart funnen sparsamt i Svøu i 2000, og kan nok vera oversett fleire stader.

Sandfiol (*Viola rupestris*)

Denne arten er kjent frå vassdraget tidlegare etter m. a. funn av Rolf Nordhagen ved Gammelsetra i Grøvudalen i 1947 (herbariet i Oslo). Relativt intensiv leiting av underteikna har resultert i at han no er kjent frå 10 lokalitetar. 3 ligg i Hafsåsen (Åsattløgu, Trøa, Leirgrova), og 7 i Grøvudalen (frå Nosa ved Hallen heilt inn til Fægran). Sandfiol blomstrar tidleg, helst før jonsok, og er seinare lett å oversjå. Elles i fylket er han funnen ein gong på kalkstein i Fræna. Ut over dette har vi funne han fleire gonger på setervollar i Oppdal, Dovre og Lesja, helst i kalkrike område (Gaarder & Jordal 1996, Jordal & Gaarder 1996). I 2000 vart han også funnen på ein setervoll øvst i Romsdalen (Jordal & Stueflotten under arbeid).

Artsoversikt fugl

Ei rekkje fugleartar i har varierande grad av tilknytting til kulturlandskapet. Somme artar er meir eller mindre sterkt knytt til menneskeleg busetnad og jordbrukslandskap, som skjor, gråsporf, linerle, lavesvale og songlerke. Andre artar dreg fordelar av mattilgangen i kulturlandskapet i deler av året utan å vera avhengig av dette, slik som heilo og trasteartane.

Somme av artane er tilpasningsdyktige eller lite kravfulle, og greier seg godt sjølv om landbruket har gjennomgått store forandringar i nyare tid. Eksempel på ein slik art er skjor. Andre er knytt til tradisjonelle driftsformer, slik som hortulan, som ein gong truleg hekka i Svisdalen, men som no er truga over heile utbreiingsområdet sitt. Det same gjeld åkerrikse, som hekka på Jenstad fram til 2. verdskrig.

I tabell 4 nedanfor er 28 fugleartar med vesentleg førekommst i kulturlandskapet i Grøvvassdraget omtala. Det er teke med opplysningar om førekommst og utbreiing i fylket og landet, eventuell hekking, føde, biotopkrav og evt. bestandsendringar. Grunnlaget for utvalet av artar er i hovudsak "kulturmarkssamfunnet" av norske hekkefuglar slike det er framstilt av Bevanger (1977). Data om fugleartane generelt er henta frå Jordal & Gaarder (1997). Data om førekommst i Grøvvassdraget er henta frå Jordal m. fl. (1974, 1975), Bevanger & Jordal (1981), og eige feltarbeid i seinare tid.

Tabell 4. Oversikt over kulturlandskapstilknytta fugleartar observerte i i Grøvvassdraget, med oversikt over hekkestatus, førekommst, biotopkrav, føde m.m. Med i omtalen er artar ført til "kulturmarkssamfunnet" av Bevanger (1977) med tillegg av følgjande artar: åkerrikse, heilo, gulerle (såerle), svarttrast, møllar og bergirisk. Følgjande av Bevanger sine artar er ikkje tekne med: gulsongar og gransongar. Kjelder: Jordal m. fl. (1974, 1975), Bevanger & Jordal (1981), Jordal & Gaarder (1997).

H hekkar

O regelmessig førekommende i deler av året

T tilfeldig førekommende

S sjeldan

| Norsk namn | St-a-tus | Kommentar |
|------------|----------|---|
| musvåk | S | 1 ind. funne daud innanfor Gammelsetra i Grøvudalen ca. 1970. Kulturmarksart sørover i Europa. |
| åkerrikse | (H) | Sjeldan og sterkt truga både i Norge og globalt. Var regelmessig på Jenstad til ca. 1915, vart så meir sjeldan, forsvann etter 2. verdskrig. Tilbakegang på grunn av mekanisert og tidleg slått. |
| heilo | H | Heiloen er mest ein fjellfugl. Beitar på dyrka mark særleg om våren, sjeldnare om hausten. |
| vipe | H | Hekkar dels i myrområde, i kulturlandskapet i fjellgardane mest på trekk, har hekka på Røymoen. |
| tyrkerdue | S | Observert i Svisdalen ca. 1964, 3 inivid, det eine finst utstoppa. |
| hornugle | H | Hekka i skjorareir ved Svisdal ca. 1963 |
| tårnseglar | H | Hekkar spreidd, i allfall tidlegare på Jenstad, Lundlia, Hafsås og Røymoen. Har også hekka på Middagshjellan i 1975. Svært avhengig av flygande insekt og edderkoppdyr ("luftplankton"). |
| hærfugl | S | Blir observert på streif i fylket omrent kvart år. 1 ind. i Hafsåsen 8.-11.11.1971 og 17.-24.05.1975 |
| grønspett | H | I lysopne skogar, skogkantar og beitemarker kan grønspetten finna maur og maurpupper, som han lever av heile året. Vil gjerne ha tilgang på grovvaksen osp til hekkinga. Vanlegaste spetteart i Jenstad og Svisdal. |
| songlerke | H | Lerka er knytt til store, opne kulturlandskap med kort vegetasjon, som åkrar, enger, beitemarker, llynghieiar og strandenger, helst langt unna nærmeste skog. Ho lever av insekt og frø, men insekt dominerer om sommaren. Etablerte seg i Svisdalen rundt 1970, har også hatt tilhald på Jenstad og Røymoen, uviss status i dag. |

| Norsk namn | Status | Kommentar |
|-----------------|--------|---|
| låvesvale | H | Låvesvala er sterkt knytt til jordbruk og husdyrhald, og hekkar oftast i driftsbygningar. Bestanden har gått attende dei siste 20 åra, truleg pga. omleggingar og giftbruk i jordbruket. Lever omtrent berre av flygande insekt. Hekka første gong i Svisdalen i 1974, blir sett av og til ved Jenstad og Røymoen. |
| taksvale | H | I hekketida sterkt knytt til jordbruk og hus. Går opp i fjellet, særleg ved setrar og hytter. Hekkar oftast på bygningar, og fangar insekt i lufta, ofte i ope kulturlandskap. Hekkar ved dei fleste gardane, i dalane t. d. Grøvudalshytta. På Jenstad har ein tidlegare kunna telja opptil 300 reir berre på hovudgarden. Har gått stekt attende i seinare år. |
| gulerle | H | Den mest utbreidde underarten, særle, har ei austleg utbreiing i Norge, og er sjeldan på Vestlandet. Viktigaste hekkeområda i Møre og Romsdal er seterområde i Sunndal og Rindal med ein mosaikk av open beitemark, buskas og fjellbjørkeskog. Den største og mest stabile bestanden er truleg ved setrane i Grøvudalen i Sunndal. Elles hekkar arten ofte på Svisdalshaugane, og er sett fleire stader i Grødalen. Arten lever av insekt. |
| linerle | H | Linerla er vanleg over heile landet, med tettast bestand i Sør-Norge. Arten er knytt til kulturlandskap, men kan finnast til dei ytste skjer, langs vassdrag og i våmarksområde, opp i fjellet særleg ved setrane. Lever for det meste av insekt. Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet. |
| buskskvett | H | Finst mest i ope kulturlandskap som beitemarker, vegskrånningar og anna permanent grasmark. Ønskjer utsiktspunkt å synga frå, som buskar, tre eller kraftledningiar. Lever mest av insekt. Vanleg hekkefugl Svisdal, Røymo, Hafsås, Lundlia, også sett ved Flysetra i Grøvudalen, Falesetra i Geitådalen og Nysetra i Lindalen |
| svarttrast | H | Trivst best i eit mosaikklandskap med skogkantar, buskas og open mark, er derfor vanleg i kulturlandskapet. Arten lever av meitemark, sneglar og insekt, haust og vinter også bær og nedfallseple. Låglandsart som går opp til Svisdalen, Jenstad og Middagshjellan. Har hekka ved Røymoen. |
| gråtrast | H | Skogsfugl som beiter på kulturmark vår og haust. Næring: meitemark, insekt og bær. |
| raudvenge-trast | H | Skogsfugl som beiter på kulturmark vår og haust. Næring: meitemark, insekt og bær. |
| møllar | H | Spreidd og fåtalig over det meste av fylket vårt. Knytt til open, fattig barskog, i einerbuskmark ved setrane, t. d. ved setrene i Lindalen, elles observert ved Hafsåsen, Røymoen, Jenstad og ved Leirgrova nær Hafsåsen. Også observert ved Storvollsetra i Grøvudalen. Lever av insekt, om hausten også bær. |
| kjøtmeis | H | Trivst i open lauv- og blandingsskog, gjerne i mosaikk med ope kulturlandskap, også i hagar og parkar, går fåtalig opp i fjellbjørkeskogen. Lever om sommaren av insekt og edderkoppyr, om vinteren av frø og knoppar. Vanleg hekkefugl i fjellgardane. |
| skjor | H | Hekkar ved dyrka mark og busetnad over heile landet. Er ein altetar som et både animalsk og vegetabilsk føde, inklusiv fugleegg og -ungar. Hekkar ved Jenstad, Svisdal, Hafsås og Røymo. |
| kråke | H | Hekkar vanleg over så godt som heile landet unntake store barskogområde og nakne fjellvidder, dette gjeld også i vårt fylke. Den føretrekker skogholt som grensar til dyrka mark, men har også kolonisert fjellbjørkeskogen. Altetar som om sommaren et mykje insekt, fugleegg og -ungar, om vinteren mest avfall, åtsel og korn. Er derfor mest knytt til jordbruk og busetnad om vinteren. Har hekka ved Røymoen og i Hafsåsen |
| stare | H | Hekkar vanleg i Sør-Norge, også i vårt fylke, meir spreidd i Nord-Norge. Knytt til kulturlandskap og busetnad med eng, beitemark, parkar, hagar og skogkantar, frå dei ytste skjer til opp i fjellbjørkeskogen. Har eksplandert kraftig sidan førre århundre, men har dei to siste tiåra igjen gått sterkt attende. Dette skuldast truleg dels etterstrebing og giftbruk i vinterkvartera, dels attgroing og tilplanting av beitelandskap i hekkeområda. Lever av smådyr som insekt, meitemark m.m., dessutan bær, korn o.a. vegetabilsk næring. Har hekka ved dei fleste gardane. Er også funne hekkande ved setrane i Lindalen. |
| gråsporv | H | Hekkar i bebygde strok over heile landet, vanleg også her i fylket, opp til 700 m o. h. på Røymoen. Er sterkt knytt til busetnad, og finst særleg i tettbygde strok og gardsbruk. Et korn, ugrasfrø o.a. vegetabilsk næring, om sommaren dessutan mykje insekt. Har hekka i Svisdal, på Jenstad og Røymoen. |

| Norsk namn | St- a- tus | Kommentar |
|---------------|------------------|---|
| grønfink | T | Hekkar først og fremst i kulturlandskapet i låglandet i Sør-Norge. Et først og fremst plantekost som frø, bær og knoppar, men og litt insekt. Var tidlegare vanleg i gulsporvflokkane om hausten i Svisdalen, men forsvann med korndyrkinga. |
| bergirisk | H | Hekkar over mest heile landet, manglar i låglandet på Austlandet, vanleg i vårt fylke. Hekkar mest i vegetasjonsfattige berghamarar frå kyst til fjell. Utanom hekketida ferdast den mykje langs strender og i kulturlandskapet på leiting etter frø av ulike planter. Er vanleg å sjå på matleiting i fjellgardane og ved setrane på ettersommaren. |
| gulsporv | (H) | Hekkar relativt vanleg i kulturlandskapet i Sør-Norge. Har gått attende som følge av attgroing og tilplanting av beitemark, færre kantsoner, mindre buskas, tettare driftbygningars og mindre spillkorn. Vart også ramma av kvikksølvbeising av såkorn på 1950- og 60-talet. Et haust og vinter mykje frø, særleg spillkorn, om sommaren også insekt. Var tidlegare vanleg Jenstad, Svisdal og Røymo, men forsvann med korndyrkinga. Siste reirfunn i Svisdalen ca. 1970. |
| hortulan | (H) | Hekkar på Austlandet, men har også tidlegare også hekka i Trøndelag, m. a. i Oppdal på 1950-talet, og i Nordland. I vårt fylke hekkefunn i Rindal i 1969, og hekkeindikasjon i Svisdalen, 1970-72 (Bevanger & Jordal 1981). Har gått sterkt attende som følge av beisa såkorn og tilbakegang av biotopen som den er sterkt knytt til, nemleg tørre, soleksponerte beitemarker med spreidde tre. Lever av m.a. korn, insekt og meitemark. |


Lokalitetsoversikt med tal planteartar, soppartar, raudlisteartar og verdi

Tabell 5. Generelt om ein del biologiske data for dei undersøkte lokalitetane (48 lok.) med verdivurdering. For lokalitetar som også er undersøkt tidlegare omfattar resultata alt som er kjent frå lokaliteten, ikkje berre det som er funne i 1999. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Forklaring på forkortinger:

| | | |
|-------------|---|--|
| <i>pl</i> | talet på planteartar totalt | Raudlista sopp: talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar (Bendiksen m. fl. 1997) |
| <i>npl</i> | talet på naturengplanter (sjå Jordal & Gaarder 1997) | E direkte truga artar |
| <i>spl</i> | talet på seterplanter (sjå Jordal & Gaarder 1997) | V sårbare artar |
| <i>gms</i> | totaltalet av soppartar i grasmark | R sjeldne artar |
| <i>bms</i> | talet artar av beitemarkssopp (sjå Jordal 1997) | CD hensynskrevande artar |
| <i>pbms</i> | talet på artspoeng for beitemarkssopp (sjå Jordal 1997) | Σrl talet på raudlisteartar |
| <i>vs</i> | talet på vokssoppartar | Verdi-vurdering: A svært viktig (DN-handboka) B viktig (DN-handboka) C lokalt viktig - liten verdi |

| Lokalitets-/gardsnamn | Tal planter | | | | Poeng/tal sopp | | | | Tal raudlisteartar | | | | | Verdi |
|---------------------------------|-------------|-----|-----|---------|----------------|-----|-----|----|--------------------|---|---|----|-----|-------|
| | pl | npl | spl | npl+spl | pbms | gms | bms | vs | E | V | R | CD | Σrl | |
| Svorundøya | 76 | 13 | 1 | 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | C |
| Jenstad: Bruøya | 101 | 17 | 3 | 20 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | C |
| Jenstad: Haugen | 94 | 18 | 5 | 23 | 1 | 2 | 1 | 0 | | | | | | C |
| Jenstad: hovedbruket | 113 | 22 | 4 | 26 | 2 | 1 | 1 | 0 | | | | 1 | 1 | B |
| Jenstad: Oppistu | 105 | 22 | 5 | 27 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | | | B |
| Åmotan: Vettlenget | 82 | 19 | 5 | 24 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Lundlia | 71 | 11 | 3 | 14 | 0 | 1 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Svisdal: Nestu | 110 | 24 | 9 | 33 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | A |
| Svisdal: Bortstu | 112 | 20 | 6 | 26 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Svisdal: Lykkja | 109 | 22 | 4 | 26 | 0 | 3 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Svisdal: Osphjellen | 74 | 22 | 3 | 25 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Svøu | 148 | 27 | 8 | 35 | 1 | 7 | 1 | 1 | | | | | | A |
| Svøu: Johanslia | 83 | 15 | 4 | 19 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Hafsåsen: Åsattløgu | 37 | 14 | 9 | 23 | 16 | 25 | 12 | 4 | | | | 1 | 1 | B |
| Hafsåsen: Trøa & Bortategjerdet | 99 | 21 | 6 | 27 | 0 | 1 | 0 | 0 | | | | | | A |
| Hafsåsen: Øststu | 110 | 23 | 10 | 33 | 0 | 2 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Hafsåsen: Bjørklund | 103 | 22 | 10 | 32 | 0 | 1 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Hafsåsen: Skålvolten | 93 | 21 | 7 | 28 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Hafsåsen: Hagaslettet | 101 | 22 | 15 | 37 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Hafsåsen: Leirgrova | 64 | 21 | 9 | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Hafsåsen: Sivertsleddet | 92 | 23 | 12 | 35 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | A/B |
| Røymo: Ivarstu | 89 | 14 | 8 | 22 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Røymo: Kristenstu | 64 | 11 | 9 | 20 | 0 | 1 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Røymo: Utistu | 75 | 13 | 7 | 20 | 0 | 1 | 0 | 0 | | | | 1 | 1 | A |
| Lindalen: Gammelsetra | 68 | 19 | 10 | 29 | 12 | 22 | 10 | 6 | | | | 1 | 1 | A |
| Lindalen: Middagshjellan | 35 | 10 | 3 | 13 | 13 | 23 | 12 | 4 | | | | 1 | 1 | B |
| Reppdalen: Reppdalssetra | 84 | 15 | 15 | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |

| Lokalitets-/gardsnamn | Tal planter | | | | Poeng/tal sopp | | | | Tal raudlisteartar | | | | Verdi | |
|----------------------------------|-------------|-----|-----|---------|----------------|-----|-----|----|--------------------|---|---|----|-------|---|
| | pl | npl | spl | npl+spl | pbms | gms | bms | vs | E | V | R | CD | Σrl | |
| Grøvudalen: Nosa | 67 | 16 | 8 | 24 | 2 | 5 | 2 | 1 | | | | | | B |
| Grøvudalen: Slett overfor Hallen | 72 | 16 | 12 | 28 | 2 | 2 | 2 | 1 | | | | | | B |
| Grøvudalen: Hallen | 50 | 13 | 10 | 23 | 13 | 13 | 8 | 3 | | | | 1 | 1 | B |
| Grøvudalen: Myrasetra | 73 | 16 | 12 | 28 | 1 | 3 | 1 | 0 | | | | | | B |
| Grøvudalen: Styggmarkja | 67 | 19 | 14 | 33 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Grøvudalen: Bukta | 99 | 14 | 22 | 36 | 3 | 4 | 2 | 2 | | | | 1 | 1 | A |
| Grøvudalen: Nysetra | 102 | 17 | 29 | 46 | 21 | 31 | 15 | 7 | | | | 2 | 2 | A |
| Grøvudalen: Flysetra | 105 | 16 | 26 | 42 | 3 | 9 | 3 | 2 | | | | | | A |
| Grøvudalen: Gammelsetra | 128 | 21 | 35 | 56 | 29 | 49 | 23 | 11 | | | 1 | 3 | 4 | A |
| Grøvudalen: Haualykkja | ? | ? | ? | ? | 4 | 16 | 4 | 3 | | | | | | B |
| Grøvudalen: Storvollen | 66 | 16 | 20 | 36 | 6 | 16 | 6 | 2 | | | | | | A |
| Grøvudalen: Fægran | 67 | 12 | 21 | 33 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | A |
| Geitådalen: Hafsåssetra | 49 | 13 | 7 | 20 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Geitådalen: Fahlesetra | 32 | 9 | 8 | 17 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | | | B |
| Grødal: Nyllykkja | 61 | 12 | 1 | 13 | 1 | 4 | 1 | 0 | | | | | | C |
| Grødal: Tøftvangen/ Gjerdavangen | 84 | 22 | 6 | 28 | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | 1 | 1 | B |
| Grødal: Vangan | 32 | 12 | 6 | 18 | 29 | 36 | 22 | 9 | | | | 3 | 3 | A |
| Grødal: Gammelsetra N | 43 | 10 | 5 | 15 | 2 | 3 | 2 | 1 | | | | | | C |
| Grødal: Gammelsetra S | 39 | 13 | 5 | 18 | 2 | 2 | 2 | 2 | | | | | | C |
| Grødal: Hovensemsetra | 31 | 8 | 3 | 11 | 1 | 2 | 1 | 1 | | | | | | C |
| Grødal: Mælesetra | 30 | 10 | 4 | 14 | 0 | 1 | 0 | 0 | | | | | | C |



Figur 1. Talet på sæterplanter er plotta mot talet på naturengplanter på alle registrerte lokalitetar >200 meter over havet i Møre og Romsdal (182 lokalitetar i alt). Lokalitetane i Grøvuvassdraget er markerte med firkant og namn. Figuren er ikkje oppdatert for data innsamla i 2000 (få funn).

Særleg artsrike lokalitetar i Møre og Romsdal vil på figur 1 koma langt opp og til høgre. Som ein ser er dette området på figuren heilt dominert av lokalitetar i Grøvuvassdraget. Dei fleste lokalitetane med mange naturengplanter ligg i fjellgardane. Dei fleste lokalitetane med mange sæterplanter ligg i Grøvudalen.

Kommentarar til talet på naturengplanter og seterplanter.

Talet på naturengplanter (planter særleg knytt til naturenger og naturbeitemarker) er eit godt grunnlag for samanlikning og verdsetting av kulturlandskapslokalitetar, forutsett at kunnskapsgrunnlaget og storleiken på områda ikkje er for ulikt. Undersøkingsområdet har 16 av 29 lokalitetar i Møre og Romsdal med meir enn 20 naturengplanter, 16 av 18 om ein berre reknar med lokalitetar som ligg over 200 m over havet.

Summen av naturengplanter og seterplanter (planter særleg knytt til u gjødsla grasmark frå lågland til snaufjell) viser seg å vera eit godt grunnlag for samanlikning og verdsetting av lokalitetar i innlandet og seterområda. Sunndal har 26 av 28 innlandslokalitetar i Møre og Romsdal med meir enn 25 slike artar. Vidare har Grøvudalen 6 av 7 lokalitetar i fylket med minst 20 seterplanter.

Saman med figur 1 på førre side viser dette at Grøvuvassdraget står heilt i ei særstilling i fylket når det gjeld artsrikdom i kulturlandskapet.

Kommentarar til talet på beitemarkssopp.

Tabell 6. Lokalitetane sorterte etter avtakande poengtal for beitemarkssopp (sopp særleg knytt til naturenger og naturbeitemarker). Berre lokalitetar med meir enn 10 artspoeng for beitemarkssopp er tekne med.

Forkortningar:

pbms talet på artspoeng for beitemarkssopp (sjå Jordal 1997)

gms totaltalet av soppartar i grasmark

bms talet artar av beitemarkssopp (sjå Jordal 1997)

vs talet på vokssoppartar

pl talet på planteartar totalt

npl talet på naturengplanter (sjå Jordal & Gaarder 1997)

spl talet på seterplanter (sjå Jordal & Gaarder 1997)

| Lokalitetsnamn | pbms | gms | bms | vs | pl | npl | spl | npl+spl |
|--------------------------|------|-----|-----|----|-----|-----|-----|---------|
| Grøvudalen: Gammelsetra | 29 | 49 | 23 | 11 | 128 | 21 | 35 | 56 |
| Grødalen: Vangan | 29 | 36 | 22 | 9 | 32 | 12 | 6 | 18 |
| Grøvudalen: Nysetra | 21 | 31 | 15 | 7 | 102 | 17 | 29 | 46 |
| Hafsåsen: Åsattløgu | 16 | 25 | 12 | 4 | 37 | 14 | 9 | 23 |
| Lindalen: Middagshjellan | 13 | 23 | 12 | 4 | 35 | 10 | 3 | 13 |
| Grøvudalen: Hallen | 13 | 13 | 8 | 3 | 50 | 13 | 10 | 23 |
| Lindalen: Gammelsetra | 12 | 22 | 10 | 6 | 68 | 19 | 10 | 29 |

Talet på artspoeng beitemarkssopp (sopp særleg knytt til naturenger og naturbeitemarker) er generelt eit godt grunnlag for samanlikning av kulturlandskapsområde. Det viser seg likevel at dette fungerer best i låglandet. Soppesongen i høgareliggende område blir kort på grunn av tidleg frost, og i tillegg har undersøkingsområdet så tørt eit klima at det er lenge mellom dei gode soppesongane. Datagrunnlaget for sopp i undersøkingsområdet er derfor dårlig. Undersøkingsområdet har 4 av 40 seterlokalitetar i fylket med > 10 artspoeng for beitemarkssopp, 7 av 15 lokalitetar i fylket med > 10 artspoeng om ein reknar alt som er registrert over 500 m over havet inklusive gardsbruk.

Funn av raudlisteartar

Under feltarbeidet er det funne 8 raudlisteartar av sopp (alle desse er beitemarkssopp - sjå innleiinga) og 3 raudlisteartar av planter.

Tabell 7. Oversikt over funn av raudlisteartar på kulturmark i Grøvuvassdraget sitt nedbørfelt. Gjenfunn er ikkje tatt med. Øvst sopp sortert etter latinsk namn, deretter planter sorterte etter latinsk namn.

- E direkte truga artar
- V sårbare artar
- R sjeldne artar
- DC hensynskrevande artar

| Kategori | Latinsk namn | Norsk namn | Lokalitetsnamn | Dato |
|----------|---|------------------------|-----------------------------------|------------|
| R | <i>Clavaria tenuipes</i> | | Grøvudalen: Gammelsetra | 02.09.1992 |
| DC | <i>Entoloma caeruleopolitum</i> | Glasblå raudskivesopp | Hafsåsen: Åsattløgu | 06.09.1993 |
| DC | <i>Entoloma caeruleopolitum</i> | Glasblå raudskivesopp | Grødalen: Vangan | 06.09.1993 |
| DC | <i>Entoloma griseocyaneum</i> | Lillagrå raudskivesopp | Jenstad | 09.08.1999 |
| DC | <i>Hygrocybe lacmus</i> | Skifervokssopp | Grøvudalen: Gammelsetra | 02.09.2000 |
| DC | <i>Hygrocybe lacmus</i> | Skifervokssopp | Grødalen: Vangan | 06.09.1993 |
| DC | <i>Hygrocybe mucronella</i> | Bitter vokssopp | Grøvudalen: Gammelsetra | 02.09.1992 |
| DC | <i>Hygrocybe persistens</i> | Spissvokssopp | Grøvudalen: Kvanngrøvinn | 23.08.1991 |
| DC | <i>Hygrocybe persistens</i> | Spissvokssopp | Grøvudalen: Hallen | 25.08.1995 |
| DC | <i>Hygrocybe russocoriacea</i> | Russelærvokssopp | Grøvudalen: Nysetra | 16.09.1997 |
| DC | <i>Hygrocybe russocoriacea</i> | Russelærvokssopp | Grøvudalen: Bukta | 16.09.1997 |
| DC | <i>Hygrocybe turunda</i> | Mørkskjela vokssopp | Grøvudalen: Gammelsetra | 02.09.1992 |
| DC | <i>Hygrocybe turunda</i> | Mørkskjela vokssopp | Grøvudalen: Gammelsetra | 26.08.1995 |
| DC | <i>Hygrocybe turunda</i> | Mørkskjela vokssopp | Lindalen: Gammelsetra | 25.08.1995 |
| DC | <i>Hygrocybe turunda</i> | Mørkskjela vokssopp | Middagshjellan | 05.08.1993 |
| DC | <i>Hygrocybe turunda</i> | Mørkskjela vokssopp | Grødalen: Vangan | 25.08.1995 |
| DC | <i>Botrychium lanceolatum</i> | Handmarinøkkel | Grødalen: Tøftvangen | 20.07.1999 |
| DC | <i>Botrychium lanceolatum</i> | Handmarinøkkel | Røymo: Utistu | 20.07.1999 |
| * | <i>Botrychium multifidum</i> | Haustmarinøkkel | Lindalen: Middagshjellan | 05.08.1993 |
| * | <i>Botrychium multifidum</i> | Haustmarinøkkel | Lindalen: v/Lindøla | 05.08.1993 |
| R | <i>Papaver radicatum</i> ssp. <i>groevudalense</i> | Grøvdalsvalmue | Grøvudalen: Nysetra & Gammelsetra | |

* Haustmarinøkkel har figurert på eit raudlisteutkast av Elven (1997), og er tatt med i oversikta over funn av raudlisteartar i fylket (Jordal & Gaarder 1998a). Haustmarinøkkel står også på Bernkonvensjonens liste I (sjå nedanfor under ansvarsartar). Arten er utelett på den siste offisielle raudlista, uvisst kvifor (DN 1999b).

Funn av norske ansvarsartar på kulturmark

Ein norsk ansvarsart er ein art der Norge har ein vesentleg del av den europeiske bestanden eller av dei kjente funna. Desse er ikkje nødvendigvis raudlisteartar, og kategorien ansvarsart er eit supplement til raudlistene. Når det gjeld beitemarkssopp er det foreslått 19 norske ansvarsartar av Jordal (1997). Av desse er ein funne i undersøkingsområdet. For planter er brukt den oversikta som er presentert av DN (1999b: s. 60-61), og desse er dels endemismar (artar som berre er kjent frå Norge/Skandinavia), eller artar der Norge har europeisk hovudførekomst. I tillegg er haustmarinøkkel tatt med (sjå fotnote).

Tabell 8. Norske ansvarsartar av planter (DN 1999b), og beitemarkssopp (Jordal 1997), som er funne på kulturmark i undersøkingsområdet.

| Latinsk & norsk namn | Lokalitetar |
|--|---|
| <i>Anthyllis vulneraria</i> ssp. <i>lapponica</i> Fjellrundbelg | Grøvudalen: Nysetra & Gammelsetra |
| <i>Arabis petraea</i> Aurskrinneblom | Grøvudalen: Nysetra & Gammelsetra |
| <i>Botrychium lanceolatum</i> Handmarinøkkel | Grødalen: Tøftvangen; Røymo: Utistu |
| * <i>Botrychium multifidum</i> Haustmarinøkkel | Lindalen: Middagshjellan & v/Lindøla |
| <i>Papaver radicatum</i> ssp. <i>groevudalense</i> Grøvudalsvalmue | Grøvudalen: Nysetra & Gammelsetra |
| <i>Primula scandinavia</i> Fjellnøkleblom | Svisdal: Nestu; Grøvudalen: Nysetra, Gammelsetra, Flysetra & Storvollen |
| <i>Pyrola rotundifolia</i> ssp. <i>norvegica</i> Norsk vintergrøn | Hafsåsen: Øststu, Hagaslettet & Sivertslettet |
| <i>Silene uralensis</i> ssp. <i>apetala</i> Blindurt | Grøvudalen: Nysetra (Hagen 1976a viser mange lok. utanom kulturmark) |
| <i>Entoloma caeruleopolutum</i> Glasblå raudskivesopp | Hafsåsen: Åsattløgu; Grødalen: Vangan |

*Haustmarinøkkel står på Bernkonvensjonen si liste I over planter som skal underleggjast eit strengt vern ("strictly protected flora species"). Denne konvensjonen har Norge forplikta seg til å følgja.

OMRÅDESKILDRINGAR FJELLGARDANE

I dette kapitlet blir det omtala undersøkingar frå Svorundøya, Jenstad, Lundlia, Svisdal og Svøu, Hafsås og Røymo. Tøftvangen og Gjerdavangen er omtala under Grødalen. Dei mest interessante lokalitetane er innteikna på økonomisk kart i målestokk 1:5000 som er overlett til kommunen.

Generelt om fjellgardane

Fjellgardane har truleg ein gammel busetnad basert på ein kombinasjon av jakt, fangst og jordbruk. I fjella er det funne spor etter gammal fangstkultur heilt tilbake til steinalderen, men kva tid folk starta med jordbruk her oppe er det ingen som veit. Ut i frå dei historiske kjeldene ein har tilgang til (t. d. Seljedal 1965, Sande 1972, 1981) er det sannsynleg at mange av dei artsrike naturengene som er funne i denne undersøkinga har ei brukshistorie på minst 2-300 år og ofte meir. Det biologiske mangfaldet på gammal kulturmark aukar med alderen. Når det gjeld soppfloraen aukar mangfaldet i minst 100 år, og truleg mykje lenger (Jordal 1997). Dette har m. a. å gjera med innvandring av artar, fordi slik innvandring tek tid. Di lenger tid, di fleire artar har hatt sjansen til å etablira seg. Mest artsrik er gamle naturenger eller naturbeitemarker som berre har vore overflaterydda for lang tid sidan, og der torva sidan har fått vera i fred, samstundes som jorda er halden i hevd med slått og beiting utan at det er gjødsla for mykje. Slik mark var det mykje meir av i det tradisjonelle kulturlandskapet. I fjellgardane er det funne meir restar av dette tradisjonelle jordbrukslandskapet enn mange andre stader.

Fuglefaunaen er beskrive av Bevanger & Jordal (1981). Ein av dei mest særmerkte fugleartane i dette landskapet er gulerla, som har eit av sine vestlegaste hekkeområde i Svisdalen (Hauan) og vestover i Grødalen, t. d. Nylykkja. Vidare hekkar t. d. linerle, taksvale, tårnseglar og ei rekke andre artar som er meir eller mindre knytt til jordbrukslandskapet (sjå omtale av fugleartar i kapitlet Resultatoversikt). Vidare har det tidlegare truleg hekka hortulan her, ein art knytt til tørrbakkar med spreidde tre i kulturlandskapet, og som tidlegare hadde ei mykje vidare utbreiing.

Svorundøya

Områdeskildring: Svorundøya ligg under ei bratt li ned mot Grøvu rundt 0,5 km nedafor Snøgutubrua. Vegetasjonen er prega av lang tids attgroing, men rundt 2 dekar av innmarka nedanfor husa er slått i 1999. Det som ikkje er grodd att med skog, har opp til 2 meter høg vegetasjon av stornesle, mjødurt, tyrihjelm, geitrams, hundekveke, bringebær og hundekjeks (G14: frisk næringsrik gammeleng). Elles er skogen i ferd med å ta att deler av den tidlegare innmarka.

Kommentarar til funn: Det er funne 76 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 1 seterplante. I 1993 vart det funne sandarve på ein liten tørrbakke ved husa, men denne var etter alt å døme forsvunnen av attgroing i 1999.

Råd om framtidig bruk: Attgroinga gjer at dei biologiske verdiane her i stor grad har gått tapt. Det er likevel positivt at noko av innmarka blir slått.

Jenstad: Bruøya

Områdeskildring: Bruøya ligg ned mot Grøvu rundt 0,5 km oppstrøms frå Snøgutubrua. I 1999 er berre ei eng nedanfor gardsvegen slått, medan resten er i kraftig attgroing. Det som er slått, er gammel sølvbunkeeng (G3) med engsyre, marikåpe, krypsoleie, mjødurt, rylik, grasstjerneblom, raudsvingel, engkvein og hundegras. Dette viser eit visst gjødselpreg og ingen naturengplanter unnateke i kantane. Tunet blir også slått. Nedafor fjøset mot elva (uslått del) er det kraftig attgroing av nitrofil og fuktrevande vegetasjon: stornesle, mjødurt, geitrams, tyrihjelm, strutsveng, strandrøyr, kveke og bringebær (G14: frisk næringsrik gammeleng). Det inste og øvste stykket gror att med bjørk, firkantperikum, kvitbladtistel og skogburkne, og gulaks og finnskjegg er på veg ut. Ovafor husa er det attgroing med småbjørk. Skugge frå planta granskog forsterkar attgroinga.

Kommentarar til funn: Det er funne 101 planteartar, av desse 17 naturengplanter og 3 seterplanter. I vegkanten vart det funne ein marinøkkel, dette var det mest interessante funnet. Denne arten er på veg ut på grunn av attgroinga.

Råd om framtidig bruk: På grunn av den kraftige attgroinga er verdien som tradisjonelt kulturlandskap kraftig redusert. Det er likevel positivt om noko kan bli slått.

Jenstad: Haugen

Områdeskildring: Haugen er i kraftig attgroing med unntak av gardsvegen og litt plenskjøtsel rundt husa. Det bur ikkje folk på bruket. Dei fleste naturengplantene finst i område ved husa som blir slått som plen (harerug, blåkoll, sumpmaure, aurikkelsvæve, tepperot og tiriltunge). Enga elles på innmarka er for det meste sølvbunkeeng (G3) med raudsvingel, engkvein og rylik. Parti nedafor fjøset og i nokre kantar veks att med bringebær, tyrihjelm, stornesle, rabarbra, strandrøyr, mjødurt og kveke (G14: frisk næringsrik gammeleng). Nedste del av innmarka er lågurtutforming av høgstaudebjørkeskog (C2a) med skogstorkenebb, kvitsymre, fjellfiol, smyle, småmarimjelle, turt, tyrihjelm, engsoleie, kvitbladtistel og skogburkne. Nordover på nedsida av gamlevegen til Jenstad er det og attgroande sølvbunkeeng med oppslag av småbjørk, grønvier m.m. Her er dei mest artsrike naturengrestane på bruket, gulaks/engkveineng (G4a) med prestekrage, blåklokke og ein ubestemt art av hårvævegruppa. På dette bruket budde tidlegare Ole G. Jenstad, som har vore ei viktig kjelde til kunnskap om fuglefauna, jakt og fangst i området (Bevanger & Jordal 1981).

Kommentarar til funn: Det er funne 94 planteartar, av desse 18 naturengplanter og 5 seterplanter.

Råd om framtidig bruk: Attgroinga gjer at mykje av verdien som tradisjonelt kulturlandskap er i ferd med å gå tapt. Den nordlegaste enga nedanfor gamlevegen har likevel biologisk interesse dersom ho blir slått eller beita.

Jenstad: hovedbruket

Områdeskildring: Hovedbruket har ein vesentleg del av arealet på Jenstad. I tillegg til fulldyrka mark, finst overflatedyrka og truleg relativt lite gjødsla småstykke og kantar. På øversida av gammelvegen mellom husa og Haugen ligg ei eng på omlag 1 dekar med blanding av engkvein/gulakseng (G4a) og sølvbunkeeng (G3), elles finst t. d. harerug, småengkall, raudknapp, sumpmaure, vårpengeurt, tiriltunge, lækjeveronika og tviskjeggveronika. I hjørnet nedanfor husa på Haugen er det ein liten flekk med engkvein, dunhavre og kvitbladtistel, elles naturengplanter som blåklokke, harerug, raudknapp, tiriltunge, småengkall, kvitmaure og engfiol. På øversida av driftvegen som går nordaustover på nedsida av fjøset ligg ei gammel eng på eit par dekar med engkvein, sølvbunke, raudsvingel, engsyre, karve, engsoleie, raudkløver, kvitkløver og naturengplanter som småengkall, blåklokke, prestekrage og

dunhavre. Ein artsrik liten naturengrest ligg der kraftlina kryssar turiststien til Åmotan (G4a). Her må særleg nemnast bakkesøte, marinøkkel og lillagrå raudskivesopp. Elles finst naturengplanter som blåklokke, tiriltunge, harerug, engfiol, raudknapp og småengkall. Deler av denne enga blir ikkje lenger slått, det er noko oppslag av osp- og bjørkebusker, og marinøkkel og bakkesøte kan vera på veg ut. Nedste stykket som heller ned mot skogen, består dels av artsrik eng, særleg i øvre deler. Dels er dette engkvein/gulakseng (G4a), dels innslag av dunhavreeng (G7b). Av naturengplanter kan nemnast blåklokke, småengkall og gulmaure. Mot kanten av stupet i sør ligg fleire småknausar med tørrbakke og tørrbergvegetasjon, t. d. sølvture, småbergknapp, åkerminneblom, vårpengeurt og gulmaure. Heilt nedst er det litt attgroing med firkantperikum, hundegras, geitrams, stornesle og tyrihjelm (G14). Skogen nedanfor består av lauvtre (bjørk, rogn, selje) med engvegetasjon i botnen (C2c). Vegetasjonen består dels av låge urter som fjellfiol, kvitmaure, småmarimjelle, grasartar som engkvein, smyle og raudsvingel, dels av høgare urter som tyrihjelm og skogstorkenebb. Her har tidlegare vore både slått, beiting og lauvning. Fleire seljepilar vitnar om det siste. Sørover og soraustover frå fjøset mot juvkanten ligg småflekker med engkvein/gulaks-eng og innslag av naturengplanter.

Kommentarar til funn: Det er funne 113 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 4 seterplanter. Som nemnt er det funne marinøkkel, bakkesøte og lillagrå raudskivesopp (*Entoloma griseocyaneum*). Sistnemnde er hensynskrevande på raudlista. Elles er gulmaure ein uvanleg art som vaks nedst på innmarka, i området rundt nokre jordfaste steinar. Dette er hittil einaste funnet på kulturmark på Nordmøre i eigne kulturlandskapsprosjekt.

Råd om framtidig bruk: Det beste for det biologiske mangfaldet er at bruket blir slått og beita av husdyr på ein måte som liknar drifta i dag. Ein bør unngå å gjødsla i dei artsrike kantområda.

Jenstad: Oppistu

Områdeskildring: Dette er det øvste bruket på Jenstad, der ein driv med storfe. Ein del av innmarka er prega av knausar og store steinar. Austover mot skogen ligg eit udyrka beite med engkvein/gulakseng (G4a) og noko sølvbunkeeng (G3). Elles finst einer, engsoleie, noko finnskjegg, sumpmaure, raudknapp, bleikstorr, aurikkelsvæve, hårvæve og dunkjempe. Mest artsrikt på bruket var det soraustlege hjørnet mot juvkanten. Her finst innslag av dunhavreeng (G7b) med m. a. hårvæve, fjellrapp, fjellaugnetrøst, småsmelle og ein ubestemt art i hårvævegruppa. Sørafor husa ligg eit beite med mykje knausar og store steinar. Vegetasjonen er her vekslande, dels nitrofil med stornesle, høymol, kvitkløver og engrapp, dels med sølvbunke- eller engkveindominert vegetasjon. På dei magraste stadene veks hårvæve og dunkjempe.

Kommentarar til funn: Det er funne 105 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 5 seterplanter. Ein del av naturengplantene er nemnde ovafor, vidare vart det funne t. d. blåklokke, prestekrage, aurikkelsvæve og bråtestorr. Det er vidare funne ein beitemarkssopp, brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*).

Råd om framtidig bruk: Det beste for det biologiske mangfaldet er at bruket blir slått og beita av husdyr på ein måte som liknar drifta i dag. Ein bør unngå å gjødsla dei små, men artsrike kantområda.

Åmotan: Vetlenget

Områdeskildring: Dette er ei gammal slåtteeng i botnen av Åmotan, rett mot Svøufallet. Enga er framleis open på grunn av fossegovet som bremsar attgroinga med skog. Øvst er det oreskog med fuktig hei m. a. med skrubbær. Det opne området er dominert av blåtoppeng (G2) og fukteng med mykje skogrøyrkvein (G12), eit resultat av fossegov-påverknaden.

Vegetasjonen har framleis eit visst slåtteengpreg i artsinventaret. Ned mot elva finst steinet fukteng med sumphaukeskjegg, turt, mjødurt, gullris, skogstorkenebb, tyrihjelm, sauetelg og strutsveng. Somme parti er meir moserike med jáblom og firkantperikum.

Kommentarar til funn: Det er funne 82 planteartar, av desse 19 naturengplanter og 5 seterplanter.

Råd om framtidig bruk: Kombinasjonen av kulturpåverknad (slått/beiting) og fossegov er interessant, men ikkje uvanleg der det er større fossar i eit framkommeleg terren. Det å etterlikna tidlegare slått er relativt arbeidkrevande. Dersom ein greier å organisera ei skikkeleg slått og ryddeøkt, kan dette ha interesse i turismesamanhang, kombinert med t. d. informasjonstavler om gamle driftsmåtar. Trakk frå turistar verkar truleg ikkje negativt.

Lundlia

Områdeskildring: Garden ligg høgt og fritt frampå kanten av Åmotan på sørsida av juvet. Innmarka er relativt stor, og har trass i lang tids fråvere av fastbuande ikkje grodd særleg mykje att. Dette skuldast at området er beita av storfe kvar sommar. Innmarka er dominert av sølvbunkeeng. Inn og opp for husa og vestover frå husa er det sølvbunkeeng (G3) med ein del tuer, og engsoleie, kvitkløver, fuglevikke, grasstjerneblom og marikåpe. I dei øvste partia og i dei nedre kantane mot skogen er det natureng (G4) med engkvein, gulaks, marinøkkel og blåklokke. Ved den gamle plassen lengst vest er det ei blanding av sølvbunkeeng og engkvein/gulakseng. Nedanfor fjøset er det ei tørreng der det framleis er markjordbær, vårpengeurt og stemorsblom. Her gror det gradvis att med geitrams, stormaure og engsmelle, eit typisk mellomstadium i dette området når kulturpåverknaden på tørrengene blir svakare (truleg ei utforming av G7). Innmarka er omkransa av skog på alle kantar. Nedafor bruket ligg Lundlibakkan, som er ei frodig, nordvendt lauvskogsli der kulturpåverknaden har vore mindre enn t. d. i Svøuliene. Tidlegare har her vore ein husmannsplass, og det finst tufter etter gamle løer som viser at det også har vore slåttemark.

Kommentarar til funn: Det er funne 71 planteartar, av desse 11 naturengplanter og 3 seterplanter.

Råd om framtidig bruk: Det er positivt at ein greier å halda dette kulturlandskapet såpass godt med beiting. Dette bør halda fram. For å bekjempe sølvbunke og engsoleie hadde det sikkert gjort godt med t. d. eit par hestar. På lengre sikt utan gjødsling med med beiting (helst av fleire dyreslag), vil dette kunne bli eit gradvis meir artsrikt landskap. Tørrenga nedanfor fjøset skulle ha vore slått med visse års mellomrom, dette vil motverka attgroing og utarming av artsutvalet.

Svisdal: Bortstu

Områdeskildring: Bortstu er den midtre av Svisdalsgardane. Steingjerde er det mykje av, m.a. i bytet mot Nestu. Mykje av innmarka er fulldyrka og ein stor del av arealet blir gjødsla. Størst botanisk interesse har områda nedanfor vegen på nersida av husa, m. a. Bortstuliin, vidare områda i øvre del av innmarka mot skogen, som blir beita av Nestukyrne. Liin er eit brattlendt område nedafor Svisdal, og er delt mellom dei tre Svisdalsgardane. Nedst mot vegen og elva ligg Lykkjeliin, ovafor der Nestuliin og nordafor steingjerdet Bortstuliin. Bortstuliin blir slått i øvre del, medan nedre del gror att. Her har truleg vore tørrbakkesamfunn av same kvalitet som Nestuliin, men desse er no i sterkt attgroing, og mykje av artsinventaret er truleg borte, eller finst som små bestandar som er på veg ut. Ned mot vegen nedst i Bortstuliin veks kraftig nitrofil vegetasjon av hundekjeks, geitrams, strandrøyr, bringebær m.m. (G14: frisk næringsrik gammeleng). Rundt knausane veks og høg, dels nitrofil vegetasjon som skuggar ut dei lågvaksne tørrengartane. Det finst framleis litt dunhavre (G7b), vidare litt blåklokke, blårapp, fjellarve, fjelltimotei, harerug, karve, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, prestekrage, lodnebregne og småbergknapp.

Kommentarar til funn: Det er funne 112 planteartar, av desse 20 naturengplanter og 6 seterplanter. Ein del av dei meir interessante er nemnt ovafor under omtalen av Bortstuliin. Oppve sommarfjøset vart det i 1999 observert varslande gulerle. I Liin har det tidlegare vore hortulan (Bevanger & Jordal 1981).

Råd om framtidig bruk: Bruket blir no drive av Nestu. For det biologiske mangfaldet er det best at drifta held fram, og det er viktig at det beiter dyr. Det kunne vore meir beiting for å motverka attgroinga i Bortstuliin.

Svisdal: Lykkja

Områdeskildring: Bruket er det minste og nordaustlegaste av dei tre Svisdalsgardane. Mesteparten av innmarka er fulldyrka og gjødsla eng. Ovafor husa er det gammel eng med dels sølvbunke-eng (G3), ut i kantane og øvst også engkvein/gulaks-eng (G4a) med mykje engkvein og lite gulaks, dessutan småengkall og mykje kvitkløver. Mest artsrik var kantane mot skogen ovafor husa, og nordaustre hjørnet av innmarka, ein bratt bakke ned mot skogkanten med innslag av dunhavreeng (G7b), gulaks/engkvein-eng og mykje prestekrage, dessutan ein ubestemt art av hårvæve-gruppa. I tillegg til innmarka rundt husa, eig bruket også den nedste delen av Liin inn mot elva og ned mot vegen ved Svøufallet. I Lykkjeliin beita det sau i 1999, men dette området er på ein eller annan måte vorte vesentleg meir artsfattig enn Nestuliin. Osphjellen tilhører også Lykkja, men er omtala for seg. På Lykkja budde elles Lars O. Svisdal, som forutan å vera ein kjent landskapsmålar i området, og har vore ei viktig kjelde når det gjeld kunnskapen om fuglefaunaen i området (Jordal m. fl. 1974, 1975, Bevanger & Jordal 1981).

Kommentarar til funn: Det er funne 109 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 4 seterplanter. I Lykkjeliin vart det funne m. a. berggull, blårapp, dunhavre, fjelltimotei, flekkmure, gjeldkarve, harerug, karve, kvitmaure, markjordbær, raudknapp, sandarve, småbergknapp og sølvmore. Hornugle har hekka ved Lykkja. Hortulan har tidlegare truleg hekka i "Liin" nedst på innmarka til Svisdalsgardane.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at det framleis blir drive jordbruksdrift på bruket. Det er positivt om ein kan halda Lykkjeliin i hevd ved beiting.

Svisdal: Nestu

Områdeskildring: Nestu er den av Svisdalsgardane som ligg næra elva. Innmarka strekkjer seg frå rundt 520 m over havet i Liin ovafor Svøufallet til 650 m oppå Haugane. I sør og vest er marka avgrensa av elva, i nord og aust av eit langt steingjerde som er grensa til Bortstu.

Nestuliin er interessant og består av tørrbakkevegetasjon på morenemasse. Her beiter sau vår og haust. Saman med tørrbakkane nedafor Gammelsvøu er Nestuliin dei finaste tørrengsamfunna i Møre og Romsdal. Vegetasjonen er dels dunhavre-eng (G7b), dels sauesvingel-flekkmureeng (G8). I øvste del av innmarka, ned mot elva ved Svisdalshaugane finst den mest særprega dunhavreenga i heile fylket. Dette er ei tidlegare slåtteeng på rundt 1,5 dekar som no berre blir beita vår og haust. Vegetasjonen er såpass lågproduktiv og tørkepåverka at dette ikkje fører til noko dramatisk attgroing. Her finst den største kjende bestanden av marinøkkel i fylket, med truleg 300-500 individ. Vidare er her funne den tettaste bestanden som er kjent av bakkesøte i fylket, med opp til 40 individ på 1 kvadratmeter. Artsutval elles: sjå nedanfor. På Svisdalshaugane er det udyrka beite og beita bjørkeskog, dels med finnskjeggvegetasjon, men med innslag av krevande fjellplanter (seterplanter) som fjellfrøstjerne og fjellnøkleblom. Kyrne beiter her langt vestover Grødalen i den lysopne skogen, som framleis har beitepreg (sjå omtale under Grødalen).

Kommentarar til funn: Det er funne 110 planteartar, av desse 24 naturengplanter og 9 seterplanter. På tørrbakkane i Liin finst planteartar som dels ikkje er så vanlege elles, m. a. bakkemynte, bakkestjerne, bergveronika, blårap, lodnerublom, lintorskemunn, sandarve, ein ubestemt art av hårvæve-gruppa, sølvture og vårpengeurt. På dunhavreenga ned mot elva ved Svisdalshaugane veks det forutan utrulege mengder marinøkkel og bakkesøte også vill-lauk, fjellnøkleblom, bakkestjerne, raudknapp, mykje prestekrage, fjellrap, blåklokke, flekkmure, aurikkelsvæve, ein ubestemt art i hårvæve-gruppa, kattefot, jonsokkoll, vårpengeurt, harerug, karve og kvitmaure. Vidare vart det observert perlemorssommarfuglar, skogdjovel og mykje småsommarfuglar. Gulerle (underarten såerle) har omtrent årleg tilhald i området, og hekkar truleg på Svisdalshaugane. Hortulan har tidlegare truleg hekka i "Liin" nedst på innmarka.

Råd om framtidig bruk: For det biologiske mangfaldet er det svært viktig at drifta held fram, og på ein måte som liknar drifta i dag. Liin er saman med Gammelsvøu eit av få eksempel i fylket vårt på artsrike, innlandsprega tørrbakkar som ikkje bør få gro att. Den gamle enga ned mot elva ved Svisdalshaugane er truleg den mest spesielle einskildlokaliteten i fjellgardane, og ein bør her ikkje gjødsla for nært inntil. Om denne staden ikkje blir slått, er det viktig at det beiter dyr (men ikkje for hardt).

Svisdal: Ospjellen

Områdeskildring: Ospjellen tilhører Lykkja og ligg nedanfor vegen til Svisdalen, rett før ein kjem til svingen ved Svøufallet. Dette er gammal slåttemark med ei gammal løe. Engene her gror no att, men synest å ha ein god del av artsutvalet intakt. Vegetasjonen er dels dunhavreeng (G7b) som etter kvart tek til å få eit sterkt innslag av firkantperikum (attgroingsteikn). Vidare er det noko sølvbunkeeng (G3) med innslag av hundegras. Nedanfor løa kjem det opp ein del småosp. I skogkantane er det mykje liljekonvall og firkantperikum.

Kommentarar til funn: Det er funne 74 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 3 seterplanter. Av dei meir interessante kan nemnast eit par bakkesøter i stien (den er truleg forsvunnen for det meste elles på lokaliteten), bråtestorr, gjeldkarve, hårvæve, ei ubestemt art i hårvæve-gruppa, lintorskemunn, prestekrage, mykje skogmarihand og sølvture. I skogkanten vart det funne kranskonvall og tysbast.

Råd om framtidig bruk: Einaste redninga her er ei skikkeleg slått- og ryddeøkt. Dette kan ha interesse i turismesamanhang, fordi det er kort gangavstand til svingen ved Svøufallet der dei fleste turistane stoppar. Her har ein ei gammal slåtteeng, ei løe, eit dramatisk terreng og eit artsrikt kulturlandskap.

Svøu

Områdeskildring: Svøu er ein gammal gard som er under restaurering med offentlege midlar, som eksempel på ein fjellgard typisk for området. Den nedlagte skulen er i dag bustadhus, og det er bygd nytt fjøs, begge desse ligg opp i bakken eit stykke ovanfor Gammelsvøu. Bruket ligg sør og vest for elva. I nerkant møter innmarka skogen, men langt nedover her (Svøuliene) har det tidlegare vore slått og høy har vore bore opp. No er dette ein artsrik skog som er noko beita av geit og sau. Vegetasjonen i skogen i Svøuliene (mest lysopen bjørkeskog) er gras- og urterik (C2c, skuldast kulturpåverknad), med engkvein, gulaks, hundegras, sølvbunke, gulskolm, kvitmaure, firkantperikum, raudsvingel, liljekonvall, skogmarihand, skogrøyrkvein, skogstorkenebb, sløkje, småmarimjelle, spreidd tyrihjelm og gjeldkarve. Det vart funne fleire styvingstre av selje.

Bruket har fleire lite gjødselpåverka slåtteenger. Størst biologisk interesse knyter seg til tørrbakkane nedanfor Gammelsvøu, som har eit kontinentalt preg og er sjeldne i fylket (austleg utbreiing). Her og på nabogarden Nestu i Svisdal finst kanskje dei finaste tørrengene (G7b, G8) i heile fylket som attpåtil blir hevda tradisjonelt. Øvre del av engene nedafor Gammelsvøu blir slått årleg, lite gjødsla, og beita vår og haust. Dei engene som ligg nedst blir ikkje slått, og her er det noko frodigare med litt tendens til attgroing, med sølvbunkeeng (G3), hundegras og stormaure. Naturenger av engkvein/gulaks-type (G4a) finst i kantane både nedover og oppover frå gardsvegen langs elva, vidare på nersida av vegen nedanfor nyfjøset. Desse naturengene har t. d. prestekrage, blåklokke, finnuskjegg, harerug og lækjeveronika.

Ovafor innmarksgjerdet (steingjerde) er det store utmarksbeite som er nokså opne og trefattige som følgje av langvarig beiting med geit. Mykje av vegetasjonen er alpin røsslyngdominert hei (S1), men det finst og meir gras- og urterike parti med finnuskjegg (G5) eller engkvein/gulaks-eng (G4a). Det finst spreidde furutre, elles er dei fleste busker nedbeita. I møtet mellom utmarksbeitet og elva dannar det seg ein artsrik vegetasjon med stort innslag av fjellplanter og fuktengplanter, t. d. bleikvier, blåtopp, fjelltistel, bergfrue, fjellsvæve, ullvier, gullris, myrfiol, skjørlok, stjernesildre, tettegras, rosenrot og kvitbladtistel.

Kommentarar til funn: Det er funne 148 planteartar, av desse 27 naturengplanter og 8 seterplanter. På tørrbakkane nedanfor og sorafor husa i Gammelsvøu finst forutan dunhavre: bakkestjerne, bakkeveronika, dunkjempe, flekkmure, gjeldkarve, harerug, hårsvæve, kvitmaure, marinøkkel, prestekrage, sølvmore, engsmelle, småsmelle, småbergknapp, snøsøte, karve, lintorskemunn, markjordbær, sandarve, tysk mure, vårskrinneblom og åkerminneblom, dessutan mengder av minst ein uvanleg, mangeblomstra art frå hårsvæve-gruppa. Det er funne få soppartar, av desse berre to beitemarkssopp. Artane var: stor eggryksopp, kjeglevokssopp, ruterøyksopp, beitesjampinjong og stilkmosekantarell. Vidare hadde tørrengene massevis av perlemorssommarfuglar og småsommarfuglar på varme soldagar.

Råd om framtidig bruk: Til no har det vore stor merksemeld omkring dei kulturhistoriske verdiane i Svøu. Landskapet rundt og det biologiske mangfaldet som tilhører den tradisjonelle drifta er også rimeleg intakt. Dette skulle ikkje gjera verdiane på staden mindre. Drifta i dag tek godt vare på verdiane. Det å ta vare på dei artsrike slåtteengene i framtida krev likevel ein bevisst innsats.

Svøu: Johanslia

Områdeskildring: Dette er eit mindre bruk sørvest for Svøu. Mesteparten av innmarka er fulldyrka og gjødsla. Sør for husa ned mot skogen er det ein frodig kant med bringebær, engsmelle, tyrihjelm, stornesle, skogburkne høymol, geitrams, kvitsoleie, mjødurt, gråor og bjørk (G14: frisk næringsrik gammeleng). Heilt i sør er det to mindre område med natureng

(G4). Den nedste er dominert av prestekrage med innslag av firkantperikum, bleikstorr, gulaks, lækjeveronika og skogstorkenebb. Det er attgroingstendensar med ein del strø. Lenger opp finst ei eng med finnskjeggsamfunn, smyle, harerug, engfrytle, småengkall, kvitsymre, lækjeveronika, fjelltimotei, blåklokke og litt prestekrage. Også her er det noko strø som tydar på attgroing. I skogen like ved er det urterikt, med t. d. skogstorkenebb, skogmarihand, hengjeaks og firblad.

Kommentarar til funn: Det er funne 83 planteartar, av desse 15 naturengplanter og 4 seterplanter.

Råd om framtidig bruk: Det er attgroingstendensar i naturengene i kantområda, og marka kunne med fordel vore noko hardare beita om hausten.

Hafsåsen: Åsattløgu

Områdeskildring: Dette er eit engstykke ved vegen oppå åsen mellom Hafsåsen og Grødalen. Her blir slått gras år om anna, og beita noko av sau. Enga er i god hevd. I botnen er det mykje av mosane putehårstjerne og grantujamose. Her finst mange planter som indikerer kalkinhald i jordsmonnet, dette gjeld også fleire soppartar. Utvalet av planteartar er særmerkt og interessant. Godt utvikla dunhavreeeng (G7b) er ein sjeldan vegetasjonstype, og førekomensten av sandfiol er og sjeldan og verdifull.

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar. Av desse var det 14 naturengartar og 9 seterartar. Mest spesielt er ein bra bestand av den kalkrevande tørrbakkeplanten sandfiol, som her i fylket berre er kjent frå Sunndal (berre Grøvuvassdraget) og Fræna. Elles kan det nemnast bergrublom, lodnerublom, marinøkkel, fjellmarinøkkel, fjellfrøstjerne, flekkmure, setermjelt, sauesvingel, seterrapp og sòlvture. Lokaliteten har eit liknande tørrbakkepreg som Liin i Svisdalen, men ligg høgare (800 m) og har eit litt anna artsutval. Lokaliteten har 12 kjente artar av beitemarkssopp og 16 artspoeng. Det er funne svartlodnetunge (*Trichoglossum hirsutum*), gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), liten vokssopp (*Hygrocybe insipida*) og dvergmjølsopp (*Clitopilus scrophoides*), den siste veks på mosen putehårstjerne. Vidare er det funne fleire raudskivesopp-artar, av desse kan nemnast glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*). Dette er truleg den høgast kjente veksestaden i Noreg for svartlodnetunge og glasblå raudskivesopp, og ein av to kjente lokalitetar i fylket av dvergmjølsopp (den andre ligg i Grøvudalen).

Råd om framtidig bruk: Beiting og slått bør fortsetta som før. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

Hafsåsen: Trøa & Bortategjerdet

Områdeskildring: Trøa og Bortategjerdet ligg inntil kvarandre i botnen av Hafsåsen, blir drive som ei jordbruksining og er derfor behandla i lag her. Viktige kulturminne er gamle oppmura terrassar i sørhellingane vest for husa, der bruka i Hafsåsen tidlegare hadde kvar sin kornåker (750-760 m over havet). Desse gamle åkrane ligg i ei sør vendt gryte, der kulturpåverknad og lokalklima har forma vegetasjonen til artsrike tørrenger (jfr. Åsattløgu som og høyrer til Trøa, men som er omtala for seg). I desse engene er det mykje engkveindominert eng (G4), elles mykje tørrare parti meir i retning av flekkmure-sauesvingeleng (G8). Det er oppslag av osp på og rundt dei gamle åkrane. Ved Bortategjerdet var det mykje sòlvbunkeeng (G3) på den fulldyrka marka. I kantane lengst i aust og opp mot skogen ovafor husa på Bortategjerdet finst artsrike naturenger. Engkvein/gulakseng dominerer (G4a), men det er innslag av tørrengartar. Her veks t. d. raudsvingel, blåklokke, lækjeveronika, mykje av ein ubestemt art i hårvæve-gruppa, tiriltunge, engsmelle, markjordbær, sòlvture, småbergknapp, småsmelle, snøsøte, bakkesøte, bakkestjerne, aksfrytle og hårvæve. Liknande vegetasjon, men noko meir artsfattig finst i beitemarkene i

sørhellingane på begge sider av bytet mellom Trøa og Bortategjerdet. Utover frå dyrkamarka finst beitepåverka skog, som for det meste er gras/urterik (C2c).

Kommentarar til funn: Det er funne 99 planteartar, av desse 21 naturengplanter og 6 seterplanter. Det vart funne m. a. den sjeldne sandfiolen (øvst i bakkane), bakkestjerne, snösøte, fjellrapp, hårvæve, markjordbær, sandarve, lodnerublom, blåklokke, småbergknapp, tiriltunge, marinøkkel, gjeldkarve, lækjeveronika, bergveronika, sølvture, jonsokkoll, mykje av ein ubestemt art av hårvæve-gruppa og ruterøyksopp. Vidare er det mykje småsommarfuglar på solrike dagar. Mest interessante var funna av sandfiol, bakkesøte, marinøkkel og snösøte.

Råd om framtidig bruk: Det viktigaste er at busetnad og jordbruksdrift kan fortsetta, slik at m. a. beitedyra pleier landskapet. Ospa i dei sørveste tørrengene burde vore ringbarka og seinare fjerna. Dei oppmura kornåkrane er eit uvanleg kulturminne som kunne vore utnytta i turismesamanhang. Rundt desse terrassane ligg artsrike, kulturbetinga tørrengsamfunn som og kan inngå i eit informasjonopplegg, t. d. ein merka sti ned frå Åsattløgu der det er råd å setta frå seg ein par bilar på øversida av vegen (for å unngå inngrep i Åsattløgu).

Hafsåsen: Øststu

Områdeskildring: Dette er det første bruket ein møter når ein kører ned i Hafsåsen. Nye eigarar var i ferd med å flytta inn sommaren 1999. Det er ikkje dyr på bruket. Viktige kulturminne er eit gammalt steinråk og gamle oppmura terrassar i sørhellingane der det tidlegare vart dyrka korn (750-760 m over havet). Garden har mykje gammel eng. Dei mest artsrike naturengene ligg følgjande stader: ovafor og innafor husa i øvre deler mot skogen heile vegen innover mot grensa til Bjørklund (Bergset og Nylenda er ikkje undersøkt), vidare nedanfor vegen på øversida av råket. Ovafor husa vart det funne noko marinøkkel i engkvein/gulaks-eng, der det elles var mykje harerug. Elles var det parti ovafor husa med ein del skogstorkenebb, som er eit attgroingsteikn. Opp mot skogen nedanfor Nylenda (sørvestre del av innmarka) er det og artsrik engkvein/gulakseng (G4a) med harerug, småengkall, blåklokke, marinøkkel, tiriltunge, kjertelaugnetrøst og ein ubestemt art i hårvæve-gruppa. Enga nedanfor vegen sørover frå fjøset (ovafor råket) er og dels engkvein/gulakseng (G4a) av liknande type. I den sørveste skråninga oppunder bygdevegen i nord har det som nemnt vore kornåkrar på oppbygde terrassar. Rundt her er det restar av artsrik tørrengvegetasjon (G7/G8) med putehårstjerne i botnen, vidare sølvture, småbergknapp, fjellrapp, tiriltunge, bakkestjerne, karve, gjeldkarve, vårpengeurt, ruterøyksopp og prestekrage. Tørrenga er i attgroing, øvst er det oppslag av osp, elles finst m. a. burot og geitrams. I skogen ovafor husa er det først (ovafor steingjerdet) einsaldra småbjørk med ein undervegetasjon av engkvein/gulaks (G4a) og engsoleie, raudkløver, harerug og mykje fjellfiol. Dette er nokså sikkert ei attgroande slåtteeng. Lenger opp (framleis ovafor husa i vest) er det lysopen bjørk- og ospeskog (C2c) med gras-urterik vegetasjon av sølvbunke, smyle, engkvein, skogstorkenebb, tyrihjelm og kvitmaure. Dette er gamle slåttelier. Skogen på nersida av vegen er og av det gras- og urterike slaget.

Kommentarar til funn: Det er funne 110 planteartar, av desse 23 naturengplanter og 10 seterplanter. Det mest interessante var funn av marinøkkel fleire stader på bruket.

Råd om framtidig bruk: Det viktigaste er at busetnad og jordbruksdrift kan fortsetta, slik at engene blir slått og hausta. Det er og ønskjeleg med lett etterbeiting om hausten. Dei magraste naturengene bør og haustast, sjølv om noko av dette ikkje er traktormark.

Hafsåsen: Bjørklund

Områdeskildring: Bjørklund ligg mellom Øststu og Skålvolten. Mykje av dyrkamarka er gjødsla. Ved vegen nedanfor husa ligg ein naturengflekk med engkvein, finnskjegg og

dunhavre (G7b/G4a) som viktigaste grasslag, vidare harerug, blåklokke, raudkløver og tiriltunge. Dei mest interessante engene ligg opp mot skogkanten øvst i bakkane ovafor husa. Dette er dels tørrenger, dels meir frisk engkvein/gulakseng med fjelltimotei (G4a/c).

Kommentarar til funn: Det er funne 103 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 10 seterplanter. Det mest interessante var funn av marinøkkel, snøsøte og bakkestjerne i tørrengene øvst mot skogen. Av andre artar her oppe kan nemnast harerug, flekkmure, fjellrapp, ein ubestemt art av hårvæve-gruppa, småbergknapp, vårpengeurt, tiriltunge, lodnerblom, hårvæve, jonsokkoll og markjordbær. På knausen midt i enga (tørrberg) vaks sølvture, småbergknapp og vårpengeurt.

Råd om framtidig bruk: Det viktigaste er at jordbruksdrifta held fram i form av slått. Også dei magre og litt bratte tørrengene skulle ha vore slått av og til for å motverka attgroing. Det er ønskjeleg med lett etterbeiting om hausten.

Hafsåsen: Skålvolle

Områdeskildring: Mesteparten av innmarka er fulldyrka og gjødsla. Det finst mindre parti med naturengpreg opp mot skogkanten vest for husa og øvst mot skogkanten i Storlykkja (sørvestlege del av innmarka). Ein haug ovafor husa har natureng dels av engkvein/gulaks-type (G4a), dels med finnskjegg og dels med sauesvingel (G5). Her finst forutan dei interessante artane nemnt under funn nedanfor, også fjelltimotei, fjellfiol, flekkmure, aurikkelsvæve, ein ubestemt art av hårvæve-gruppa og bakkestjerne. Ved gammelskulen var det engkveindominert vegetasjon (G4a) med harerug, blåklokke, raudkløver, følblom og krekling. I skogkanten i Storlykkja var det og engkvein-dominans, med raudsvingel, smyle, raudknapp, blåklokke, harerug, engsmelle og ein ubestemt art i hårvæve-gruppa.

Kommentarar til funn: Det er funne 93 planteartar, av desse 21 naturengplanter og 7 seterplanter. Det mest interessante var funn av marinøkkel, fjellmarinøkkel og bakkesøte i kantane mot skogen vest for husa.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at jordbruksdrifta held fram. Brukaren her haustar og gras på fleire andre stader i fjellgardane. Ein kan vurdera å slå dei små areala med artsrike naturenger med lett reiskap med nokre års mellomrom for å motverka attgroing.

Hafsåsen: Hagaslettet

Områdeskildring: Hagaslettet ligg lengst vest i Hafsåsen omkransa av fjellbjørkeskog og litt furu. Dette er ein gammal plass med nokre dekar dyrka og overflatedyrka mark. Mesteparten er sølvbunkeeng (G3) som blir beita av streifande sauher. Beitetrykket er noko lågt, og i kantane er det oppslag av bjørk og grønvier. Engene har forutan sølvbunke (G3) ein del engrapp, marikåpe, bleikstorr, enghumleblom, engsnelle, skogstorkenebb, jáblom og tyrihjelm. Lenger opp i bakkane er vegetasjonen tydeleg kalkpåverka, det finst her grunnlendte berg, og gammel slåttamark med fuktenger og mange interessante artar.

Kommentarar til funn: Det er funne 101 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 15 seterplanter. Rundt dei grunnlendte, kalkrike berga vart det funne bakkesøte, bakkestjerne, bergveronika, dunhavre, fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, fjellnøkleblom, fjellrapp, flekkmure, småbergknapp, småsmelle, hårvæve, snøsøte og norsk vintergrøn. I fuktenger og rik-/ekstremrik-myrt (M2/M3) vaks hårstorr, grønkurle, gullmyrklegg, svarttopp, kastanjesiv, brudespore og dubbestorr.

Råd om framtidig bruk: Beitetrykket i området er for lågt til å motverka attgroing av engsamfunna og innvandring av småbjørk og vier. Det er ønskjeleg både med sterkare beiting og med ei skikkeleg ryddeøkt. Dei gamle slåtteliene er nok i attgroing, men ser ut til å halda seg nokså lysopne likevel, med ein gras- og urterik vegetasjon i botnen. Attgroinga kan bli sterkare dersom beitet opphører. Dei gamle slåtteliene er både eit kulturminne og eit

interessant naturområde, og samspelet mellom berggrunn, jordsmonn, klima, vegetasjon og kulturhistorie i dette området burde ha vore betre kjent. Området liknar slik sett på Grøvudalen, men har ei anna brukshistorie. Ein bør vurdera informasjonstiltak i samband med dette.

Hafsåsen: Sivertslettet

Områdeskildring: Sivertslettet ligg ved stien til Geitådalen, heilt i munningen av dalen. Det er ein gammal plass med ei lita overflatedyrka eng. Sivertslettet ligg i eit terrenget som var utmarksslått for heile Hafsåsen, og her vrimalar det av gamle namn som ender på -slettet, og som viser at dette var slåttelier. Her er også mange tufter etter høyloer, og somme står enda. Det mest nytta området låg frå Skålvolten og langt innover mot Geitådalen (kjelde: Knut O. Hafsås). Det er ikkje tilfeldig at dette området var mykje nytta, fordi den kalkrike vegetasjonen både er produktiv og frodig, og dessutan næringsrik og velsmakande for dyra. Enga ved husa i Sivertslettet er ei fin og artsrik dunhavreeng (G7b) med innslag av tørrberg, baserk utforming (F2c). Ovafor plassen ligg store kalkrike tidlegare slåttelier med ein svært interessant vegetasjon og flora. Dominerande er gras- og urterik bjørkeskog (C2c) og kalklågurt-bjørkeskog (B2c), kalkrike fuktenger og myrer (M2/M3).

Kommentarar til funn: Det er funne 92 planteartar, av desse 23 naturengplanter og 12 seterplanter. Ved husa i Sivertslettet vaks mykje bakkesøte, prestekrage, fjellfrøstjerne, flekkmure, småbergknapp, bakkestjerne, hårvæve, fjellrapp, fjellarve, lækjeveronika og stemorsblom. I dei kalkrike, tidlegare slåtteliene vart det funne m. a. bakkestjerne, bergveronika, brudespore, fjellbakkestjerne, fjellfiol, hårstorr, jáblom, liljekonvall, skogvikke, vårværtekapp, skogmarihand, snøsøte, sotstorr, stortviblad, svarttopp og tyrihjelm.

Råd om framtidig bruk: Kommentarane her blir dei same som for Hagaslettet.

Hafsåsen: Leirgrova

Områdeskildring: Dette er ein gammal buplass med mange kulturminne (steinråk, steingjerde og mange hustufter) ned mot elva like nedafor der Geitåa og Grøvu møtest. Nokre dekar tidlegare overflatedyrka mark er framleis open, dominert av dunhavreeng (G7b) i byrjande attgroing. Staden er beita av streifande sauer, men beitetrykket er for lågt.

Kommentarar til funn: Det er funne 64 planteartar, av desse 21 naturengplanter og 9 seterplanter. Dei mest interessante var den sjeldne sandfiolen, marinøkkelen og snøsøte, vidare vart det funne aurikkelsvæve, bakkestjerne, bergveronika, fjellfrøstjerne, fjellrapp, flekkmure, harerug, jonsokkoll, jáblom, kjertelaugnetrøst, markjordbær, prestekrage, raudknapp og ein ubestemt art av hårvævegruppa.

Råd om framtidig bruk: Beitetrykket i området er noko lågt til å motverka attgroing av engsamfunna og innvandring av småbjørk og vier. Det er ønskjeleg både med sterkare beiting og med ei skikkeleg ryddeøkt.

Røymo: Ivarstu

Områdeskildring: Ivarstu er den nordlegaste av bruken på Røymoen. Det bur ikkje folk på bruken. Eigaren bur i Oslo. Innmarka er mest heilt omkransa av steingjerde. I nord grensar innmarka til opne lyngsletter på lettdrenert morenemasse. I øvre deler i vest er det litt skog, elles grenser bruken til innmarka på nabobruka. Bruken eig eit større beite som og er undersøkt oppover bakkane sør for Utistu og Kristenstu. Mesteparten av innmarka er fulldyrka og gjødsla. Øvst i bakken mot vest er det restar av tidlegare tørrenger som no ikkje lenger blir slått og er i ferd med å gro att med m. a. geitrams og engsmelle. Dei har likevel att litt av det tidlegare artsinventaret (sjå nedanfor). Langs gardsvegen og langs steingjerdet i nord finst mindre kantflekker med naturengpreg, særleg aust for gardsvegen. Beitet sør for Utistu og

Kristenstu har tidlegare vore eit stort ope område, men er no i ferd med å gro att med einer, bjørk, sølvvier og dvergbjørk. Vegetasjonen er ei blanding av røsslyng- og kreklinghei, sauesvingeleng (G5c) og engkvein/gulaks-eng (G4a) med ein del raudsvingel. Beitet var ikkje særleg artsrikt, men det fanst m. a. harerug, kattefot, flekkmure og fjellmarikåpe.

Kommentarar til funn: Det er funne 89 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 8 seterplanter. Tørrengene i vestre del av innmarka har att såvidt litt snøsøte, marinøkkel, blåklokke og raudknapp. Elles vart det funne lodnerublom og bergveronika langs steingjerdet i nord.

Råd om framtidig bruk: Det er positivt at innmarka blir slått. Det hadde og vore ønskjeleg at tørrengene oppe i bakken i vest også blir slått år om anna. Beita sør for Røymogardane burde vore meir beita, elles vil dei gro heilt att.

Røymo: Kristenstu

Områdeskildring: Kristenstu har den austlegaste delen av dyrkamarka på Røymoen, med eit omfattande system av steingjerde rundt. Heller ikkje her bur det folk. Eigaren bur i Molde. Enga nordaustover frå husa blir slått. Mot steingjerdet som grensar mot utmarka heilt i nordaust ligg smale naturengkantar med m. a. marinøkkel. Rett sør for husa ligg to beiteskifte på kvar side av Nebb-bekken med attgroande dunhavreeeng (G7b), og innslag av sølvbunkeeng (G3) og engkvein/gulaks-eng (G4a). Det er oppslag av bjørk, einer, skogstorkenebb og tyrihjelm her, elles vart det funne kvitmaure, småengkall, blåklokke, flekkmure, fjellfrøstjerne og harerug. Eit hestebete på sørsida av bekken i søraust vart berre vurdert med kikkert, det såg ut til å vera dominert av sølvbunkeeng (G3). Det mest interessante på bruket var dei sørveste bakkeskråningane ned mot bekken austover frå husa. Desse er dels i attgroing med geitrams og hundegras, men deler av skråningane hadde framleis artsrike tørrenger med mykje engkvein, raudsvingel og seterrapp (G4a/c, sjå vidare nedanfor).

Kommentarar til funn: Det er funne 64 planteartar, av desse 11 naturengplanter og 9 seterplanter. I tørrengene austover langs bekken vaks m. a. lodnerublom, marinøkkel, bakkesøte, bakkestjerne, takhaukeskjegg, fjellrapp, stemorsblomst, fjellarve og småsyre. Av fugl vart det observert tårnseglar, og hekkande linerle og kjøtmeis.

Råd om framtidig bruk: Det er positivt at deler av innmarka blir slått. Det hadde og vore ønskjeleg at tørrengene langs bekken i aust også blir slått år om anna. Naturbeitemarkene sør for husa burde vore meir beita, elles vil dei gro heilt att.

Røymo: Utistu

Områdeskildring: Utistu har innmarka i sør og vest på den flata som utgjer Røymogardane. Dette er det einaste av dei tre bruka der det bur folk. Innmarka blir slått og noko beita av sau vår og haust. Det mest interessante her er relativt store bakkar med ugjødsela, tørre naturenger opp mot skogen i vest. Ved besøket den 20. juli var desse heilt blå av blåklokke. Vegetasjonen var rik på urter og gras. Ein del parti hadde mykje engkvein og rylik (G4a), men det er overgangar mot tørrenger (G7). Somme stader var det også noko engsyre og småsyre. Dei mest interessante partia hadde putehårstjerne og grantujamose i botnen, og ein urterik vegetasjon. På søraustsida av Myrbekken rett ved husa var det og ei lita natureng som har ei viss interesse.

Kommentarar til funn: Det er funne 75 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 7 seterplanter. Frå artsinventaret i dei tørre naturengene må det særleg nemnast funn av den sjeldne handmarinøkkel (6 individ), ein art som står som hensynskrevande på raudlista, og som berre er kjent frå eit funn tidlegare i fylket (Smøla: Roksvåg 1969, ikkje attfunnen på 90-talet, Jordal & Gaarder 1998a). Seinare same dag vart same arten funnen på Tøftvangen i Grødalalen, som dermed blir tredje funnet i fylket. Andre viktige funn i desse engene var

marinøkkel, fjellmarinøkkel, takhaukeskjegg og snøsøte. Vidare fanst blåklokke, stemorsblom, fjellrapp, flekkmure, harerug, karve, kjertelaugnetrøst, kvitkløver, raudknapp, setermjelt og ein ubestemt art av hårvæve-gruppa.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at busetnad og jordbruksdrift i form av slått og beiting kan halda fram. Dersom denne drifta opphører eller endrar seg vesentleg, står tørrengene i fare for å gro att. Det er langt mellom lokalitetar med tre marinøkkelartar, såvidt eg veit er dette den einaste i fylket. Å ta vare på dette må vera ei prioritert oppgåve. Handmarinøkkel er svært sårbar for opphør av slåtten, og vil da truleg kunne forsvinna raskt.

OMRÅDESKILDRINGAR LINDALEN

Generelt om Lindalen

Lindalen er del av storområde i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal (1994). Dalen ligg i aust-vest-retning og går i aust over i Dindalen i Oppdal. På Sunndalssida finst 3 seterområde: Nysetra, Gammelsetra og Middagshjellan. Nysetra er botanisk sett den minst interessante, og det er av denne grunn ikkje gjort fullstendige registreringar her. Den mest interessante er Gammelsetra, men og på Middagshjellan er det gjort interessante funn. Seljedal (1965: s. 210) nemner at det vart rydda nye setrar og inngjerda engmark i Lindalen i 1777 og 1778, det vil seia på same tid som det vart rydda setervollar i Geitådalen, og like før gardane i Sunndalen tok til å setra i Grøvudalen (1780-åra). Jenstad (1989) meiner at Gammelsetra er betydeleg eldre enn 1770-talet. I 1945 var det ifølgje Mogstad (1964) to setrar i drift med om lag 30 storfe på Gammelsetra, to setrar i drift med same dyretal på Nysetra og tre setrar på Middagshjellan med om lag 36 storfe. Seterdrifta vart lagt ned midt på 1950-talet. Langt inne i dalen, på Oppdalssida, ligg Veggasetra som framleis er i drift, og som i tillegg er eit artsrik seterområde (Jordal & Gaarder 1996).

Lindalen: Gammelsetra

Områdeskildring: Lokalitetene er omtala av Jordal & Gaarder (1995, 1997). Landskapet er prega av moreneryggjar og -haugar frå istida. Vegetasjonen er dominert av tørr, frisk og fuktig beitemark omkransa av bjørkeskog. Dei tørraste partia har mykje sauesvingeleng (G5c/G8), medan dei friskare har ein meir allsidig samansett vegetasjon av gras og urter (G4c/G8). Kristiansund og Nordmøre Turistforening har teke over og restaurert fleire bygningar til bruk som sjølvbetjent turisthytte. Nærrområdet rundt husa er inngjerda, og dette vil no gro att. Utafor gjerdet er beitetrykket godt og grasmarkene er interessante og artsrike.

Kommentarar til funn: Det er funne 69 planteartar, av desse 19 naturengplanter og 10 seterplanter. Dette er relativt høgt, og plasserer Gammelsetra blant dei meir artsrike setervollane her i fylket. Særleg er det grunn til å framheva ein stor bestand av bakkesøte, og førekomst av marinøkkel, fjellmarinøkkel og snøsøte. Vidare finst bergskrinneblom, bakkestjerne, bergveronika, dvergjamne, flekkmure, småengkall og sumpmaure. Det er vidare funne 10 beitemarkssopp (12 poeng). Mellom desse var lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*), som begge synest å vera hyppigast i seterområda i høgare strok. Verdt å nemna er også kvit fjellmunkehatt (*Melanoleuca subalpina*) og rosafagerhatt (*Calocybe carneae*), sjølv om den siste ikkje er beitemarkssopp. Det synest å vera vanskeleg å få oversikt over beitemarkssopp i seterområda over 7-800 meter, da sesongen er kort, og soppane er utsette for frost og tørke.

Råd om framtidig bruk: Det kan diskuterast om dei granene som er planta har ein naturleg plass i dette gamle kulturlandskapet. Elles kan det også diskuterast om det området som turistforeninga har gjerd inn rundt husa bør få gro att, eller om det kan vera muleg å opna opp ein periode på sommaren slik at vegetasjonen kan bli beita som før. For artsrikdomen vil det siste vera ein fordel, men det er rett nok ikkje noko stort areal det dreier seg om. Det er å håpa at beitinga kan halda fram i ein slik grad at dette fine seterlandskapet blir halde ved like.

Lindalen: Middagshjellan

Områdeskildring: Middagshjellan er dominert av ei stor flate med dyrka mark, som i lang tid har vore eit viktig tilskot til förgrunnlaget på Jenstad. Denne flata med mektige grusmassar

under er skapt som elveavsetningar i ein bredemt sjø på slutten av siste istid. I kanten av denne flata ligg fleire setrar. Landlaupsetra er den som var i bruk lengst, her vart drifta nedlagt på 1980-talet. Arealet av naturbeitemark er relativt lite, og avgrensar seg til terrenget ved seterhusa og i kantane mot skogen.

Kommentarar til funn: Det vart funne 35 planteartar rundt setrane, av desse 10 naturengplanter og 3 seterplanter. Av desse er det særleg grunn til å framheva funnet i 1993 av den sjeldne plantearten haustmarinøkkel. Dette var første funn i fylket, og eit av tre kjende til no. Det andre ligg ved kvernhuset ved Lindøla ein kilometer unna, det tredje i Brøstdalen i Rauma. Haustmarinøkkel er særskilt omtala under artskommentarar for planter. Den finst ofte på kalkfattig mark, og synest å trivast best i lite gjødsla beite som har vore bruka i lang tid. Det er vidare funne 13 beitemarkssopp (14 poeng). Mellom desse var det 5 relativt vanlege raudskivesoppartar og 4 vokssoppartar. Ein av desse var den hensynkrevande mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram som tidlegare slik at den beitepåverka vegetasjonen kan haldast i hevd.

OMRÅDESKILDRINGAR REPPDALEN

Generelt om Reppdalen

Reppdalen har naturleg stengsel mot Middagshjellbeitet. På vestsida stenger veldige steinurer og på austsida stenger Skiråa. Etter at setringa opphørde på 1920-talet (kjelde: Erik Jenstad) har Reppdalen vorte ein hanndyrdal, med hamn for hingstar, oksar og bekarar. Etter ei befaring 7. eller 8. september 1945 skriv Mogstad (1964) om dalbotnen i Reppdalen at grasvoksteren er rik, men at det innover dalen aukar på med sølvbunkerikt vierkratt av storkenebbtypen (S6b). "i dalbotnen vidare innover dominerer lyngsamfunna, som ofte er grasrike". I dag er store deler av den opne dalbotnen dekt av til dels frodige vierkratt (S6/S7). Innover mot Kvitådalen blir det meir lyngdominert vegetasjon. Ei samanlikning med Grøvudalen er nærliggjande. Denne er dominert av gras- og urterike engsamfunn i botnen, medan Reppdalen er dominert av vier og lyng. Dalbotnen er i begge dalane open, og jordsmonnet dels baserikt. I Reppdalen har kulturpåverknaden vore svakare, setringa opphørde tidleg, og bruken til hanndyrbeite har i lengre tid, særleg sidan 1970-talet, medført eit nokså dårleg beitettrykk. Den som lurar på korleis Grøvudalen kan bli sjåande ut om nokre tiår dersom beitinga opphører, kan derfor ta seg ein tur inn i Reppdalen. Dei to dalane er nokså like i utgangspunktet, men har svært ulik brukshistorie. Skilnaden i brukshistorie kan truleg eit stykke på veg forklara dei forskjellane som vi ser i vegetasjonen i dag. Mogstad (1964) meiner at Reppdalen kan fø 20 oksar og 40-50 hingstar. I 1945 gjekk her 20 oksar og 7-8 hingstar. I 1996 var det berre 4-5 hingstar her i tillegg til at det var sleppt ca. 40 bekarar (kjelde: Erik Jenstad). Dette monnar ikkje stort mot den naturlege suksesjonen i retning vierkratt og bjørkeskog.

Reppdalen: Reppdalssetra

Områdeskildring, vegetasjon: Reppdalssetra ligg på vestsida av elva, i ei slakk helling mellom elva og den brattare lia ovafor. Drifta opphørde som nemnt ovafor tidleg i mellomkrigstida, og setra har lenge vore til nedfalls. Vegetasjonen ber preg av lågt beitettrykk. Det er mykje daudgras i botnen og vegetasjonen er dominert av høgvaksne gras og urter, og svært fattig på småvaksne engplanter som bakkesøte, marinøkkel, fjellaugnetrøst og snøsøte. Det skjer vidare ei forbusking og skogen er på frammarsj. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse ca. 150 meter nord for setra, i relativt tørr gras- og urterik vegetasjon. Vegetasjonen kan karakteriserast som engkvein/gulakseng (G4a), med innslag av dunhavre-eng (G7b). Dominerande artar elles var kvitmaure, fjellfrøstjerne og tytebær. Det vart i ruta funne 48 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 11 seterplanter. Dette er eit relativt høgt tal for planteartar totalt, og middels for dei to andre kategoriane. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 84 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 15 seterplanter. Dette er relativt høge tal. Interessante artar var bakkesøte (få ind.), gulmjelt, marinøkkel (1 ind.), norsk malurt og snøsøte (få ind.). Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Dersom det er ønskjeleg å berga Reppdalen som kulturlandskap med tilhøyrande artsinventar, bør beitettrykket bli mykje hardare. Som nemnt ovafor kan det da dreia seg om opptil 60-70 storfe/hest.

OMRÅDESKILDRINGAR GRØVUDALEN

Generelt om Grøvudalen

Grøvudalen er ein del av eit område i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994.

Brukshistorie (Jordal & Gaarder 1997):

Bortsett frå jakt og fangst, som har pågått sidan steinalderen, har det vore både busetnad og intensiv setring og beitebruk i Grøvudalen i mange hundre år. Den mest detaljerte kjelda til dette er ei særroppgåve i historie skreve av Jostein Sande (1972). Her er det viktig å vera klar over at ein eldgammal ferdselsveg mellom Lesja og Sunndalen gjekk gjennom Grøvudalen. Langs slike vegar oppstår lettare busetnad enn andre stader. Ein búplass ved Gammelsetra (Gammelseterpllassen) kan vera frå før Svartedauden. På Haualykka sør for Gammelsetra har det vore fleire hus og fast busetnad fram til rundt år 1600, da husa etter segna vart tekne av snøras. Framleis er vegetasjonen rundt tuftene mykje frodigare og grønare enn i området rundt. Opprinneleg oppgjødsling har truleg ført til kontinuerleg beiting og dermed gjødsling frå beitande dyr, noko som har halde vedlike ein frodig grasrik vegetasjon (på ei elles lyng- og sauesvingeldominert slette) gjennom heile 400 år! I matrikkelen av 1723 vart garden Grøvudal omtala. Årleg formengd var 30 sommarlass. Utover 1700-talet var det fleire brukarar på ulike stader i kortare eller lengre periodar. I første halvdel av 1700-talet vart det truleg rydda og dyrka ein del av det vi i dag ser som opne grasmarker ved Storvollen og Gammelsetra. Nysetra kan ha vorte rydda i 1780-åra. Frå 1780-åra vart Grøvudalen kjøpt opp av gardar i Sunndalen som skaffa seg seter der. Dessutan vart det etter kvart ei rekke husmenn i dalen, som delvis budde på setrane om vinteren og ofte flytta ut i skrale buer i utmarka når gardfolket kom på setra. Fenomenet seterhusmenn er lite kjent frå andre område. Mange dreiv handverk, malmkøyring eller arbeidde i gruver, i tillegg var jakt og fangst ein del av næringsgrunnlaget. Tabellen nedafor viser dyretal (vinterföra) tilhøyrande brukarane eller seterhusmennene i Grøvudalen til ulike tider.

Tabell 9. Dyretal (vinterföra) til fastbuande brukarar/seterhusmenn i Grøvudalen i følgje Sande (1972). Buskapar frå bygda sommars tid er ikkje rekna med.

| Årstal | hest | storfe | sauer | geit |
|--------|------|--------|-------|------|
| 1723 | 1 | 8 | 20 | |
| 1835 | 1 | 2 | 6 | |
| 1845 | 1 | 2 | 6 | 4 |
| 1865 | 2 | 20 | 35 | 7 |
| 1875 | 0 | 21 | 38 | 7 |

Beitetrykket i Grøvudalen har truleg vore ganske godt både på 1800-talet og det meste av 1900-talet. Høgdepunktet for seterdrifta var siste halvparten av 1800-talet da 9-10 gardar setra her. Setringa vart slutt i 1953 på Storvollen, i 1973 på Myra, medan det framleis blir halde liv i seterdrifta på Gammelsetra. Dette er ei av ytterst få setrar i fylket med fullseterbruk, der all

mjølk blir teken hand om og bearbeidd på staden. Seterdrifta blir no utført av Sunndal seterdriftslag, som leiger både seter og buskap og held seterkurs. Seterdrifta blir støtta av kulturmidlar, og er omfatta av stor interesse.

Ifølgje Mogstad (1964), som har laga eit oversyn over fjellbeite i Møre og Romsdal, står Grøvudalen i ei særstilling i fylket når det gjeld beitetid (kyrne kunne vera på setra 3 månader) og beitekvalitet, noko som blir vidare utdjupa i ei hovudoppgåve ved Landbrukshøgskulen på Ås (Rekdal 1980). Tilvoksteren på dyra er høgare enn i dei fleste andre beiteområde. Dette har mange gardar i Sunndalen visst å gjera seg nytte av, sjølv om vegen var lang. I sjølve Sunndalen er det vanskeleg og bratt å koma til andre fjellbeite. I tillegg har det vore slått mykje gras til høy og køyrt heim på vinterføre, til og med mest heilt til Sunndalsøra, ei strekning på 5-6 mil ein veg. Det har vore slått heilt opp på Kongsvoll, om lag 1200 meter over havet. I mellomkrigstida kan det ha vore hausta rundt 40 tonn høy årleg i dalen (kjelde Trond L. Gravem). Slåtten tok slutt på 1950-talet. Lauving har ikkje vore drive etter at den faste busetnaden tok slutt, men det har vore teke ut mykje ved til setrane. I tillegg til husdyra, beiter reinen på groen i dalbotnen på våren. Aukande ferdsel kan ha ført til at det har vore mindre av dette dei seinare åra.

Tabell 10. Dyretal sleppt på beite i Grøvudalen til ulike tider (Rekdal 1980).

*talet omfattar berre vinterfora sau

| Årstal | hest | storfe | sau | geit |
|-------------|------|--------|------|------|
| 1835 | 10 | 70 | 50* | 50 |
| 1875 | 10 | 170 | 110* | 10 |
| 1920 | 15 | 100 | 130 | 30 |
| 1944 | 10 | 90 | 130 | |
| 1979 | | 70 | 435 | |

Det er ut frå tabell 10 vanskeleg å seia noko om korleis beitetrykket har variert i dalen. Talet på storfe har gått ned, medan sauetalet har gått opp. Tidlegare beita sauene mykje på fjellet, medan hest og storfe gjekk i dalbotnen og dalsidene. I dag beitar sauene i større grad enn før i dalbotnen. Dagens beitebruk er i alle høve ikkje tilstrekkeleg til å hindra forbusking og attgroing ein del stader. Lia ovafor Gammelsetra gror att med einer, området mellom Haualykkja og Storvollen gror til med bjørk, og det skjer ei forbusking av liene fleire stader. Mogstad (1964) reknar at heile dalføret vil kunne romma 120 storfe og 1500 sau, alternativt 2500 sau. Rekdal (1980) reduserer dette til 120 storfe og 900 sau, alternativt 1600 sau.

På 1970-talet og første halvdel av 1980-talet arbeidde vernegruppa "Aksjon varig vern av Grøvu" mot kraftutbyggingsplanane. I 1985 vart Grøvuvassdraget varig verna. Gruppa vart da omgjort til "Grøvus venner", seinare "Grøvugruppa" som no arbeider med både natur- og kulturvern i området. Grøvugruppa fungerer på liknande måte som Storfjordens venner og Ristes venner, og vil kunne vera ein ressurs i framtidig forvaltning av området.

Biologiske registreringar

Sitat frå Jordal & Gaarder (1997):"Grøvudalen er eit klassisk botanisk område med svært rik flora og vegetasjon. Området er besøkt av Christen Smith i 1813, Ove Dahl i 1890, 1892

og 1893 og Rolf Nordhagen i 1922, 1924 og 1947. Trøndelagsavdelinga av Norsk Botanisk Forening har hatt ekskursjonar hit i 1951 og 1973. Mange andre botanikarar har vore her seinare, og dalen har vore ekskursjonsområde for m. a. biologistudentar ved Universiteta i Trondheim og Oslo. Det mest omfattande arbeidet er hovudfagsoppgåva til Mikael Hagen (1976b). Vidare har Rekdal (1980) utført botaniske undersøkingar i samband med hovudoppgåva si ved Norges Landbrukshøgskule om beitetilhøva i dalen. I alle desse undersøkingane finst det likevel berre spreidde data om setervollane og dei mest kulturpåverka utmarksbeita. Underteikna har velt å brukta eigen metodikk med områdeskildring og krysslister for planter og sopp for kvar seter, og 100 m² vegetasjonsanalysar, for dermed betre å kunne samanlikna med andre område. Det står framleis ein god del att før ein har bra oversikt over den uvanleg artsrike vegetasjonen i dei beiteavhengige engsamfunna i Grøvudalen."

På følgjande plassar/setrar er det ikkje gjort registreringar: Kvanngrovinn, Kåsa, Flekkjen og Hagasetra.

Fuglefaunaen er beskrive av Bevanger & Jordal (1981). Ein av dei mest særmerkte fugleartane i seterlandskapet i Grøvudalen er gulerla, som her har eit av sine vestlegaste hekkeområde. Vidare hekkar t. d. linerle og taksvale ved setrane.

Rapportforfattaren har enda ikkje treft på ein god soppesong i Grøvudalen, så kva artar av beitemarkssopp som finst her er framleis därleg kjent.

Grøvudalen: Hallen

Områdeskildring, vegetasjon: Hallen er ein tidlegare buplass som ligg fremst i Grøvudalen, ved det som no er parkeringsplass og enden på bilvegen. Den kjende busetnaden i Hallen strekkjer seg frå 1838 til 1914, etter den tid har staden vore seter og slåttamark for Utistu på Røymoen. Plassen kan likevel vera svært gammal, her er både ly for vinden og frodig og produktiv mark. Til lokaliteten reknast det opne området på og ved innmarka. Vegetasjonen på innmarka varierer ein god del, men mange stader teikn på eit basert jordsmønster. Noko er gjødsla, medan kantar, knausar og tørrbakkar truleg har motteke lite gjødsel. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse i ein udyrka bakke med innslag av knausar mellom husa og vegen. Vegetasjonen var ei blanding mellom dunhavreeng (G7b) og flekkmure-sauvesvingel-eng (G8). Dominerande artar var dunhavre, gulaks, kvitkløver, engkvein, sauvesvingel, flekkmure, kvitmaure og ryllik. Det mest påfallande var at dekninga av strø var 50%, noko som tyder på attgroing. Det vart i ruta funne 42 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 8 seterplanter. Dette er middels høge tal. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 50 planteartar i grasmrkene, av desse 12 naturengplanter og 10 seterplanter. Mellom desse var bakkesøte, fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, fjellrapp, gjeldkarve, harerug, jáblom, marinøkkel, snømure og snoesøte. Det vart elles funne blårapp, dvergmispel, enghumleblom, fjellstorr og markjordbær. Det er vidare funne 7 beitemarkssopp (12 poeng). Ein kan her nemna den hensynskrevande arten spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*) og eit par uvanlege raudskivesopp-artar. Rosafagerhatt (*Calocybe carneae*) og stilkrøksopp (*Calvatia excipuliformis*) reknast ikkje som beitemarkssopp, men er mindre vanlege artar.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskeleg med sterkare avbeiting for å hindra attgroing i dei artsrike samfunna. Det samlar seg eit lag med daudgras som etter kvart kan få somme artar til å forsvinna.

Grøvudalen: Nosa

Områdeskildring: Nosa ligg oppe i lia på vestsida av elva ved Hallen, heilt ved munninga av Grøvudalen. Frå parkeringsplassen ved Hallen må ein gå over elva og følgja stien til Myrasetra eit stykke før ein tek av nordover. Av plassar med tidlegare fast busetnad i området er dette truleg den som ligg høgast, ca. 880 m over havet. Plassen har hatt eit stort fjøs, med tømmerstokkar opp mot 1/2 meter i diameter. Det er elles steingjerde og restar etter fleire hus. Området blir beita av streifande sauherd, beitetrykket er nokså moderat, men med relativt kortbeita flekker innimellom. Innmarka består av sølvbunkeeng (G3) og engkvein/gulaks-eng (G4a) med engkransmose og palmemose i botnen, vidare finst knausar med tørbergvegetasjon (F2c), med putehårstjerne og grantujamose. Rundt 100 meter lenger ned, i lysopen, gras- og urterik fjellbjørkeskog om lag 830-40 m over havet ligg steintuft med ei trapp, nokre råtnede tømmerstokkar og eit steingjerde. Vegetasjonen her besto av sølvbunkeeng (G3) med noko tyrihjelm og litt blåbærvegetasjon.

Kommentarar til funn: Det er funne 67 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 8 seterplanter. Mest spesielt var funnet av den sjeldne sandfiolen. Det vart også funne bakkesøte og snøsøte. I tørbergssamfunn fanst bergveronika, blårapp, fjellrapp, kattefot, skoresildre, småbergknapp, småsmelle, snøsildre, sølvmore og tiriltunge. Det er vidare funne 2 vanlege beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Sauebeitinga er såvidt tilstrekkeleg til å halda vegetasjonen nokonlunde ved like, men beitetrykket kunne med fordel vore større. Sandfiol, bakkesøte og snøsøte er i faresonen med det beitetrykket som er no.

Grøvudalen: Slett overfor Hallen

Områdeskildring: Dette som kan sjå ut som eit hogstfelt oppe i lia på motsett side sett frå Hallen, er i røynda gammal kulturmark som har vore ope terreng i lang tid. Her finst restar etter fleire tufter, og rundt dei vart det funne modne bringebær (27. september). Det går ein løypestreng over elva ned til Hallen. Vegetasjonen er dels dunhavre-eng (G7b), vidare litt sølvbunkeeng (G3), og noko blåbærvegetasjon med smyle og tytebær.

Kommentarar til funn: Det er funne 50 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 10 seterplanter. Det er vidare funne 2 vanlege beitemarkssopp. Av interessante planter kan nemnast bakkesøte og snøsøte. Vidare vart det funne blåklokke, blårapp, dvergjamne, dvergmispel, fjellfrøstjerne, fjellrapp, fjellstorr, harerug, hårstorr, jonsokkoll, jáblom, kattefot, markjordbær, rabbesiv, rukkevier, setermjelt, svartstorr, svarttopp og taggbregne.

Råd om framtidig bruk: Sauebeitinga er som i Nosa såvidt tilstrekkeleg til å halda vegetasjonen nokonlunde ved like, men beitetrykket kunne med fordel vore større. Bakkesøte og snøsøte er i faresonen med det beitetrykket som er no.

Grøvudalen: Myrasetra

Områdeskildring, vegetasjon: Myra er ein gammal buplass, og Sande (1972) reknar med at her budde folk alt rundt 1750. Som namnet seier, er det her ganske myrlendt med fuktenger og våte sig. Utmarka i nærleiken og nordover mot Nåsa er fin og slett, produktiv slåttemark der det er kjent minst 5 gamle høyloer. Det var fastbuande i Myra til 1904. Ein kan elles nemna eit bygningshistorisk særtrekk, for litt heimafor Myra står ei løe som er tømra av fjellbjørk! Denne er no i god stand. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse i ein frisk til fuktig, baserik austvendt bakke i øvre del av setervollen. Dominerande art var engkvein med eit betydeleg innslag av jáblom, krekling, røsslyng og sauesvingel (G4/G8). Det vart i ruta funne 47 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 9 seterplanter. Dette er middels høge tal. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: På setervollen vart det funne 73 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 12 seterplanter. Dette er middels høgt. Interessante artar var bakkesøte, marinøkkel og snøsøte. Det vart funne berre ein beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Den beitinga som skjer synest å halda vegetasjonen i det opne landskapet nokonlunde ved like. Det kan likevel vera nødvendig å rydda litt i kantane. Korleis det går med dei grasrike skogliene har vi ikkje undersøkt.

Grøvudalen: Styggmarkja

Områdeskildring, vegetasjon: Styggmarkja kan vera ein av dei eldste buplassane i Grøvudalen, men ein kjenner berre til busetnad frå 1833 til ca. 1876. Plassen ligg lunt til i bjørkeskogen, og er den einaste staden i Grøvudalen (bortsett frå Hallen) der ein veit at det har vore dyrka korn (1860-talet). Vegetasjonen er frodig gras/urterik eng. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse i øverkant av stien litt nord for steinmurane. Dominerande artar var engkvein og kvitkløver, med eit betydeleg innslag av raudsvingel, sauesvingel og setermjelt (G4/G8). Det vart i ruta funne 39 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 9 seterplanter. Dette er middels høge tal. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 64 planteartar, av desse 15 naturengplanter og 14 seterplanter. Interessante artar var bakkesøte, reinmjelt og snøsøte. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med framhaldande beiting, og det kan vera naudsnyt å rydda noko skog i kantane.

Grøvudalen: Bukta

Områdeskildring, vegetasjon: Bukta er eigentleg namnet på ein stilleflytande elvesving med sandbotn i elva eit stykke nord for Nysetra, i gangtid om lag midtvegs mellom parkeringsplassen og Gammelsetra. Det som her blir omtala er utmarksbeite med kortbeita gras/urterik vegetasjon på baserik grunn i eit belte mellom elva og skogen. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse mellom stien og elva ca. 50 meter sør for Bukta. Dominerande artar var sauesvingel og rabbetust (G8/R3a), med betydeleg innslag av følblom og reinmjelt. Sauesvingeleng med mykje rabbetust er ingen vanleg vegetasjonstype. Det vart i ruta funne 34 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 12 seterplanter, mellom desse var også bakkesøte og småsøte. Dette er middels høge tal. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 99 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 22 seterplanter. Dette er høge tal. Interessante artar i det opne landskapet var elles agnorstorr, bergstorr, blåmjelt, finnmarkssiv (sendt til herbariet i Trondheim, 2. funn i dalen), fjellkurle, norsk malurt, rabbetust, snøsøte og sotstorr. Staden har ein talrik og god bestand av småsøte. Av beitemarkssopp er det funne seig vokssopp, gul form (*Hygrocybe laeta var. flava*) og russelærvoxkssopp (*Hygrocybe russocoriacea*). Av andre funn kan nemnast fjellarten eggegul vokssopp (*Hygrocybe citrinopallida*) blant kreking.

Råd om framtidig bruk: Vegetasjonen er nokså kortbeita med det beitetrykket ein har no, og plantesamansetninga er tilpassa dette. Lokaliteten er artsrik og verdifull. Det viktigaste er at beitinga held fram.

Grøvudalen: Nysetra

Områdeskildring, vegetasjon: Nysetra vart truleg rydda i 1780-åra, og har fungert som seter fram til byrjinga av 1920-talet. Da vart husa flytta til Myra. Det er usikkert om nokon har budd fast på Nysetra. Eit problem her skal ha vore sandfoket som la seg i mjølka, rømmen og

smøret. Området som her blir rekna med til Nysetra strekkjer seg frå bekken ca. 100 m nord for setra og sørover til Klebersteinsberget. Ved Nysetertjønna og elvabreidden ligg store sandhaugar som dels ikkje er vegetasjonskledde, og som vinden arbeider med. Her ligg også ein grusrygg med fjellvalmue, norsk malurt og aurskrinneblom. Nedafor setertuftene mot sandhaugane er ei stor fukteng med smårøyrkevein og slåttestorr der jorda består av sand. Elles er det her ein god del kortbeita, kalkrike gras/urterike engsamfunn. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse ca. 20 meter nordaust for setertuftene, i ei noko steinet sørvest-helling. Dominerande artar var sauesvingel og fjellfrøstjerne (flekkmure-sauesvingel-eng, G8). Det vart i ruta funne 47 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 15 seterplanter. Dette er høge tal. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 102 planteartar i beitelandskapet, av desse 16 naturengplanter og 29 seterplanter. Alt dette er høge tal. Interessante artar i analyseruta var bakkestjerne, bakkesøte, dvergsnelle, marinøkkel, reinmjelt, sandfiol og snømure. I nærliken fanst også småsøte og snøsøte. Elles er det funne bergrublom, bergstorr, blindurt, brudespore, fjellnøkleblom, fjellvalmue, hårstorr, lodnerublom, marinøkkel, myrtust, polarvier, rabbetust, rukkevier og sotstorr. Det er vidare funne 15 beitemarkssopp. Mellom desse var gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), raudgul småkøllesopp (*Clavulinopsis laeticolor*) og russelærsvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*). Av andre artar kan nemnast at den lite kjende vokssoppartenen *Hygrocybe xanthochroa* vart funnen blant lyng på staden. I 1998 vart det funne blåstilka raudskivesopp (*Entoloma asprellum*) og i 2000 vanleg jordtunge (*Geoglossum starbaeckii*).

Råd om framtidig bruk: Området blir beita av både sau, storfe og år om anna hest. Beitetrykket er bra, og vi har ingen forslag til endringar i bruken.

Grøvudalen: Flysetra

Områdeskildring, vegetasjon: Det er kjent fastbuande folk på Flysetra frå omkring 1820 til 1874. Etter den tid har staden berre fungert som seter. I 1944 var setra framleis i drift med 25 storfe (Mogstad 1964). Setervollen er stor, omkransa av beita sauesvingelheiar med rabbetust (flekkmure-sauesvingel-eng, G8, overgangar mot rabbetusthei, R3a), fuktenger (G12), vierkratt (S7), bjørkeskog (C2c), rasmarker (F1a) og litt riksigt/ekstremrikmyr (M3). Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse i ei slakk vestskråning i utmarksbeite ca. 100 meter nord for setra. Dominerande artar var sauesvingel, engkvein, stivstorr og reinmjelt (G8). Også her var det innslag av rabbetust (R3a). Det vart i ruta funne 42 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 14 seterplanter. Dei to siste tala er ganske høge. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 105 planteartar i det opne landskapet, av desse 16 naturengplanter og 26 seterplanter. Dette er høge tal. Av interessante artar kan nemnast bakkesøte, marinøkkel, sandfiol, fjellnøkleblom, småsøte, snøsøte og dvergsnelle. I riksiga fanst sotstorr, kastanjesiv, myrtust og myrtrevier. Mikael Hagen har funne setersoleie nedafor seterfjøset. Det er vidare funne berre 3 beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Saman med Nysetra og Gammelsetra er dette eit av dei mest artsrike og varierte seterlandskapa vi kjänner til i områda rundt Dovre. Det er sterkt ønskjeleg at beitinga kan halda fram med minst same styrke som no, for mange av artane er avhengige av beitebruken.

Grøvudalen: Gammelsetra

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg i eit morenelandskap der Inner Tverråa i tillegg har sett av store grusmassar. Dette kan vera den delen av Grøvudalen der kulturpåverknaden strekkjer seg lengst bakover i tid. Gammelseterplassen kan vera frå tida før Svartedauden.

Innmarka (bl. a. Slåvollen nord for setrane og Lykkja mellom setrane og turisthytta) har truleg vorte rydda i første halvdel av 1700-talet (Sande 1972). Vegetasjonen på seterlykkjene er framleis ganske rik på sølvbunke (G3). I utmarka rundt finst sauesvingelenger (flekkmure-sauesvingel-eng, G8), mjølbærhei, einerbakkar, engsnøleie, vierkratt, litt rikmyr, og mykje beita engbjørkeskog. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse i utmarksbeite rett ovafor Oppigardssetra. Dominerande artar var sauesvingel, engkvein, følblom og kvitkløver (G8). Det vart i ruta funne 29 planteartar, av desse 8 naturengplanter og 9 seterplanter. Dette er ikkje særleg høge tal, men det var fleire spesielt interessante artar som sandfiol, snømure, snøsøte, reinmjelt og bakkesøte. Sauesvingelhei på baserik grunn kan ha fleire interessante artar, men er ofte ikkje særleg artsrik. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 128 planteartar i grasmarkene, av desse 20 naturengplanter og 35 seterplanter. Dette er svært høge tal samanlikna med andre område vi har undersøkt. Gammelsetra er eit svært artsrikt og variert område, og dersom vi hadde teke med fleire andre vegetasjonstypar som også finst her, ville talet på planteartar bli enda ein god del høgare. Interessante artar var m. a. bakkestjerne, bergrublom, dvergsnelle, fjellmarinøkkel, fjellnøkleblom, fjellvalmue, marinøkkel, mogop og rabbetust. Det er kjent 46 grasmarkssopp, av desse 23 beitemarkssopp (28 poeng). Mellom desse var raudlisteartane *Clavaria tenuipes* (ein sjeldan køllesopp), skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*) og bitter vokssopp (*Hygrocybe mucronella*). Det vart også funne dvergmjølsopp (*Clitopilus scyphoides*) og den lite kjente arten fjellvokssopp (*Hygrocybe salicisherbariae*).

Råd om framtidig bruk: Den mest gras- og urterike vegetasjonen har eit tilfredsstillande beitetrykk, med kombinasjonsbeiting av sau og storfe. Det er sterkt ønskjeleg at seterdrifta held fram, biologisk sett fordi vegetasjonen opprinneleg er forma av slått og kombinasjonsbeiting. Elles finst sjølv sagt ei rekkje andre grunnar. Det er også ønskjeleg at sauebeitinga held fram som før. Vidare skjer ei forbusking med einer ovafor setrane, og småbjørk og vierkratt er truleg på frammarsj somme stader. Det kan derfor vera behov for rydding.

Grøvudalen: Haualykkja

Områdeskildring, vegetasjon: Haualykkja ligg i eit morenelandskap mellom Gammelsetra og Litj-Grøvu. Dette er truleg ein del av Grøvudalen der kulturpåverknaden strekkjer seg langt bakover i tid. Mykje av området er ein stor flat, open terrasse mellom Gammelsetertjønna og skogen ved Litj-Grøvu. På denne sletta er det merke etter tidleg busetnad. Historia vil ha det til at det var to gardar her, og at husa vart tekne av ras først på 1600-talet (Sande 1972). Framleis i dag kan ein sjå ei grønare farge rundt desse tuftene dersom ein står på fjellet og ser ned. Storfe beiter mykje i området. Sletta har mest sauesvingeldominert vegetasjon (flekkmure-sauesvingel-eng, G8), medan eit lågare parti nordover mot skogen er meir fuktig, og i tillegg har noko snøleievegetasjon av middels rik type (T4/T3b).

Kommentarar til funn: Det er ikkje tatt planteliste. Flora og vegetasjon er av liknande type som på Gammelsetra, men kanskje noko mindre variert. Det vart berre leita sopp under ein privat tur i 2000. Det er kjent 16 grasmarkssopp, av desse 4 beitemarkssopp (4 poeng). Mellom desse var den sjeldne og lite kjente arten fjellvokssopp (*Hygrocybe salicisherbariae*), som her i fylket berre er kjent frå Grøvudalen.

Råd om framtidig bruk: Den mest gras- og urterike vegetasjonen har eit tilfredsstillande beitetrykk, med kombinasjonsbeiting av sau og storfe. Det er som for Gammelsetra sterkt ønskjeleg at seterdrifta held fram, fordi vegetasjonen opprinneleg er forma av slått og kombinasjonsbeiting. Vidare skjer ei forbusking med einer, og småbjørk og vierkratt er truleg på frammarsj også her. Det kan derfor vera behov for rydding.

Grøvudalen: Kongsvoll

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten ligg oppe på fjellet vest for Gammelsetra, 1250-1300 m o. h.. Dette skal ha vore slåttemark for plassfolket i Grøvudalen (Sande 1972). I så fall er det dei høgastliggjande slåtteteigane som er kjent i Møre og Romsdal. Ein skal sikkert langt av stad for å finna område som ligg høgre, og som har vore nytta til slått. Vegetasjonen var overgangar mellom rikengsnøleie, musøyresnøleie og flekkmure-sauvesvingeleng (T3b/T4/G8). Det er lagt ut ei 5x20 meters rute for vegetasjonsanalyse. Dominerande artar var musøyre, gulaks, sauvesvingel, engsoleie, harerug og stivstorr. Det vart i ruta funne 32 planteartar, av desse 5 naturengplanter og 14 seterplanter. Dette er ikkje uvanleg høge tal, men det var fleire kalkkrevande artar, m. a. fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, flekkmure og svartaks.

Tabell 11. Ruteanalyse (5x20 meter) i tidlegare slåtteeng, no naturbeitemark (rikt engsnøleie) på Kongsvoll i Grøvudalen, ca. 1280 m o. h., 13.08.2000. Dekningsgrad i prosent.

| Skikt/art | % | Art | % | Art | % | Art | % |
|--------------|----|----------------|----|-----------------|---|-----------------|---|
| feltskikt | 80 | musøyre | 20 | fjelltimotei | 2 | flekkmure | 1 |
| botnskikt | 30 | gulaks | 15 | aksfrytle | 1 | kattefot | 1 |
| stein | 0 | sauvesvingel | 15 | bleikmyrklegg | 1 | krekling | 1 |
| naken jord | 3 | engsoleie | 5 | dverggråurt | 1 | perlevintergrøn | 1 |
| strø | 20 | harerug | 5 | engsyre | 1 | rabbesiv | 1 |
| | | stivstorr | 5 | fjellarve | 1 | seterstorr | 1 |
| mose | 15 | fjellkattefot | 3 | fjellaugnetrøst | 1 | slirestorr | 1 |
| lav | 15 | trefingerurt | 3 | fjellfrøstjerne | 1 | svartaks | 1 |
| | | bearve | 2 | fjellsmelle | 1 | tuvearve | 1 |
| islandslav | 10 | fjell-løvetann | 2 | fjellsvæve | 1 | tytebær | 1 |
| fjellsaltlav | 5 | fjellmarikåpe | 2 | fjelltistel | 1 | | |

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar i grasmarkene, av desse 7 naturengplanter og 17 seterplanter. Av dei som ikkje fanst i ruta (tabell 11) kan nemnast dvergsoleie og grøvudalsvalmue. Det er ikkje funne grasmarkssopp, sidan lokaliteten ikkje har vore besøkt til rett tid.

Råd om framtidig bruk: Vegetasjonen har eit tilfredsstillande beitetrykk av sau. Det er ønskjeleg at sauebeitinga held fram som før.

Grøvudalen: Storvollen

Områdeskildring, vegetasjon: Storvollen vart truleg rydda på same tid som Gammelsetra, av ein Hans Gundersen i første halvdel av 1700-talet, men tradisjonen fortel at nokon kan ha vore rydda tidlegare (Sande 1972). Fastbuande folk er kjent fram til rundt 1780. Etter 1786 har Storvollen tilhørt ein gard i Sunndalen og vore seter til drifta vart nedlagt i 1953. I dag er her vidstrekte grasmarker beita av sau, storfe og somme år hestar. Innmarka kan delvis beskrivast som sølvbunkeeng (G3). I omkringliggende område er det ein del beita grashei med mykje sauvesvingel og rabbetust (flekkmure-sauvesvingel-eng, G8, overgangar mot rabbetusthei, R3a), lyng- og lavhei stadvis med mykje mjølbær, einerbakkar, engbjørkeskog (C2c), lyngrike elveflater og open rasmark (F1). Det er lagt ut ei 10x10 meters rute for vegetasjonsanalyse i sørrenden av vollen, ved enden av steinutgarden. Dominerande artar var sauvesvingel, engkvein, følblom og fjellfrøstjerne (G8). Det vart i ruta funne 22 planteartar, av desse 7 naturengplanter og 7 seterplanter. Dette er relativt låge tal. Interessante artar i ruta var

bakkesøte, sandfiol, reinmjelt og småsøte. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

Kommentarar til funn: Det vart funne 66 planteartar i grasmarkene, av desse 15 naturengplanter og 20 seterplanter. I tillegg til dei interessante artane som er nemnt frå analyseruta, kan nemnast marinøkkel, fjellnøkleblom, lodnerublom, dunhavre, mogop og bergstorr. Det er vidare funne 6 beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Som for beitelandskapet elles i dalen er det også her sterkt ønskjeleg med beiting for å halda ved like artsrikdomen. Kombinasjonsbeiting av sau, storfe og hest slik som dei seinare åra synest å vera positivt.

Grøvudalen: Fægran

Områdeskildring, vegetasjon: Bortsett frå einebuaren Endre Gunnaso som budde her eit par vintrar i siste del av 1800-talet er det ikkje kjent korkje busetnad eller setring. Området har vore avstengt med gjerde noko heimafor Fægran, og vore bruka som eit isolert beiteområde. Namnet kjem av fager, - når ein har gått langt gjennom bjørkeskogen kjem ein til ei stor, open slette ved ei stilleflytande elv. Denne sletta er truleg halde open gjennom beiting i lang tid. Vegetasjonen er tørr grasmek med mykje sauesvingel (flekkmure-sauesvingel-eng, G8), andre grasartar og litt lyng, det er mindre parti med mjølbærhei og einer, somme stader er det mykje rabbesiv, og langs elvekanten er det meir fuktkrevande vegetasjon. På mudderflater langs elvebredden veks m. a. fjellbunke og evjesoleie. Det er lagt ut ei 10×10 meters rute for vegetasjonsanalyse i sauesvingeleng (G8) i austre del av sletta. Dominerande artar var sauesvingel, stivstorr, mjølbær, flekkmure og fjellfrøstjerne. Det vart i ruta funne 31 planteartar, av desse 8 naturengplanter og 11 seterplanter. Dette er vanlege tal i sauesvingeleng. Vidare detaljar om ruta finst hos Jordal & Gaarder (1997, s. 160-162).

I skogen eit stykke innafor den opne sletta er det eit ope bjørkeskogslandskap som har heilt kortbeita grasvegetasjon i botnen. Dette kulturbetinga "parklandskapet" kallast på folkemunne for "Eppelhagan". Slik skog er ikkje vanleg å finna i dag.

Kommentarar til funn: Det vart funne 66 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 21 seterplanter. I analyseruta vart det funne bakkesøte, sandfiol, fjellmarinøkkel, reinmjelt, rabbetust, mogop og norsk malurt, elles på lokaliteten vart det funne marinøkkel. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Flora og vegetasjon på Fægran liknar mykje på seterlandskapet lenger nede i dalen, og som elles er det ønskjeleg for bevaring av vegetasjon og artsmangfold at beitinga held fram.

OMRÅDESKILDRINGAR GEITÅDALEN

Plassane Sivertslettet, Hagaslettet og Leirgrova er omtala under Hafsåsen.

Generelt om Geitådalen

Brukshistorie (Jordal & Gaarder 1997):

Gunnar Hanson i Hafsåsen bygde i 1774 veg inn i Geitådalen, og for dette storarbeidet fekk han 24 riksdalar i premie frå prins Fredrik. I premiesøknaden skriv han at dalen var så isolert at "hverken storfe ei heller heste med kløv eller slede kunde komme udi". Dette var nok overdrive, for alt i 1744 hadde ein av brukarane i Hafsåsen fredlyst nordsida av dalen fordi bønder frå "bygda" (Sunndalen) hadde gjort skade på beita der og løypt never. Truleg hadde det vore setra i Geitådalen også før 1770 (Sande 1981: s. 238). I åra frå og med 1774 vart det bygd fleire setrar her inne. I premiesøknaden sin frå 1774 skriv Gunnar Hanson Hafsås også at dei dette året setra "med 70 storfekreaturer, som ble meget fete og så skjonne til at melke i 9 uker". Det har vore drift på fem setrar i Geitådalen. I 1945 var berre Løykjasætra (24 storfe) og Falesetra (18 storfe) i bruk (Mogstad 1964). I dag går det sau og storfe på beite her.

Mogstad (1964) meiner at Geitådalen har plass til 100 storfe og 800 sau, alternativt 1500 sau.

Biologiske undersøkingar (Jordal & Gaarder 1997):

Fleire av dei botanikarane som har besøkt Grøvudalen, har også vore i Geitådalen. Det viktigaste arbeidet er hovudfagsoppgåva til Mikael Hagen (1976b). To av setrane i Geitådalen er tidlegare beskrivne av Jordal & Gaarder (1995). Seinare har det dessverre ikkje vore tid til å undersøkja meir i Geitådalen. Dalen er kalkrik som Grøvudalen, og har ein svært interessant flora. Setervollane har også ein del kalkrevante artar, men burde vore undersøkt betre. Sopp fanst ikkje i Geitådalen under undersøkingane i 1994, og beitemarkssopp er det behov for å undersøkja ved eit seinare høve. Nedste del av dalen har for det meste bjørkeskog med dels blåbær, dels grasvegetasjon i botnen. I dalbotnen innover frå Hafsåssetra er det dels lypheiar, dels grasrik vegetasjon, og små areal intermediær- og rikmyr. Langs elva finst baserike og artsrike elveflater og i dalsidene veks bjørkeskog, dels blåbærdominert, dels med meir gras/urterik vegetasjon. Lia rett opp frå Hafsåssetra er det mykje engvegetasjon både i skogen og i meir opne, snøraspåverka parti. Ved Falesetra (960 m o. h.) er landskapet skoglaust, og lengre oppover går vegetasjonen over i lågalpine heiari og snøleie. Det har nok skjedd ei forbusking i somme deler av Geitådalen dei seinare åra.

Geitådalen: Hafsåssetra

Områdeskildring: Hafsåssetra ligg i dalbotnen i nedre del av Geitådalen, ved elva og med fjellbjørkeskog og rasmarker ovafor. Området er kalkrikt og har ein interessant flora.

Kalkhaldig jordsmonn legg tilhøva til rette for ein del spesielle artar. Dalen blir beita av sau og ungdyr, og beitetrykket var i 1994 tilfredsstillande. Vegetasjonen var dels fjelltimotei-seterrapp-eng (G4c), dels flekkmure-saueng (G8).

Kommentarar til funn: Det er funne 49 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 7 seterplanter. Verdt å nemna er bakkesøte, dvergjamne, jáblom, marinøkkel, setermjelt og snøsøte. Det vart ikkje gjort funn av beitemarkssopp, truleg på grunn av tørke og tidleg frost.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at området blir beita også i framtida.

Geitådalen: Fahlesetra

Områdeskildring: Det ligg fleire setre inst i Geitådalen, og dei opne beitemarkene utgjer eit ganske stort areal. Dalen blir beita av sau og ungdyr, og beitetrykket ved Fahlesetra er godt. Ved besøket i 1994 var vollen nokså snaubeita. Vegetasjonen var dels flekkmure-sauesvingeleng (G8).

Kommentarar til funn: Det er funne 32 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 8 seterplanter. Verdt å nemna er bakkesøte, dvergjamne, flekkmure, marinøkkel, setermjelt og trefingerurt. Det vart ikkje gjort funn av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at området blir beita også i framtida.

OMRÅDESKILDRINGAR GRØDALEN

Generelt om Grødalen

(Jordal & Gaarder 1997): Grødalen er del av eit område i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994. Grødalen er den lettast tilgjengelege av seterdalane i Grøvuvassdraget, likevel er det vanskeleg å finna skriftlege kjelder til brukshistoria. Austre del av Grødalen ligg i kort avstand frå Svisdal, og dei vestlegaste delene (Ner Grødalen) ligg i overkommeleg avstand frå Grøa. I austre Grødalen har det vore både fleire buplassar, 5 setrar (Vangan og Gammelsetra) og store slåttelier. Heile den solvendte lia mellom Svisdalen og Storvatnet er i gamle skrifter omtala som "Svisdals engslætter", og her har vore dreve mykje slått. Det vitnar mellom anna alle namna som endar på "-slettet" om. Slåtten opphørde på 1950-talet. I dag er mykje av slåttemarkene grodd att med einsaldra bjørkeskog, men i skogbotnen kan vi finna spor av slåtten i form av ein framleis gras- og urterik vegetasjon der skogen ikkje har vorte for tett. Sauene har og hjelpt til med å halda denne vegetasjonen ved like. I austlege deler beiter framleis storfe frå Nestu i Svisdal. Eit kilometerbreitt belte av kambrosilurbergartar går tvers over dalen ved Vangan og Gjerdavangen, og gjev ein frodig og artsrik vegetasjon. Setervollen på Vangan er omtala av Jordal & Gaarder (1993, 1995), som også inkluderer data frå eit NINA-prosjekt i området i 1993-94. Drifta her opphørde ca. 1967 (kjelde: Oddbjørn Svisdal), men fleire av dei seinare åra har vollen vore bra beita av hest. Hoversetra og Mælesetra er omtala av Jordal & Gaarder (1995). I Ner Grødalen er beitevollane ved Dalasetra, Dalavatnet, Storsetra og Prestsetra omtala av Aune & Holten (1980) i samband med planar om kraftutbygging. Dei reknar ca. 200 dekar beitevollar i dette området. Ruteanalyser frå nordvestenden av Dalavatnet ga som resultat til saman 43 planteartar i 5 kvadratmeterruter, blant desse 18 naturengplanter og 4 seterplanter, noko som er ganske artsrikt. Blant desse artane var det også marinøkkel.

Grødalen: Nylykkja

Områdeskildring: Dette er ein liten plass med ei gammal slåtteeng rundt, og tilhøyrande løe. Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng (G3), dels engkvein/gulakseng (G4a). Det beiter både kyr og sauher (1999). Rundt kantane gror det litt til med grønvier og bjørk.

Kommentarar til funn: Det er funne 61 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 1 seterplante. Her kan nemnast fjelltimotei, flekkmure, harerug og prestekrage. Det vart også funne eit par vanlege beitemarkssopp (kjeglevokssopp og beiteraudskivesopp). Det vart observert gulerle, som synest å ha tilhald i området somme år.

Råd om framtidig bruk: Dagens bruk, med beiting av dyr frå Svisdalen held denne vesle enga ved like. Beitinga bør halda fram.

Grødalen: Tøftvangen/ Gjerdavangen

Områdeskildring: Tøftvangen og Gjerdavangen ligg på nordsida av Grødalen, noko over halvveges frå Svisdalen til Vangshaugen. Det er laga felles planteliste for dei to brukena. Bruka er veglause, men råd å koma til med traktor på sommars tid. Det har vore busetnad på Tøftvangen til relativt nyleg. Brukaren på Skålvoll i Hafsaåsen slår størstedelen av innmarka. Rundt husa på Tøftvangen blir det slått med handmakt, og vegetasjonen har naturengpreg med putehårstjerne i botnen. Deler av vegetasjonen her kan karakteriserast som dunhavre-eng (G7b). I øvre deler av innmarka mot skogen finst attgroande naturenger med engkvein/gulakseng (G4a), smyle, finnskjegg og oppslag av bjørk. Desse var gjødsla litt den tida det var kyr på bruket (kjelde: Ingrid Tøftvang). I desse bakkane er det ein god del

prestekrage. Ved Gjerdavangen var det også natureng ved husa, med noko liknande artsutval som ved husa på Tøftvangen, men utan dei to marinøkkelartane (sjå nedanfor).

Kommentarar til funn: Det er funne 84 planteartar, av desse 22 naturengplanter og 6 seterplanter. Det mest spesielle funnet var handmarinøkkel i mager natureng ved husa på Tøftvangen (3 meter ovafor eldhuset), der det framleis blir slått for hand. Denne arten er hensynskrevande på raudlista, og det som trugar han er overalt opphøyrt hevd i gammal, lågproduktiv natureng. Dette er tredje funnet i fylket, og det andre i fjellgardane (sjå Utistu på Røymo, og kommentarar til planteartar framme i rapporten). Ved husa fanst vidare marinøkkel, dunhavre, aurikkelsvæve, vårpengeurt og jonsokkoll, forutan ein ubestemt art av hårsvævegruppa.

Råd om framtidig bruk: Det er positivt at såpass mykje av innmarka blir slått. I tillegg hadde det vore ønskjeleg med slått år om anna i naturengene i dei øvre kantområda mot skogen på Tøftvangen. Ljåslått eller bruk av motorslåmaskin rundt husa er truleg naudsynt for å ta vare på den sjeldne handmarinøkkelen.

Grødalen: Vangan

Områdeskildring: Vangan er ei stor, vid og mest flat setergrend med fleire setrar og nokre spreidde tre i utkanten. Vollen har truleg lang driftshistorie, utan teikn til gjødsling i seinare tid. Det forekjem streifbeiting av sau, tidligere var det også storfe. Vollen er bruka til beite for hest fleire år på 1990-talet. Setrane ligg i et kambrosilurbelte, og har kalkholdig jordsmonn. Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng (G3), dels engkvein-gulaks eng, men stadvis med innslag av rikare typar som flekkmure-sauesvingeleng (G8) med kalkrevande planter. Det er ei viss attgroing, m. a. med vierkjerr og småskog.

Kommentarar til funn: Det er funne 32 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 6 seterplanter. Verdt å nemna er fjellmarinøkkel, marinøkkel, småsøte og bakkesøte. Småsøte er ei lita, konkurransesvak fjellplante med få kjente funn her frå fylket. Den synest å trivast på kortbeita setervollar i Grøvvuvassdraget, men kan elles veksa på steinblokker, fjellheier, rikmyr og elvesletter (Gjærevoll 1990). Det er kjent 22 artar av beitemarkssopp, som gjev 29 artspoeng. Mellom desse var gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), mange artar av raudskivesopp, skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*), lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*).

Råd om framtidig bruk: Det var i 1999 därleg beitetrykk og attgroinga gjer seg stadig meir gjeldande. Om ikkje området skal gro att, bør ein både rydda buskas og småskog og sørja for at det beiter dyr her.

Grødalen: Gammelsetra (nord for vegen)

Områdeskildring, vegetasjon: Denne setra ligg på nordsida av vegen til Stortæla, og har berre eit par dekar med intakt grasmark rundt husa. Elles finst vierkratt på tidlegare open beitemark, myrområde og bjørkeskog. Vegetasjonen i grasmrkene har mykje gulaks, finnskjegg, fjelltimotei, stivstorr, følblom og harerug (G4/G5). Jordsmonnet synest å vera basefattig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 43 planteartar i grasmrkene, av desse 10 naturengplanter og 5 seterplanter. Dette er vanlege tal på kalkfattige setervollar. Det er vidare funne 3 beitemarkssopp. Vollane på Gammelsetra er ikkje særleg artsrike, og er plassert i kategori C.

Råd om framtidig bruk: Det blir no slått litt rundt husa, medan resten gror sakte att. Det er positivt om slåtten rundt husa held fram. Med det låge dyretalet i området er det vanskeleg å bremsa attgroinga generelt.

Grødalen: Gammelsetra (sør for vegen)

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg like nord for Alfheim, på sørsida av vegen til Stortæla. Vollen er relativt stor, men vegetasjonen blir lite beita, så attgroinga er i gang. Vegetasjonen i grasmarkene (G4/G5) tyder på eit basefattig jordsmonn, og er middels artsfattig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 38 planteartar i grasmarkene, av desse 13 naturengplanter og 5 seterplanter. Dette er vanlege tal på kalkfattige setervollar. Det er vidare funne berre 2 beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med eit sterkare beitetetrykk for å motverka attgroing.

Grødalen: Hovensemsetra

Områdeskildring: Hovensemsetra har ein relativt liten setervoll på 2-3 dekar. Vollen blir litt beita av sau, men beitetrykket er noko lågt (1994). Det er ein god del høgvaksen sølvbunke (G3). Det var ingen teikn til kalkhaldig jordsmonn.

Kommentarar til funn: Det er funne 31 planteartar, av desse 8 naturengplanter og 3 seterplanter. Ingen av artane var spesielle eller uvanlege for området. Det vart funne berre to soppartar, lakssopp og beitemarkssoppen engvokssopp.

Råd om framtidig bruk: Beitetrykket kan med fordel bli hardare.

Grødalen: Mælesetra

Områdeskildring: Mælesetra har ingen stor setervoll, men det er eit mindre område med einer og grasmark aust for setra i tillegg til sjølve vollen. Beitetrykket er lågt, og i grasmarka veks sølvbunken høg (G3).

Kommentarar til funn: Det er funne 30 planteartar, av desse 10 naturengplanter og 4 seterplanter. Bergrubblom var ein av dei mindre vanlege "seterartane", som helst veks på tørrbakkar.

Råd om framtidig bruk: Beitetrykket kan med fordel bli hardare.

OPPSUMMERING, TILRÅDINGAR

Seterdalane

(Det som står nedanfor er noko omarbeidd frå Jordal & Gaarder 1997). Dei største biologiske verdiane som er knytt til beiting i seterdalane i Grøvvassdraget, ligg i Grøvudalen. Vidare finst interessante og artsrike område i Geitådalen, Grødalen, Lindalen og Reppdalen. Aksdal (1994) presenterer eit kart over kulturlandskap av nasjonal verdi, som er å oppfatta som førebels. Kartet utelet Geitådalen og Reppdalen, og teiknar streken over Grøvudalen rett innanfor Nysetertjønna. Dersom Grødalen og Lindalen skal vera med, er det heilt naturleg at heile Grøvudalen, Geitådalen og Reppdalen også er med. I Reppdalen har likevel beitetrykket i lang tid vore så dårleg at attgroinga har redusert både beiteverdien og kanskje også dei biologiske verdiane knytt til beitinga. *Etter undersøkingar av ein del seterområde i stroka rundt Dovre er det sannsynleggjort at Grøvudalen har eit av dei mest artsrike beitelandskap i denne delen av landet.* Talet på planteartar funne i Grøvudalen over ca. 800 meters høgd er rundt 330. Minst ein tredel av desse artane har fordel av det opne landskapet som er forma av beiting og annan kulturpåverknad. Det er funne ca. 30 naturengplanter og 40 seterplanter i dalen slik vi har definert desse begrepa. Mange av desse er sterkt knytt til godt beita, u gjødsla grasmark. *Bakkesøte, småsøte og sandfiol er eksempel på uvanlege/sjeldne beiteavhengige planter som i Grøvudalen har sine største og viktigaste bestandar i heile Møre og Romsdal.*

Det er grunn til å understreka at dette er beitetilpassa vegetasjon der mange artar er heilt avhengige av eit godt beitetrykk. Ein plan for forvaltning av dei biologiske verdiane i desse seterområda må difor ta stilling til kor vidt det er ønskjeleg å bevara denne vegetasjonen eller ikkje. Etter forfattaren sitt syn er dei biologiske verdiane knytt til beitebruken svært store. Grøvudalen synest som nemnt å ha dei viktigaste bestandane i Møre og Romsdal av fleire beiteavhengige artar, og har fleire beitebetinga vegetasjonstypar som er regionalt sjeldne. Forvaltninga av Grøvvassdraget bør derfor kombinera omsynet til høgfjellsøkosystemet med omsynet til husdyrhaldet og den artsrike beitevegetasjonen. Opphør av beitet vil så langt vi kan sjå truleg ikkje tilføra nye artar, men vil sannsynlegvis minska bestandane til ca. 100 planteartar og eit ukjent tal soppartar. Fleire av desse, som dels er sjeldne, vil med stor sannsynlegheit forsvinna på lengre sikt ved opphør i beitinga. Vegetasjonstypane knytt til beitebruken vil forandra seg i retning meir busk- og skogdominert vegetasjon. Storfe og hest vil truleg til ein viss grad kunne erstatta sauens som beitedyr i dalbotnane, men ikkje i dalsidene. Ein måtte da ha eit større dyretal enn i dag, og det er uvisst kor realistisk dette er. Slik situasjonen er i dag er det vanskeleg å sjå korleis ein fullt ut kan erstatta sauens som vegetasjonsskjøttar og oppretthaldar av eit stort og verdifullt arts mangfald. Ein må her koma fram til ei heilskapleg områdeforvaltning som tek omsyn til alle biologiske verdiar. Kjerneområde for jerv er eksempel på forvaltingstiltak retta mot einskildartar som er sett i verk utan at konsekvensane for det øvrige biologiske mangfaldet er grundig vurdert. Forslag som nedlegging av beiteområde og flytting av beitedyr er ofte framsett utan kunnskap om konsekvensane for det biologiske mangfaldet. Dette kan likevel bli konsekvensen om ein ikkje gjer noko aktivt for å bevara landskapet.

Fjellgardane

Jordbrukslandskapet i fjellgardane er i fylkessamanheng uvanleg artsrikt og med fleire sjeldne vegetasjonstypar fordi det er bevart både ein del gammal kulturmark og ein del gamle driftsformer ved sida av meir moderne drift. Samstundes er dette landskapet i fare på grunn av

dei økonomiske rammevilkåra i samfunnet generelt og i jordbruket spesielt. Mange av brukarar er fråflytta og gått over til å bli fritidsbustader, og fleire står i fare for å bli det. Di færre brukarar det blir til å driva, di mindre del av jorda blir halden i hevd. Det er ofte den ekstensivt utnytta jorda, som ofte er bratt eller kupert, som går ut av drift først, samstundes som det er denne gamle kulturmarka som er den mest artsrike. Presset i retning stordrift og høg effektivitet er sterkt. I tillegg opplever husdyrbruket mange andre problem, som sjukdom, rovdyr, forfall i gjerdehaldet m.m. I eit område som fjellgardane er det lett at dei vanskelege rammevilkåra fører til pessimisme, nedlegging og fråflytting. Ei slik utvikling vil ha mange uønskte konsekvensar.

Dei nasjonale målsettingane med å driva jordbruk er ikkje berre å produsera mat til forbrukarane, men også å bevare busetnad, levande bygder og kulturlandskap. Fjellgardane kan produsera mat på ein miljø- og ressursmessig bra måte med mykje utnytting av utmarksressursar, men i tillegg har vi her også mykje verdifull kultur i form av bygningar, kulturminne, tilpassa teknologi og driftsmåtar, og vidare mykje gammal kulturmark, med eit stort biologisk mangfald som er intimt knytt til denne kulturen. Det er derfor ikkje tilfeldig at denne undersøkinga er finansiert av Kulturetaten i Sunndal kommune. Det biologiske mangfaldet i dette landskapet er like mykje eit kulturminne som mangt anna. Bevaring av dette kulturlandskapet er også noko meir enn naturvern og kulturvern, det er og eit spørsmål om identitet for mange menneske.

Skjøtsel

Dei mest verdifulle lokalitetane som er registrert, tilhører naturbeitemarker eller naturenger (slåtteenger). Det som generelt er viktig for å ta vare på desse, er ein kontinuitet i den tradisjonelle bruken (beiting, slått). Dessutan er det viktig at ein ikkje tek til med jordarbeidning, dyrking, innsåing av framande planteartar eller gjødsling ut over det dyra legg frå seg. Slått av naturenger bør foregå seint, i dette området tyder det truleg tidlegast i slutten av juli, og helst ikkje før i byrjinga av august. Mange stader er det nødvendig med rydding av einer, busker og småskog. Det hadde vore ønskjeleg med ein auke i talet på beitedyr mange stader, sjølv om dette ikkje synest realistisk i dag.

Skjøtsel av artsrike kulturlandskap har heilt til dei siste åra vore ei sak for den einskilde grunneigar/brukar. Artsrike naturbeitemarker og gamle ugjødsla slåtteenger går no raskt ut av bruk dersom ikkje det offentlege grip inn i sterkare grad. Årsaka til dette er den generelle utviklinga i landbruket, der arbeidsintensive arbeidsmetodar og lågproduktive areal etter kvart har liten plass. Det er ei utfordring for det offentlege i samarbeid med grunneigarar/brukarar å koma fram til måtar å ta vare på desse artsrike kulturmarkstypane. Både kommunen og Fylkesmannen bør kunne bidra økonomisk slik at også arbeid som er økologisk viktig, men lite lønsamt, kan halda fram. I eit mykje brukt utfartsområde for lokalbefolking og turistar bør og kunnskapen om det tradisjonelle kulturlandskapet og innsatsen for å ta vare på det spreia til ålmenta og skular ved ulike informasjonstiltak.

Kunnskapsstatus og behovet for fleire undersøkingar

Med denne undersøkinga er fleirtalet av opne, kulturprega kulturlandskapslokalitetar i Grøvuvassdraget oppsøkte. Dette gjeld både gardar og setrar, medan kulturpåverka utmark som beitepåverka skog m. m. framleis er därleg undersøkt. Vegetasjonstypar i ope landskap er skildra i grove trekk. Floraen er skildra ved hjelp av krysslister. Soppfloraen er undersøkt i eit mindre utval område, og datagrunnlaget er her därleg. Fuglefaunaen burde og vore betre undersøkt, men denne er vanskeleg å bruka i verdsetting av område.

Dersom ein skulle peika på behov for meir kunnskap, må det vera t. d.

- biologisk mangfald i beitepåverka skog
- mangfald av beitemarkssopp
- korleis ulike typar skjøtsel påverkar det biologiske mangfaldet

Ikkje minst det siste er det behov for meir kunnskap om. Dersom samfunnet er villig til å bruka meir midlar på å ta vare på verdifullt kulturlandskap framover, burde ein vita meir om dette. Det hadde vidare vore ønskjeleg med ein tilsvarende rapport om kulturminne.

Sluttord

Dette er ein statusrapport, og skal oppsummera kunnskapen om området. Denne kunnskapen vil så kunna danna grunnlag for vidare planarbeid, med mål, strategiar og tiltak.

I ei heilskapleg områdeforvaltning bør ein ha som førsteprioritet å bevare busetnaden og jordbruksdrifta i fjellgardane, og kulturpåverknaden i form av beiting og tradisjonell seterdrift i Grøvudalen. Dei andre seterdalane er og verdfulle, men kan ha noko lågare prioritet. Dei verkemidla ein nyttar og dei tiltaka ein set inn bør vera sterke nok til å nå desse måla. Dei biologiske verdiane i området er eit resultat av mange hundre års kontinuerleg bruk, og det er svært viktig å sikra at denne kontinuiteten ikkje blir broten. Forvaltninga av området bør ha som målsetting at rammevilkåra for husdyrhald skal vera slik at drifta kan halda fram og at yngre brukarar tør å ta over. Viss ikkje dette blir oppfylt kan konsekvensane bli avvikling av husdyrhaldet og negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet.

Ut frå det som er påpeika i denne rapporten synest det naudsynt med tiltak for å bevare levande bygdesamfunn i fjellgardane. Det bør utarbeidast ein plan for dette.

LITTERATUR

- Aksdal, S., 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.
- Aksjon varig vern av Grøvu, 1983: Grøvuvassdraget - natur og kultur. Sunndalsøra. 144 s.
- Aune, E. I. & J. I. Holten, 1980: Flora og vegetasjon i vestre Grødalen, Sunndal kommune, Møre og Romsdal. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1980-6:1-40 + veg. kart.
- Bendiksen, E., K. Høiland, T. E. Brandrud & J. B. Jordal, 1997: Truete og sårbare soparter i Norge - en kommentert rødliste. Fungiflora. 221 s.
- Bevanger, K., 1977: Proposal for a new classification of Norwegian bird communities. Biol. Conserv. 11:67-78.
- Bevanger, K. og J. B. Jordal, 1981: Fuglefaunaen i Drivas nedbørfelt, Oppland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylker. DKNVS Mus. Rapport Zool. Ser. 1981-7. 145 s.
- Boertmann, D., 1995: Vokshatte. Nordeuropas svampe - bind 1. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Dahl, O., 1892: Nye bidrag til kundskaben om vegetationen i Trollheimen og fjellpartiet mellom Sundalen og Lesje. Christiania Vidensk. Selsk. Forh. 19:1-33.
- Dahl, O., 1893: Botaniske undersøkelser i Romsdals amt med tilstøtende fjelltrakter. Christiania Vidensk. Selsk. Forh. 21:1-32.
- Dahl, O., 1894: Plantogeografiske undersøkelser i det indre av Romsdals amt med tilstøtende fjelltrakter. I. Kgl. norske vidensk. selsk. skr. 1893:77-113.
- Dahl, O., 1895: Plantogeografiske undersøkelser i det indre av Romsdals amt med tilstøtende fjelltrakter. II. Kgl. norske vidensk. selsk. skr. 1894:1-28.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999a: Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999b: Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 161 s.
- Elven, R. (manus), 1997: Rødliste-utkast - fanerogamer og pteridofytter (karplanter). 17 s.
- Elven, R., E. Fremstad, H. Hegre, L. Nilsen & H. Solstad, 1996: Botaniske verdier i Dovrefjell-området. NTNU Vitenskapsmuseet. Rapport botanisk serie 1996-3. 151 s.
- Fremstad, E., 1997: Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Gjærevoll, O., 1990: Alpine plants. Berg, R. et al. (eds.): Maps of distribution of Norwegian vascular plants. Vol. II. Tapir, Trondheim. 126 s. + 37 pl.
- Gulden, G., E. Bendiksen, T. E. Brandrud, L. Ryvarden, S. Sivertsen & O. Smith, 1996: Norske soppnavn. Fungiflora. 137 s.
- Gaarder, G. & J. B. Jordal, 1996: Botaniske undersøkelser av kulturlandskap i Grimsdalen, Dovre, Dalsida i Lesja, Fryadalen i Nord-Fron, og av barskog i Formolia og Uladalen i Sel, Oppland fylke. Miljøfaglig Utredning, rapport 1996:13. 78 s.
- Hagen, M. E., 1976a: Botaniske undersøkelser i Grøvu-området i Sunndal kommune, Møre og Romsdal. DKNVSM rapport, Botanisk Serie 1976-5. 57 s.
- Hagen, M. E., 1976b: Flora og vegetasjon i Grøvuområdet på Nordmøre. Hovedfagsoppgave i systematisk botanikk til matematisk-naturvitenskapelig embedseksamen ved Universitetet i Trondheim, høstsemesteret 1976. 188 s. + vegetasjonskart. Upubl.
- Hansen, L. & H. Knudsen (ed.) 1992. Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. - Nordsvamp, København, 474 s.
- Hansen, L. & H. Knudsen (ed.), 1997: Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphyllophoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Holten, J. I., 1979: Botaniske undersøkelser i Øvre Sunndalen, Grødalen, Lindalen og nærliggende fjellstrøk. Botaniske undersøkelser i 10-års verna vassdrag. Delrapport 1. DKNVSM rapport, Botanisk Serie 1979-7. 32 s.
- Holten, J. I. & Wilman, B. 1996: Habitat and associated species richness along altitudinal and slope gradients in Grødalen, Western Central Norway. pp. 11-18 In: Hill, M. O. (ed.): Effects of rapid climatic change on plant biodiversity in boreal and montane ecosystems. Institute of terrestrial ecology, UK natural environment research council. Report to CEC DG XII. ITE Project T07069u5. Environment 1991-1994. Contract No. EV5V-CT92-0090. Final report.
- Jenstad, E., 1989: Litt historikk om Gammelsetra. KNT-årbok 1989: 76-77.
- Jordal, J. B., 1993: Excursion guide: Grøvdalen - Åmotan. Arctic Global Change Conference Oppdal, Norway 21 - 26 August 1993. NINA (Norsk Institutt for Naturforskning). 14 s.

- Jordal, J. B., 1993: Soppfloraen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 2 1993. 189 s.
- Jordal, J. B., 1997: Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1993: Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1995: Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1996: Undersøkelser av beitemarkssopp, flora og vegetasjon i seterlandskapet i Dindalen, Unndalen, Vinstrandalen og Åmotsdalen i Oppdal, Sør-Trøndelag i 1996. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Miljøvernnavdelingen rapport nr. 6/96: 51 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1997: Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1998a: Rødlisterarter i Møre og Romsdal - planter, sopp og lav. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 3/98. 109 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1998b: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 2 - 98: 117 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1998c: Noen soppfunn i u gjødsla beite- og slåttemarker III. Agarica 15 (24/25): 29-58.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1999: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.
- Jordal, J.B. & S. Sivertsen, 1992: Soppfloraen i noen u gjødsla beitemarker i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 11 1992. 65 s.
- Jordal, J. B. & Stueflotten, S., under arbeid: Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune. Rapport, Rauma kommune.
- Jordal, J. B., Gjershaug, J. I. & Holen, A. I., 1974: Faunaundersøkelser m.m. i Grøvuoemrådet 1974. Rapport nr. 1. Rapport til Miljøverndepartementet under Prosjekt Landsplan for verneverdige områder/forekomster. 33 s. + kart og bilder. Upubl.
- Jordal, J. B., Gjershaug, J. I. & Holen, A. I., 1975: Faunaundersøkelser m.m. i Grøvuoemrådet 1975. Rapport nr. 2. Rapport til Miljøverndepartementet under Prosjekt Landsplan for verneverdige områder/forekomster. 32 s. + bilder. Upubl.
- Lid, J. & D. T. Lid, 1994: Norsk flora. 6. utgåve. Det Norske Samlaget, Oslo. Utgåve ved R. Elven. 1014 s.
- Lindström, H., J. Nitare, J.-O. Tedebrand, 1992: Ängens svampar. En sammanfattning av 1980-talets inventeringar i Medelpad. Jordstjärnan 13(2):3-54.
- Marstad, P. & Enzensberger, T. 1998: Soppfloraen ved Avdal gard og Vettismorki Utladalen landskapsvernområde, Årdal, Sogn og Fjordane. Stiftinga Utladalen Naturhus. Rapport 12 s. + vedl.
- Mogstad, L., 1964: Oversyn over fjellbeite i Møre og Romsdal. Norske fjellbeite bind X. Det kgl. selskap for Norges vel. 202 s.
- Nedkvitne, J. J., T. H. Garmo & H. Staaland, 1995: Beitedyr i kulturlandskap. Landbruksforlaget. 183 s.
- Noordeloos, M. E., 1992: Entoloma s.l. Fungi Europaei 5. Saronno, Italia, 760 s.
- Noordeloos, M. E., 1994: Bestimmungsschlüssel zu den Arten der Gattung Entoloma (Rötlinge) in Europa. IHW-Verlag. 85 s.
- Nordhagen, R., 1938: Sunndalsfjellenes hemmeligheter. Kristiansund turistforenings 50-årsberetning: 98-121.
- Rekdal, Y., 1980: Vegetasjon og produksjon på fjellbeite i Grøvudalen. Hovedoppgåve ved Norges Landbrukshøgskule. 120 s. + vedlegg og vegetasjonskart.
- Sande, J., 1972: Grøvudalen - natur og folk. Særoppgåve i historie ved Strinda gymnas. (upubl.)
- Sande, J., 1981: Tid som var. Bygdahistoria fram til 1840. Sunndalsboka bind VI. 397 s.
- Seljedal, I., 1965: Sunndalsboka. Bind 1. Sunndal - Øksendal - Ålvundeid sogelag. 399 s. + kart.
- Sivertsen, S., J. B. Jordal & G. Gaarder, 1994: Noen soppfunn i u gjødsla beite- og slåttemarker. Agarica 13 (21): 1-38.

VEDLEGG 1 - PLANTELISTER

Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Oversikta inneholder 3773 planteregistreringar på 47 lokalitetar. Beitesvæve-gr. tyder at det er funne ein ubestemt art i beitesvæve-gruppa (Hieracium seksjon Vulgata). Hårvæve-gr. tyder at det er funne ein ubestemt art i hårvæve-gruppa (Hieracium underslekt Pilosella).

Følgjande artar er uteha med feit skrift (talet på lokalitetar i parentes):

bakkesøte (23), blindurt (1), fjellmarinøkkel (8), fjellnøkleblom (5), grøvudalsvalmue (2), handmarinøkkel (2), haustmarinøkkel (2), marinøkkel (27), rabbetust (6), reinmjelt (7), sandfiol (10), småsøte (5) og snøsøte (22). I Møre og Romsdal har alle desse artane si truleg viktigaste førekomenst i undersøkingsområdet for denne rapporten (fjellgardane og seterdalane i Grøvvassdraget).

| | | | | | | |
|--------------------|-------------------|-------------------|----------------------|-------------------|-------------------|------------------------|
| Geitådalen: | harerug | ryllik | Grødalen: | ryllik | stjernestorr | lækjeveronika |
| Fahlesetra | jåblom | røsslyng | Hovensemsetra | slirestorr | stormaure | maiblom |
| bakkesøte | karve | sauesvingel | blåbær | slåttestorr | stornesle | marikåpe |
| beitemarikåpe | kattefot | skogstjerne | blåklokke | småbergknapp | sumpmaure | marinøkkel |
| blåklokke | kvitkløver | skogstorkenebb | bråtestorr | solvbunke | sølvbunke | mjødurt |
| dvergjamne | lovetann | smyle | engfiol | tepperot | tepperot | myrfiol |
| einer | marikåpe | småengkall | engfrytle | vanleg arve | trädsiv | nyserylik |
| engkvein | marinøkkel | stivstorr | engkvein | | tunrapp | pretekrage |
| engsyre | mjødurt | stornesle | engrapp | | tviskjeggveronika | raud jonsokblom |
| finnskjegg | raudkløver | solvbunke | engsoleie | | tyrihjelm | raudkløver |
| fjellaugnetrøst | ryllik | solvvier | engsyre | bekkestjerneblom | vanleg arve | raudknapp |
| fjellfiol | røsslyng | tepperot | finnskjegg | bjørk | åkersnelle | ryllik |
| fjellrekling | setermjelt | trefingerurt | fjellfiol | bleikstorr | | sauesvingel |
| fjellmarikåpe | skoggråurt | tviskjeggveronika | fjellmarikåpe | blokkebær | | setergråurt |
| fjellrapp | skogsnelle | vanleg arve | fjelltimotei | blåkoll | | skjermsvæve |
| fjellsnelle | skogstorkenebb | | følblom | duskull | | skoggråurt |
| flekkmure | slåttestorr | | Grødalen: | kjertelaugnetrøst | dvergbjørk | skogøyrkvein |
| følblom | småengkall | | Gammelsetra S | krypsoleie | ein | skogstjerne |
| harerug | søsøte | | for vegen | kvassdå | engfrytle | skogstorkenebb |
| kjertelaugnetrøst | stor myrfiol | | | kvitkløver | enghumleblom | sløkje |
| kvitkløver | stormaure | | | lækjeveronika | engkvein | slåttestorr |
| lovetann | svartstorr | | | myrfiol | engsoleie | blåklokke |
| marinøkkel | solvbunke | | | ryllik | finnskjegg | småsøte |
| musøyre | tepperot | | | røsslyng | firkantperikum | stormalmjelle |
| raudsvingel | trädsiv | | | skoggråurt | fjelltimotei | strandrøy |
| ryllik | engfrytle | | | slåttestorr | flekkmure | sumpmaure |
| røsslyng | tyrihjelm | | | engsøleie | fuglevikke | svartopp |
| sauesvingel | vanleg arve | | | småbergknapp | følblom | sølvbunke |
| setermjelt | | | Grødalen: | småsyre | enghumleblom | sølvvier |
| solvbunke | | | Gammelsetra N | solvbunke | engkvein | tepperot |
| trefingerurt | | | for vegen | flekkmure | engrapp | timotei |
| tuvearve | | | | trädsiv | engsmelle | engsøleie |
| tyrihjelm | | | | tviskjeggveronika | engsøre | tunarve |
| vanleg arve | | | | vanleg arve | gråstorr | tviskjeggveronika |
| Geitådalen: | | | Grødalen: | gulaks | gulaks | finnskjegg |
| Hafssættra | | | Mælesetra | haderug | gulskolm | fjellfiol |
| bakkesøte | | | | hårsvæve | bergrublom | fjellmarikåpe |
| bekkeblom | | | | jonsokkoll | blåbær | hegg |
| bleikstorr | | | | karve | blåklokke | fjelltimotei |
| blåklokke | | | | kjertelaugnetrøst | ein | fjellstiel |
| dvergjamne | | | | lovetann | engfrytle | flekkmure |
| einer | | | | marikåpe | engfrytle | fuglevikke |
| engfrytle | | | | raud jonsokblom | engkvein | følblom |
| engfrytle | | | | ryllik | engrapp | geitrams |
| engfrytleblom | | | | seterstorr | engsøre | grasstjerneblom |
| enghumbleblom | | | | skogstjerne | gulaks | grønvier |
| engkvein | | | | finnskjegg | gullris | gulris |
| engsoleie | | | | tviskjegg | gullris | handarinøkkel |
| engsyre | | | | tviskjeggveronika | gullris | blåklokke |
| finnskjegg | | | | vanleg arve | gullris | hårfrytle |
| fjellaugnetrøst | | | | | gullris | hårsvæve-gr. |
| krekling | | | | | gullris | jonsokkoll |
| fjellfiol | | | | | gullris | kattefot |
| fjellfrostjerne | | | | | gullris | kjertelaugnetrøst |
| fjellrekling | | | | | gullris | krekling |
| fjellrapp | | | | | gullris | finnskjegg |
| fjelltimotei | | | | | gullris | fjellfiol |
| følblom | | | | | gullris | fjellmarikåpe |
| grønvier | | | | | gullris | fjellmarinøkkel |
| grønvier | | | | | gullris | fjelltimotei |
| gulaks | | | | | gullris | følblom |
| gulaks | | | | | gullris | groblad |

| | | | | | | |
|--------------------|----------------------|--------------------|--------------------------|------------------------|--------------------------|--------------|
| gulaks | myrfiol | fjellsnelle | | bergveronika | myrtevier | gulaks |
| harerug | myrhatt | fjellstjerneblom | Grøvudalen: | bjønnbrodd | norsk malurt | harerug |
| hårsvæve-gr. | myrmjølke | fjellstorr | Fægran | bjørk | perlevintergrøn | marikåpe |
| kjeldemarikåpe | myrsaulauk | fjelltimoeti | | blankstorr | rabbesiv | musøyre |
| kjertelaugnetrøst | norsk malurt | flekkmure | bakkesøte | bleikvier | rabbetust | rypebær |
| kvitkløver | perlevintergrøn | følblom | | blokkebær | raudsildre | sauesvingel |
| kvitmaure | rabbesiv | geitsvingel | bjørk | blåbær | raudsingel | smyle |
